Gjennomsnittsalderen øker i de fleste kommuner i Midt-Norge, og trykket på helsetjenesten øker også fra de yngre innbyggerne. Det medfører at det blir stadig færre yrkesaktive for hver tjenestemottaker. Helsepersonell må derfor få mulighet til å jobbe smartere og mer effektivt, i tillegg til at innbyggere må involveres tettere i egen helse. Helseplattformen har definert følgende 11 effektmål for Helseplattformen:

1. **Høyere behandlingskvalitet** og færre pasientskader.
2. Tilgang til **kontinuerlig oppdatert klinisk kunnskap** basert på beste praksis.
3. Innbyggerne i Midt-Norge får **enkel tilgang til egen journal** og større mulighet til å påvirke eget behandlingsforløp.
4. **Bedre samhandling** i og mellom primær- og spesialisthelsetjenesten.
5. **Bedre data- og informasjonsgrunnlag** for forskning og innovasjon.
6. Økt effektivitet og **bedre ressursbruk.**
7. Bedre styringsinformasjon som **grunnlag for kvalitets- og forbedringsarbeid** i daglig drift.
8. **Redusert tidsbruk** på dokumentasjon og leting etter helseopplysninger.
9. Tilfredsstille **nasjonale krav og standarder.**
10. Innbyggerne i Midt-Norge skal gis mulighet til å **bo lengre i egen bolig.**
11. Behovet for offentlig tjenesteyting skal reduseres ved at tjenester som tilbys gjennom generiske forløp ivaretar en **helhetlig funksjonsvurdering.**

Disse effektmålene vil i arbeidet fremover operasjonaliseres i mer tydelige resultatmål også for den enkelte kommune som en del av arbeidet med gevinstplanlegging i prosjektet fremover. De kommunale gevinstene er grovt skissert slik:




Disse gevinstene er ikke konkretisert ennå, men en indikasjon kan fås gjennom referanse 1: Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgstjeneste», kapittel 3, 4 og 6. Trondheim Kommune har startet sitt arbeid med gevinstanalyser, og det er naturlig å koble seg på dette.

*Organisering*

Helseplattformen-prosjektet i Romsdal vil utgjøre en del av det helhetlige prosjektet som kjøres i Midt-Norge. Det øverste organet for opsjonskommunene er Samarbeidsrådet, der hvert fylke er representert ved 2 rådmenn og en fagperson. Rådmann i Molde, Arne Sverre Dahl, er en av rådmennene fra Møre og Romsdal i Samarbeidsrådet. Hver kommuneregion utpeker en person til å delta i en «regional arbeidsgruppe». For Romsdal deltar prosjektleder Helge Storøy. Det etableres lokale arbeidsgrupper i hver kommune.

I Romsdal har rådmennene tatt utgangspunkt i følgende organisasjonsmodell:



En nærmere bekrivelse av hvert element finnes i vedlegg 1.

*Økonomi*

Det er fire nivåer å kommentere knyttet til økonomi:

*Kostnader knyttet til selve anskaffelsen og innføringen av Helseplattformen*

Disse kostnadene er ikke kjent på dette tidspunktet, siden Helseplattformen er i en anskaffelsesfase frem til april 2019. Det gjennomføres også forhandlinger i forhold til kostnadsfordelingen mellom kommunene og spesialisthelsetjenesten.

*Kostnader knyttet til prosjektledelse og det sentrale prosjektet i Romsdal*

Hovedkostnadene for prosjektet i Romsdal er knyttet til prosjektledelse, administrasjon og frikjøp av fastleger. Det er i utgangspunktet forutsatt at disse kostnadene dekkes av eksterne midler, unntak fra dette blir behandlet i styringsgruppen. Det ble i mars 2018 søkt om skjønnsmidler fra Fylkesmannen i Møre og Romsdal for dette, og Fylkesmannen har tildelt følgende midler for 2018 og 2019:

- 2018: kr. 250.000
- 2019: kr. 1.000.000

I tillegg finansierer ROR kr. 300.000 til frikjøp av fastleger gjennom søknad til GassROR IKS.

*Intern ressursbruk i egen kommune*

Det er ikke et eksplisitt krav om egeninnsats knyttet til de tildelte midlene. Men for at prosjektet skal lykkes må hver kommune involveres tett både i forhold til informasjons- og forankringsarbeid, prosessarbeid og annet arbeid knyttet til prosjektet. Det er for tidlig å estimere hvilken innsats som kreves i 2019, men det vil i hovedsak knyttes til bred informasjon og involvering av fagspesialister og IT. Den største innsatsen vil komme når Helseplattformen faktisk skal rulles ut i forhold til opplæring, innføring og bytte av alle kommunens journalsystemer, som er en krevende jobb. Dette vil trolig skje i 2022, men dette tidspunktet kan komme til å endres når hele den Midt-Norske utrullingsplanen er lagt også for spesialisthelsetjenesten.

*Helseplattformen i statsbudsjettet*

Helseplattformen er omhandlet i statsbudsjettet (jfr Prop. 1S (2018-2019) punkt 2.2):

> *Det foreslås til sammen 575 mill. kroner i lån og tilskudd til Helseplattformen i 2019. … For å sikre finansiering av Helseplattformen vil Helse Midt-Norge bli gitt et lån tilsvarende 70 pst. Av investeringskostnaden for spesialisthelsetjenesten, med en lånebevilgning på 465 mill. kroner i 2019. I tillegg vil det bli etablert en tilskuddsordning tilsvarende 100 pst. av den faste investeringskostnaden for kommunene og fastlegene, med en bevilgning på 110 mill. kroner i 2019. Dette er et tilskudd som skal betales tilbake med renter etter hvert som kommuner og fastleger tar i bruk løsningen. Ordningen er etablert for å legge til rette for deltakelse fra kommuner og fastleger i Midt-Norge, slik at verken Helse Midt-Norge eller de kommunene som går inn i prosjektet skal bære risikoen for manglende deltakelse. Regjeringen vil komme tilbake til låneramme og tilskuddsramme etter at avtale om kjøp av løsningen er inngått.*

Dette tydeliggjør at Helseplattformen er en del av vår nasjonale strategi, og har som hovedhensikt å sikre at prosjektet har den nødvendige finansiering for å kunne komme i gang, uavhengig av hvor mange opsjonskommuner som tiltrer fra start. For kommunene i Romsdal kan det bety en enklere vei til finansiering av eventuelle «pukkelkostnader» knyttet til investeringen.

*Status*

I Romsdal finnes det god kompetanse på Helseplattformen, og flere personer har arbeidet med Helseplattformen i de siste årene:

- Jan Morten Dale (Fræna) arbeidet 100% i Helseplattformen-prosjektet fra 2016 til august 2018.
- Britt Rakvåg Roald representerte ROR i styret i Helseplattformen fra 2015 til 2017.
- Arne Sverre Dahl er medlem i Samarbeidsrådet for opsjonskommunene.
- Thormod Spilling (ROR-IKT) har deltatt i IKT referansegruppe for Helseplattformen fra 2017.
- Helge Storøy har vært involvert fra leverandørsiden fra 2014 til 2017.
- Mange fagpersoner fra flere kommuner har aktivt bidratt i kravspesifisering og andre aktiviteter.

I september 2018 ba Trondheim alle opsjonskommunene om å identifisere regionale kontaktpersoner og lokale arbeidsgrupper, og å starte arbeidet med Helseplattformen i egne kommuneregioner. Rådmennene i ROR etablerte da en aktivitet i ROR-regi for å starte et prosjekt i Romsdal på Helseplattformen, utnevnte en prosjektleder og startet arbeidet i hver kommune.

Prosjektet har god kontakt med tilsvarende prosjekt i hele Midt-Norge, samarbeider godt med Sunnmøre og Nordmøre, og i tillegg med spesialisthelsetjenesten. Det arbeides også med hvordan fastlegene skal involveres.

*Vurdering og anbefaling*

Det er ikke nødvendig å ta stilling til om kommunen skal utløse opsjon på Helseplattformen på dette tidspunktet, siden både kostnads- og gevinstbildet ikke er kjent. Bystyret i Trondheim skal etter planen behandle saken i mars 2019. Kommunestyret vil inviteres til å ta stilling til utløsing av opsjonen på et senere tidspunkt.

I første omgang må kommunestyret gi sin støtte til å delta i et samlet prosjekt for Romsdal rundt Helseplattformen som i utgangspunktet skal være eksternt finansiert, og akseptere rollen som prosjekteier for prosjektet.

Det er rådmannens anbefaling at Aukra kommune blir med i dette prosjektet. Dette prosjektet markerer et kvantesprang i digitaliseringen av hele helse- og omsorgstjenesten, som kan gi en signifikant forbedring i hvordan Helse- og Omsorgstjenester utøves både i kommuner, sykehus, hos fastleger og ved innbyggerne selv. Midt-Norge får en sentral posisjon i Norge som eneste område der målbildet for én innbygger – én journal innføres - som en regional utprøving på vegne av hele landet.

*Referanse*


1. Fra Direktoratet for e-helse, Konseptvalgutredning: «Nasjonal løsning for kommunal helse-og omsorgstjeneste» (https://ehelse.no/strategi/n-innbygger-n-journal/nasjonal-journallosning-for-kommunal-helse-og-omsorgstjeneste )

**Administrative konsekvensar:**

Bruk av personalressursar innanfor vedtekne rammer i 2019. Rådmannen kjem eventuelt tilbake med ytterlegare behov i seinare budsjett.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen konsekvensar ut over vedteke budsjett i 2019. Rådmannen kjem eventuelt tilbake med ytterlegare behov i seinare budsjett. Dersom kommunestyret vedtek å utløyse opsjon for Helseplattformen, vil det ha ein kostnad.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Jan Erik Hovdenak
Kommunalsjef

# Helseplattformen i Romsdal:
## Bakgrunn, status, organisering

Kommunestyremøte Aukra, 5. februar 2019

Helge Storøy, prosjektleder Helseplattformen i Romsdal

ROMSDAL REGIONRÅD

HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

# Vi har en av verdens beste helsetjenester
## - men…

## Pasienten

# Jeg er IKKE i sentrum



Dagens situasjon

## 1. Jeg har ikke oversikt



## 2. Jeg må stadig gjenta historien min



## 3. Jeg vil delta mer selv




## 4. Jeg får ikke alltid riktig behandling



## Helsepersonell

# Jeg ser **IKKE** hele pasienten



### 1. Jeg har ikke tilgang på nødvendig informasjon



### 2. Jeg bruker mye tid på lete etter og oppsummere informasjon




### 3. Jeg mangler god støtte til å avgjøre videre forløp




### 4. Jeg bruker mye tid på å samhandle med andre




Dagens situasjon

# Leder i kommunen

**Jeg vet ikke om vi leverer tjenester med høy kvalitet.**

**Vi mangler verktøy og oversikt for å kunne...**



Dagens situasjon

## 1. ... gjennomføre forbedringer og ivareta pasientsikkerhet




## 2. ...styre ressurser på en god måte




## 3. ...planlegge opplæring og videreutdanning




## 4. ...velge forebyggende tiltak i befolkningen



# Utfordringen – og løsningen

DET KONGELIGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

# Meld. St. 9

(2012–2013)

Melding til Stortinget

# Én innbygger – én journal

## Digitale tjenester i helse- og omsorgssektoren

# Helseplattformen: banebrytende arbeid i Midt-Norge

- For første gang etableres en **felles journalløsning** for helsetjenesten
- Midt-Norge er regional utprøvingsarena for det nasjonale målbildet "Én innbygger – én journal"
- Eiere er Helse Midt-Norge og Trondheim kommune
- Anskaffelsen bygger på bred helsefaglig involvering fra alle områder i helsetjenesten
- Konkurransepreget dialog pågår, en leverandør gjenstår, Epic, og kontrakt signeres i mars 2019




HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

# Én felles løsning med pasientens journal i sentrum

Spesialist



Kommunale institusjoner



Fastlege





Pleie og omsorg



# Alle kommuner i regionen er med på laget

## Helseplattformen

| Helse Midt-Norge RHF | Trondheim kommune | Øvrige kommuner i Midt-Norge | Fastleger og avtalespesialister |
|---|---|---|---|
| Felles eierskap | Opsjonsavtaler med alle kommuner | | Mulighet for kjøp (private aktører) |

- 84 kommuner
- 8 sykehus
- 40.000 ansatte
- 720.000 innbyggere

Helse Midt-Norge og Trondheim kommune eier programmet

Kommunene bærer ingen risiko ved anskaffelsen, men velger om de vil utløse opsjonen og ta i bruk løsningen

Fastleger og spesialister vil få tilbud om å kjøpe løsningen




HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste



«Det er trolig i Midt-Norge vi først vil se innføringen av Én innbygger - én journal og de fantastiske mulighetene det gir for ansatte og pasienter»

*Bent Høie, Hemit-konferansen 2018*

# Helseplattformen og nasjonale prosesser: «Veikartet» for Én innbygger – én journal

1. Etablering av Helseplattformen i region Midt-Norge

2. Videreutvikling av eksisterende løsninger i spesialisthelsetjenesten i Helse Nord, Helse Vest og Helse Sør-Øst

3. Etablering av en nasjonal løsning for kommunal helse- og omsorgstjeneste for kommunene utenfor Midt-Norge




HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

# Hva skal vi oppnå? (effektmål)

- Bedre behandlingskvalitet – **færre pasientskader**
- **Mindre dobbeltarbeid** – data legges inn én gang
- **Bedre datagrunnlag** for forskning og innovasjon
- Styringsverktøy for **bedre ressursbruk**
- Beslutningsstøtte – **redusere variasjon**
- **Bedre samhandling** kommune – sykehus - fastlege
- Se hele pasienten – **helhetlig vurdering**
- Lettere **innsyn** i egen journal
- Myndiggjøre pasienten – **bo lengre i eget hjem**







HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

# Tentativ tidslinje for innføring av Helseplattformen




HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

# Samarbeidsrådet for opsjonskommuner

- Alle kommunene i M&R og Trøndelag har opsjonsavtale knyttet til Helseplattformen
- For å ivareta disse kommunenes interesser er Samarbeidsrådet for opsjonskommuner etablert, med representanter fra hele regionen
- Samarbeidsrådet er sammensatt med to rådmenn og en faglig utnevnte representanter per tidligere fylke (M&R, Nord og Sør – Trøndelag)
- sikre at innspill fra opsjonskommunene vurderes i programorganisasjonen

***Samarbeidsrådet skal bidra til å sikre involvering og forankring i alle opsjonskommuner.***

HELSEPLATTFORMEN
for pasientens helsetjeneste

# Helseplattformen i Romsdal

# Organisering i Romsdal



# Status og veien videre

- Opprette arbeidsgrupper, starte prosessarbeid
- Styring og ledelse
- Samhandling med fastleger og Helseforetak
- Forankring og informasjon
- Politisk behandling

# Muligheter

ONSDAG 19. SEPTEMBER 2018

Tidsskriftet
DEN NORSKE LEGEFORENING

Årets tidsskrift 2018



# *Helse-Norge bør samles rundt ett IT-system*

… Helse Midt-Norge bør få de nødvendige ressursene til å gjennomføre en vellykket innføring av et nytt, moderne pasientjournalsystem med beslutningsstøtte for både sykehus og primærhelsesektoren. Dernest bør dette innføres i de andre helseregionene, én etter én, til vi ender opp med ett felles pasientdatasystem for hele Norge.



# Mer informasjon?

www.helseplattformen.no

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2013/796-24<br>Arkiv: 144<br>Saksbeh: Ingunn Misund<br>Dato: 08.01.2019 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 4/19 | Administrasjonsutvalet | 28.01.2019 |
| 3/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 4/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

## Forslag til revidert plan for likestilling og mangfold 2019 - 2023

### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek revidert Plan for likestilling og mangfald 2019 – 2023.

### Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 28.01.2019

### Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

### Uttale frå administrasjonsutvalet:

Som tilrådinga frå rådmannen

### Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019

### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

### Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen

Vedlegg
1 Plan for likestilling og mangfold 2019 - 2023

**Særutskrift:**

**Bakgrunn:**

Gjeldande Plan for likestilling og mangfald vart vedteke i kommunestyret i juni 2014 og skulle bli revidert i 2018.

**Utgreiing:**

Den førre planen bygde på 3 lover, Likestillingslova, Diskrimineringslova og diskriminerings- og tilgjengelegheitslova. I ny lov av juli 2018 vart desse 3 lovene slått saman til ei lov: Lov om likestilling og forbod mot diskriminering. Den nye planen er difor ikkje oppdelt etter 3 lovverk. Andre endringar som er gjort i planen i forhold til foregåande er oppdaterte tall i tabellar. Talla er henta frå kommunen sin årsrapport 2017 og likestillingsindeksen.no. Elles er det berre mindre endringar i forhold til gjeldande plan. Punktet «utvikle kjønnsdelt lønnsstatistikk fordelt på ulike tenesteområde» i «Slik gjer vi det» er tatt ut da en slik oversikt er å finne i årsrapporten for 2017 og dermed eit oppnådd mål. Dei andre målsettingane er kontinuerlige målområde å jobbe mot.

Den reviderte planen vart teke opp i møte med hovudtillitsvalde haust 2018 og sendt ut på høyring til alle hovudtillitsvalde, eningsleiarane, Eldrerådet, Rådet for likestilling av funksjonshemma og Ungdomsrådet i novemer 2018. Det kom inn to svar: Frå udanningsforbundet og Rådet for likestilling av funksjonshemma.

Utdanningsforbundet v/Merete Ilestad Varhaugvik:

Revisjon Plan for likestilling og mangfald

<u>3. Aktivitets- og utgreiingsplikta i offentleg sektor</u>

a) Korleis skal ein undersøke (ros analyse, eller anna verktøy), kor ofte skal ein undersøke, kven har ansvaret for å undersøke. Her blir det brukt arbeidsgjevar innanfor si verksemd, er det einingsleiar som er tenkt?

Underbokstav d) blir det henvist til andre ledd, er det bokstav b) over eller ein anna plass i dokumentet?

<u>5.3 Kjønnsfordeling etter område</u>

Kvar er punkt 5.1 og 5.2?

<u>6. Oversikt over tilsette fordelt på einingar, kjønn, heiltid/deltid</u>

Her bør det vel kome med i headingen at tabellen også har med kvar arbeidstakarane kjem frå.

Når er informasjonen i denne tabellen innhenta?

Ein bør presisere kva ein meinar med europeiske arbeidstakarar.

Ikke Europa – bør vel vere lik slik at det blir ikkje europeiske arbeidstakarar.

Kva er meint med administrasjon total?

<u>Side 8, 2. avsnitt</u>: her blir det referert til ein plan som ikkje er vedtatt enda.

<u>Side 8, 5. avsnitt</u>: Her blir særleg skole og arbeidsliv trekt fram. Men det er vel viktig også i bhg og på fritidsarenaer.

<u>Side 8, 6. avsnitt</u>: Den første setninga bør strykast. Dette er noko som kan endre seg så snart at det er ikkje heldig å ha det i ei plan som skal vare i 4 år.

<u>7. Generelt</u>

Ei plan bør vere så kortfatta som mogleg. Denne delen kan med fordel takast ned og heller lage ei liste over tiltak, istaden for å beskrive alle tiltaka.

I denne plana blir det blanda saman rollene til Aukra kommune. Det blir noko om Aukra kommune som arbeidsgjevar og noko om Aukra kommune som skal ta i vare sine innbyggarar. Dette bør skiljast og markerast kva som er kva.

*Rådmannens kommentar*:
Redegjørelse for arbeid med likestilling skal vere med i kommunen sin årsrapport. (§26a)
Bokstav d: Står vurdere arbeidet etter bokstav a til c.
5.3 Kjønnsfordeling etter område – mangler 5.1 og 5.2
Redigeringsfeil. 5.1 er Likestillingsindeksen og 5.2 er Kjønnsfordeling etter område. Rettet i vedlagte utgåve.
Oversikt over tilsette fordelt på einingar, kjønn, heiltid/deltid: tabellen er hentet frå kommunen sin årsrapport 2017.
Europeiske arbeidstakarar: Tilsette frå Europa
Administrasjonen totalt: Administrasjon på kommunehuset (Rådmannsteam, økonomi, serviceavd og org avd).
Side 8 2. avsnitt: Trykkfeil på årstall. Skal vere gjeldande samfunnsplan Retta

Uttale frå Rådet for likestilling av funksjonshemma v/Katrine Rindarøy
RLF ber om å bli tatt med i eit arbeidsmøte før rullering av neste plan.
Høyringsuttale frå RLF:
«RLF synest det er positivt at det arbeides med en heltidkultur i Aukra kommune. Derimot er vi uroa over at setningen «Det vert arbeidd med ulike turnusordningar som i større grad kan bidra til at det er muleg å tilby fulle stillingar» kan innebære en satsing på lange vakter for de ansatte i insitusjons- og hjemmetenestene. Dette er en vaktform som vi ser er diskriminerende for arbeidstakere som ikkje har helse eller en livssituasjon til å jobbe 12 timers vakter, men som kan jobbe ordinære vakter på 7,5 timer. Det er også vist at feil skjer dobbelt så ofte på vakter over 8 timer, f.eks. med utdeling av medisiner.

Vi ser også at økt grunnbemanning vil være med på å gi fulle stillinger. Rapporter fra kommuner som har innført økt grunnbemanning viser at sjukefraværet har gått ned.

På grunnlag av dette, ønskjer vi at dette tas med i planen.

**Endringsforslag:**
Setningen «Det vert arbeidd med ulike turnusordningar som i større grad kan bidra til at det er muleg å tilby fulle stillingar» blir endret til «Det vert arbeidd med ulike turnusorningar og auka grunnbemanning som i større grad kan bidra til at det er muleg å tilby fulle stillingar»

*Rådmannens kommentar:* Setninga side 6 kan ikkje bli tillagt eigne meiningar. Endringsforslaget høyrer ikkje til i en likestillingsplan. Kommunestyret har allereie vedteke Retningslinjer for heiltidskultur. Auka grunnbemanning må ha eit politisk vedtak da det inneber oppretting av nye stillingar.

**Administrative konsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Rannveig H. Sporsheim
Personalsjef

# Plan for likestilling og mangfald i Aukra kommune

2019 -2023

E-phorte: 13/796-

Vedteken:

# PLAN FOR LIKESTILLING OG MANGFALD

## 1. Innleiing

Alle arbeidsgjevarar, offentlege myndigheiter og arbeidslivsorganisasjonar er pålagt ved lov å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering.

AKTIVT : Setje i verk konkrete tiltak

Målretta: Definere måla for arbeidet og kven som er ansvarleg

Planmessig: Utarbeide strategi og følgje denne

## 2. Lov om likestilling og forbod mot diskriminering

Loven sitt føremål er å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel eller adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, alder og andre vesentlege forhold ved ein person.

Med likestilling meines likeverd, like mulegheiter og like rettar. Likestilling føresett tilgjengelegheit og tilrettelegging.

Loven tar særleg sikte på å betre kvinner og minoritetar si stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapte funksjonshemmande barrierar, og hindre at nye vert skapt.

Forbodet omfattar og diskriminering på grunn av eksisterande, medrekna, tidlegare eller framtidige forhold som nemnd over.

*Direkte forskjellsbehandling*
Med direkte forskjellsbehandling meines at ein person blir behandla dårlegare enn andre blir, har blitt eller ville blitt behandla i ein tilsvarande situasjon, på grunn av forhold som nemnd i første avsnitt.

*Indirekte forskjellsbehandling*
Med indirekte forskjellsbehandling meines ei kvar tilsynelatande nøytral avgjerd, føresetnad, praksis, handling eller unnlating som vil stille personar dårlegare enn andre, på grunn av forhold som nemnd.

*Lovlig forskjellsbehandling*
Forskjellsbehandling er ikkje i strid med forbodet når den

a) har eit sakleg føremål
b) er naudsynt for å oppnå føremålet
c) ikkje er uforholdsmessig inngripande overfor den eller dei som vertforskjellsbehandla.

*Lovleg forskjellsbehandling på grunn av graviditet, fødsel, amming og permisjon ved fødsel eller adopsjon* er berre tillete der forskjellsbehandlinga er naudsynt for å beskytte kvinna, fosteret eller barnet i samband med graviditet, fødsel eller amming, eller der det ligg føre openberre grunnar.

Forskjellsbehandlinga må ikkje vere uforholdsmessig inngripande overfor den som blir forskjellsbehandla.
Ved tilsetting og oppseiing er forskjellsbehandling på grunn av graviditet, fødsel, amming og permisjon ved fødsel eller adopsjon aldri tillate. Dette gjeld og ved forlenging av midlertidig stilling.

**Adgang til positiv særbehandling**

Positiv særbehandling på grunn av forhold er tillatt om:

a) særbehandlinga er eigna til å fremme lovens formål
b) det er eit rimeleg forhold mellom føremålet man ønsker å oppnå og kor inngripande særbehandlinga er for den eller dei som blir stilt dårlegare og
c) særbehandlinga tar slutt når formålet med den er oppnådd.

***Brudd på plikta til universell utforming eller individuell tilrettelegging***

Brudd på universell utforming og individuell tilrettelegging regnes som diskriminering.

***Forbud mot å trakassere***

Med trakassering meines handlingar, unnlatingar eller ytringar som har som formål eller verknad å vere krenkande, skremmande, fiendtlege, nedverdigande eller audmjukande.

Med seksuell trakassering meines kvar form for uønska seksuell merksemd som har som formål eller verknad å vere krenkande, skremmande, fiendtleg, nedverdigande, audmjukande eller plagsam.

Forbodet omfattar trakassering på grunn av eksisterande, pårekna, tidlegare eller framtidige forhold.

## 3.Aktivitets- og utgreiingsplikta i offentleg sektor

Alle arbeidsgjevarar skal, innanfor si verksemd, arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel og adopsjon, omsorgsoppgåver, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Arbeidet skal blant anna omfatte rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremming, utviklingsmulegheiter, tilrettelegging, mulegheit for å kombinere arbeid og familieliv og førebygging av trakassering. I alle offentlege verksemder skal arbeidsgjevar innanfor si verksemd:

a) undersøke om det finns risiko for diskriminering eller andre hinder for likestilling
b) analysere orsakane til identifiserte risikoer,
c) sette i verk tiltak som er egna til å motvirke diskriminering, og bidra til auka likestilling og mangfald i verksemda og
d) vurdere resultat av arbeidet etter bokstav a til c.

Arbeidet som er nemnd i andre ledd skal skje fortløpande og i samarbeid med dei tilsette sine representantar. Alle arbeidsgjevarar skal utgreie:

a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling i verksemda
b) likestillingstiltak som er sett i verk og som blir planlagt sett i verk for å fremme loven sitt formål om likestilling uavhengig av kjønn

Arbeidsgjevarar i offentleg sektor skal gjøre greie for likestillingstiltak som er sett i verk og som er planlagt sett i verk for å fremme loven sitt formål om likestilling uavhengig av etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsetting, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Redegjørelsesplikten gjelder for virksomheter som i lov er pålagt å utarbeide årsberetning. Desse skal ta redegjørelsene inn i verksemda si årsmelding.

**Kommunelova § 48. Årsregnskap og årsberetning**

Det skal også bli utgreidd kva for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre ein trygg kontroll og ein høg etisk standard i verksemda. Det skal bli gjort greie for den faktiske tilstanden når det gjeld likestilling i kommunen.

Forbodet mot diskriminering gjeld alle sider av eit arbeidsforhold. Dette omfattar blant anna utlysing av stilling, tilsetting, omplassering, forfremming, opplæring og kompetanseutvikling, lønns- og arbeidsvilkår og opphøyr av stilling.

**Kjønnsbalanse i offentlege utval.**

Når eit offentleg organ oppnemner eller vel utval, styrer, råd, nemnder, delegasjonar mv, skal begge kjønn vere representert på følgande måte:

- har utvalet to eller tre medlem, skal begge kjønn vere representert
- har utvalet 4 eller 5 medlem , skal kvart kjønn vere representert med minst 2
- har utvalet 6-8 medlem skal kvart kjønn vere representert med minst 3

Dette gjeld og ved oppnemning og val av varamedlem. For folkevalde organ i kommunar, gjeld kommunelova.

### 4. Visjon og Overordna mål for Aukra kommune

**Visjonen er å fremje full likestilling mellom kvinner og menn. Kjønnsperspektivet skal vere ein integrert del av all aktivitet i kommunen. Aukra kommune vil arbeide for å motverke alle formar for diskriminering.**

**Målet med planen er å oppnå ein kjønnsbalanse så nær 40/60 innanfor så mange yrkesgrupper i kommunen som muleg. Aukra kommune vil arbeide for ein kultur som inkluderer, tek i vare og verdset begge kjønn likt uansett verdisyn, funksjonsevne og seksuell orientering.**

## 5. Likestilling i Aukra

Likestilling mellom kvinner og menn kan verte belyst på mange vis. Likestillingsindeksen forsøker å samanfatte ulike mål på likestilling. Den viser i kva for grad kvinner og menn deltek i politikk, utdanning og yrkesliv i den einskilde kommune. Indeksen er utrekna på grunnlag av barnehagedekning, tal på kvinnelege kommunestyrerepresentantar, tal på kvinner pr 100 menn 20-39 år, kvinner og menn sitt utdanningsnivå, deltaking i arbeidsstyrken og inntekt.

## 5.1 Likestillingsindeks for Aukra kommune 2016

| | 2016 | 2015 | landsgjsnitt 2016 |
|---|---|---|---|
| Barnehagedekning 1-5 år | 87,1 | 89,9 | (91,1) |
| Kvinneandel kommunestyrerepresentantar | 38,1 | 38,1 | (39,0) |
| Andel menn med høgare utdanning | 19,3 | 19,3 | (29,1) |
| Andel kvinner med høgare utdanning | 31,0 | 31,0 | (36,3) |
| Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken | 85,9 | 86,5 | (83,4) |
| Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken | 79,6 | 80,3 | (77,5) |
| Gj.snitt brutto inntekt menn | 531.700 | 549.000 | (522.900) |
| Gj.snitt brutto inntekt kvinner | 328.600 | 327.900 | (359.000) |
| Andel sysselsatte menn som jobbar deltid (prosent) | 17,7 | 20,7 | (12,5) |
| Andel sysselsatte kvinner som jobbar deltid (prosent) | 41,2 | 47,4 | (36,8) |
| Andel fedre som tek ut heile fedrekvoten eller mer foreldrepengeperioden | 72,2 | 73,0 | (69,7) |
| Andel kvinner blant sysselsatte (20-66 år) i offentleg sektor (prosent) | 79,6 | 78,7 | (70,1) |
| Andel kvinner blant ledere (20-66 år) | 38,6 | 37,1 | (35,3) |
| Andel menn blant ledere (20-66 år) | | | (64,7) |
| Andel kvinner blant sysselsatte privat sektor (20 – 66 år) (prosent) | 29,8 | | (36,5) |
| Grad av kjønnsbasert næringsstruktur | 0,46 | 0,46 | (0,68) |

**Grad av kjønnsbasert næringsstruktur** er eit mål på kor stor del av befolkninga som arbeider i ei næring der det er kjønnsbalanse (mellom 40 og 60 % kvinner eller menn)

Aukra kommune har ein relativt høg andel av innbyggarane sysselsett. Tabellen viser at talet på kvinner i offentleg sektor framleis er høg, 79,6 %, og er igjen på same nivå som i 2014. Gj.snitts-inntekta til kvinner er lågare enn til menn og under landsgjennomsnittet.

Aukra kommune har om lag 450 tilsette, 79 % er kvinner. Av desse jobbar 38,7 % heiltid og 61,3 % deltid. At talet på kvinner i offentleg sektor er så høg, kan på sikt verte ei utfordring for kommunen.

Aukra har eit kvinneunderskot i befolkninga, men dette er redusert fram mot 2018 og viser soleis ein positiv trend. Kommunen har framleis eit innvandraroverskot av menn. (fylkesstatestikk Møre og Romsdal 2017)

Likestillingsindeksen viser og at delen av  fedrar som tar ut heile fedrekvoten er høgare i Aukra kommune enn for landsgjennomsnittet. Dette er framleis ei positiv utvikling.

Aukra kommune har, som mange andre kommunar, systematiske ulikheiter som at menn er i mindretal i barnehagar og skolar. Det same gjeld innanfor Pleie- og omsorgssektoren.  Når det gjeld dei "harde yrka" som ingeniørar, planleggarar og teknisk eining, er det stor overvekt av menn. Dette speglar i stor grad det tradisjonelle rollemønsteret kor kvinner sine yrkesval speglar dei mjuke verdiar og menn sine val dei harde verdiar.

### 5.2 Kjønnsfordeling etter område

| | 2015 | | 2016 | | 2017 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** | **Menn** | **Kvinner** |
| Sentrale styringsorgan | 4 | 14 | 4 | 13 | 5 | 14 |
| Oppvekst og kultur | 30 | 169 | 36 | 157 | 38 | 153 |
| Helse, omsorg og velferd | 28 | 161 | 27 | 147 | 28 | 156 |
| Plan, utbygging og teknikk | 33 | 7 | 39 | 24 | 34 | 22 |
| **Total** | **95** | **351** | **106** | **341** | **105** | **345** |
| I prosent | 21 % | 79 % | 24 % | 76 % | 23 % | 77 % |
| Leiargruppa | 6 | 12 | 6 | 13 | 6 | 13 |

Innanfor PLO med 140 tilsette, er det få  som ynskjer å jobbe meir. Dei fleste har no fått den stillingsstorleiken dei ønsker. Undersøkinga viser at 63 % av dei tilsette i Pleie- og omsorg arbeider deltid.  PLO har og ein utstrakt bruk av vikarar for å dekke  arbeidsmengda.  Desse kjem ikkje med i oversikta. Det vert arbeidd med ulike turnusordningar som i større grad kan bidra til at det er muleg å tilby fulle stillingar.

Aukra kommune har ein relativ god barnehagedekning. Sjølv om tabellen viser noko anna, er tala her frå 2016. Opptaket 2018/2019 visar full barnehagedekning både på Gossa og på Julsundet. Alle barn med rett til barnehageplass har fått tilbod.

Talet på menn som arbeider i barnehagesektoren er særs låg. Berre ein mann tilsett i kvar barnehage. Å auke denne andelen er ei stor utfordring for barnehagesektoren. Det er viktig for barna å ha både kvinner og menn som rollemodellar. I Handlingsplan for likestilling i barnehagar og grunnopplæring 2008-2010 var målet at 20 % av dei tilsette i barnehagen skal vere menn. Likestillingsarbeidet er eit systematisk og langsiktig haldningsarbeid og krev medverknad frå leiarar, lærarar og anna pedagogisk personell , foreldre og barnehageeigar (kommunen). Ved positiv særbehandling kan det underrepresenterte kjønn bli føretrukke når kvalifikasjonskravet er oppfylt.

Dei same problemstillingar gjeld for undervisningssektoren og for Pleie- og Omsorgssektoren.

NAV , som eit samvirke mellom stat og kommune, har og berre kvinnelege tilsette.

På desse områda er det berre eit planmessig arbeid som kan bidra til endringar.

## 6. OVERSIKT OVER TILSETTE FORDELT PÅ EININGAR, KJØNN, HEILTID/DELTID

| Eining | Totalt antall tilsette | Totalt antall tilsette | | Full stilling | | Deltid | | europeiske Arb takere | | Ikke Europa |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Menn | kvinner | Menn | kvinner | Menn | Kvinner | Menn | Kvinner | |
| Administrasjon total | 16 | 5 | 11 | 5 | 7 | 0 | 4 | 0 | 1 | |
| Kultur | 15 | 4 | 11 | 2 | 6 | 2 | 5 | | 2 | |
| Gossen barne- og ungdomsskole | 62 | 12 | 50 | 9 | 33 | 3 | 17 | | 2 | |
| Julsundet skole | 32 | 7 | 25 | 7 | 14 | 0 | 11 | 0 | 0 | 1 |
| Bergetippen barnehage | 18 | 1 | 17 | 1 | 14 | 0 | 3 | 0 | 0 | |
| Barnebo barnehage | 35 | 1 | 34 | 1 | 23 | 0 | 11 | 0 | 0 | |
| PLO | 140 | 15 | 125 | 6 | 26 | 7 | 99 | | 1 | |
| Innvandring og integrering | 32 | 15 | 17 | 15 | 17 | 0 | 0 | 1 | | 7 |
| Teknikk, eiendom, brann | 46 | 27 | 19 | 13 | 2 | 17 | 16 | 2 | 6 | 4 |
| Plan og utvikling | 5 | 3 | 2 | 3 | 2 | 0 | 0 | | | |
| NAV | 3 | 0 | 3 | 0 | 1 | 0 | 2 | 0 | 0 | |
| Helse | 23 | 8 | 15 | 5 | 7 | 3 | 8 | | | |
| Utbygging | 5 | 4 | 1 | 4 | 1 | | | | | |
| TOTALT | 434 | 105 | 329 | 72 | 153 | 33 | 176 | 3 | 13 | 12 |

**Tabell frå årsrapport Aukra kommune 2017**

Innvandringa til Aukra utgjorde pr 01.01.2018 14,3 % av det totale innbyggartalet med ei overvekt av menn. Dette er ein trend som vil fortsette og vil etter kvart føre med seg større utfordringar for kommunen både når det gjeld sysselsetting og busettingsforhold.

Aukra kommune har pr 01.01.2018 508 innvandrarar. Kommunen har oppretta ei eiga eining for innvandring og integrering og har i tidsrommet 2016 – 2017 hatt 45 personar som deltok i introduksjonsprogrammet for nykomne innvandrarar. Det vart busett 18 personar og 4 av desse var einslege mindreårige. 10 av dei som deltok i programmet har gått over i jobb eller anna utdanning. Arbeidsstokken i kommunen har 3,5 % med europeisk bakgrunn, mens 2,6 % er frå land utanom Europa.

Aukra kommune har som eit gjennomgåande perspektiv eit mangfaldig samfunn. Å vere inkluderande krev høg toleranse og ein må vere raus. Openheit for andre som allereie bur her og som gjerne vil flytte hit, er ei god investering. Skal nye innbyggjarar velje å bli i Aukra, må dei føle at dei høyrer til, oppleve at dei vert ein del av eit sosialt miljø og ha ein felles identitet.(Kommuneplan for Aukra 2011-2020)

Auka kommune kan tilby innbyggarane eit livssynsnøytralt seremonilokale. Dette kan nyttast av alle til ulike sermoniar uavhengig av religion eller livssyn. I Aukra kan Ordførar foreta vigsel og kommunestyresalen blir da omgjort til vigselslokale.

Aukra kommune har som overordna mål å vere ein vi-kommune.

Målet er eit samfunn prega av inkludering, toleranse og openheit. Dette gjeld ikkje berre haldingar til utanlandske tilflyttarar, men må og vere eit mål for menneske med ulike seksuell orientering og ulike kjønnsutrykk. Det er ein samanheng mellom manglande aksept for ulike seksuelle orienteringar og førekomst av psykiske lidingar og rusmisbruk. Ungdom er ei særleg utsatt gruppe. Lesbiske, homofile, bifile og transpersonar må få oppleve ein skule utan risiko for mobbing og vald. I arbeidslivet må verneombod og arbeidsgjevarar få kunnskap til å handtere usynleggjering og mobbing. Aukra kommune har eit ansvar for å jobbe aktivt og målretta mot fordomar og diskriminering på grunnlag av seksuell orientering.

Det er for tida ingen rullestolbrukarar tilsett i kommunen og heller ikkje arbeidstakarar som treng tilrettelegging av det fysiske arbeidsmiljøet. Dei kommunale bygga er utstyrt med heisar eller har alt på ei flate slik at det er god framkomelegheit på bygga.

## 7. GENERELT

Aukra kommune har en rekke ulike lag og foreiningar samt frivillige organisasjonar som famnar vidt og tek i vare ulike interesseområde som representerer eit stort mangfald.

Aukra kommune er med i samarbeidet om **Krisesenteret for Molde og omegn IKS**. Selskapet skal i første rekke gje eit tilbod til opphald og rettleiing for kvinner, menn og barn som er i ein krisesituasjon på grunn av vold. Selskapet skal og arbeide aktivt for å synleggjere og hindre den private valden. Selskapet skal kunne gje akuttplassering av barn for barnevernet inntil 4 døgn.

Aukra kommune er og med i samarbeidet **SMISO – Senter mot incest og seksuelle overgrep i Møre og Romsdal**. Kommunen betaler et beløp pr innbyggar til dette samarbeidet. Senteret har som formål å gje hjelp til sjølvhjelp til menneske som har vore utsatt for incest eller andre seksuelle overgrep.

Aukra kommune oppretta i 2015 ei eiga eining for innvandring og integrering. Denne skal sikre at flyktningar som kjem til kommunen får nødvendig hjelp og støtte, og at det vert arbeidd aktivt med integreringstiltak. Eininga er kontaktpunktet og støtteapparatet for flyktningane og skal hjelpe dei med mellom anna: budstadspørsmål, helse og sosialspørsmål, arbeidslivspørsmål, opplæring og utdanning og lokal kunnskap, kulturaktivitetar og fritidstilbod. Framtida for denne eininga er noko usikker da det dei siste åra har vore nedgang i talet på flyktningar som kjem til Noreg. Aukra kommune busette ikkje nye flyktningar i 2018.

**Aukra frivilligsentral:**

Frivilligsentralen i Aukra har som visjon å vere eit kontaktpunkt og bindeledd mellom dei som ønskjer å yte ein innsats i nærmiljøet eller lokalsamfunnet, og dei som ønskjer å ta i mot slik innsats. Frivilligsentralen skal vere ein lokal forankra møteplass og brubyggjar mellom menneske, frivillige lag/organisasjonar og det offentlege.

Aukra frivilligsentral skal:

**- Skape møte mellom menneske**

**- Gjere det enklare for fleire å vere med i frivillig arbeid**

**- Skape meir aktivitet i sentrum.**

**Langsiktige mål**

Frivilligsentralen skal vere eit supplement til det eksisterande frivillige organiserte arbeidet i kommunen. Aktiviteten skal være eit tillegg til offentleg verksemd. Drift av Aukra frivilligsentral skal vere i samsvar med retningslinjer for drift av frivilligsentralar og overordna mål frå eigar, Aukra kommune.
Aukra Frivilligsentral tar sikte på å vere ein nærmiljøsentral, og ein sentral som er ein aktiv og relevant støttespelar for lag og organisasjonar i kommunen.

For å arbeide mot visjonen og for å nå dei langsiktige måla, vil Aukra Frivilligsentral jobbe med tema/aktivitet knytt til lag og organisasjonar, møteplassar og tilbod for innbyggjarane i Aukra kommune og synleggjering av Aukra Frivilligsentral. I alt dette arbeidet er fokuset til Frivilligsentralen å vere ein positiv pådrivar, og samarbeid med lag og organisasjonar og andre relevante aktørar er sentralt.

Gjennom arbeidet håpar ein å knytte fleire frivillige til sentralen og skape engasjement rundt aktivitetane og frivilligheita i Aukra kommune. Ei sterk frivilligheit er viktig for å skape trivsel og engasjement for og med innbyggjarane i kommunen. Aktivitet ved Frivilligsentralen skal skje i samarbeid med frivillige, lag og organisasjonar og andre relevante aktørar.

**Aktivitetar: Småbarnstreff, songtreff, matombringing, besøk/turvenn, småjobbsentral, utstyrssentral, møteplass for diverse aktivitetar for ungdom og vaksne.**

I tillegg er Aukra frivilligsentral med i prosjektgruppa for aktivitetsvenn i lag med demenskoordinator og folkehelsekoordinator.

Aukra kommune signerte i 2017 ein avtale med Nasjonalforeningen for folkehelsen om å bli eit meir demensvennleg samfunn. Tilsette i kommunen og bedrifter i kommunen skal få ei kort innføring i kva demens er og korleis møte folk med demens. Dagleg leiar for frivilligsentralen sit som sekretær i arbeidsgruppa for eit meir demensvennleg samfunn.

Frivilligsentralen ønskjer å vere til hjelp for og samarbeide med frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Husflidslaget og Bygdekvinnelaget har hatt ulike arrangement på sentralen i 2017, og dagleg leiar stiller for dei som kjem innom og ønskjer hjelp med praktiske ting kring ulike arrangement.

Sentralen søkjer kvart år om støtte til konsertar og arrangerer dette. Den er og ein samarbeidspart i planlegging og gjennomføring av Eldrefesten.

Røde Kors avd. Aukra arrangerer Språkkafè og leksehjelp i lokala til frivilligsentralen

**MOT**

MOT er ein landsomfattande ungdomsorganisasjon som er retta mot å bevisstgjere ungdom til å ta val som gjer at dei meistrar livet. Organisasjonen jobbar med haldningsskapande fokus på verdiar, val og for å gje ungdomen tru på sine eigne krefter. Aukra kommune er ein av 17 utvalde pilotkommunar i prosjektet “lokalsamfunn med MOT” som skal vere eit verkemiddel for å skape eit varmare og tryggare oppvekstmiljø.  Dette skal skje ved:

- å styrke samarbeidet og skape større forankring og eigarskap i alle ledd, frå ungdom til leiarnivå i kommune, skule og fritid
- å gje ungdom ein viktigare rolle og meir å seie når det gjeld det lokale oppvekst- og ungdomsarbeidet.
- Å mobilisere fleire lokale ressursar som kan bidra til eit varmare og tryggare oppvekstmiljø

| OVERORDNA MÅL:<br><br>FREMME LIKESTILLING PÅ ALLE PLAN I KOMMUNEN<br><br>Slik vil vi ha det ! | Slik gjer vi det ! |
|---|---|
| **LIKESTILLING**<br><br>*Arbeide for at likestilling mellom menn og kvinner skal vere ein naturleg og integrert del av det daglege virke til administrative organ og det politiske miljø<br><br>* Iverksette tiltak for likelønn<br><br>* Redusere uønska deltid | - Sikre ivaretaking av likestilling i nominasjonsprosessen og i konstitueringa av dei politiske styringsorgan<br>- Rekruttere fleire menn i barnehage og skole<br>- Kjønnsbalanse i alle yrker<br>- Bevisstgjering om utdanningsval i ungdomskule<br>- Ved ledige stillingar skal det først vurderast utviding av deltidsstillingar |
| **FUNKSJONSEVNE**<br><br>• Sikre like mulegheitar og rettar til deltaking i arbeidslivet uavhengig av funksjonsevne.<br>• Medvirke til nedbygging av samfunnsskapte fysiske barrierer. | - Kartlegge universell utforming av offentlege bygg og gjennomføre evt tiltak<br>- Sikre Rådet for funksjonshemma si innverknad tidleg i planprosessar<br>- Rekruttere menneske med nedsett funksjonsevne |
| **SEKSUELL ORIENTERING**<br><br>• Unngå diskriminering på grunn av seksuell legning | - Haldningsskapande arbeid i barnehage og skule<br>- Tiltak mot mobbing |
| **MANGFOLD OG ETNISITET**<br><br>• Auke det kulturelle og etniske mangfaldet<br>• Styrke innsatsen for innvandrarar | - Utvikle biblioteket sine tilbod til innvandrar<br>- Rekruttere fleire med ikkje-norsk bakgrunn<br>- Betre integreringa ved å styrke Frivilligsentralen |
| **LIVSSYN**<br><br>• Sørgje for livssynsnøytral tilnærming i all offentleg verksemd | - Ivareta ulike livssyn i skole og barnehage<br>- Tilbod om livssynsnøytralt seremonilokale |

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2018/679-6<br>Arkiv: 144<br>Saksbeh: Ingunn Misund<br>Dato: 06.12.2018 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 5/19 | Administrasjonsutvalet | 28.01.2019 |
| 4/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 5/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

**Forslag til Lønnspolitisk plan 2018 - 2020**

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtar revidert lønnspolitisk plan for Aukra kommune 2018 - 2020

**Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 28.01.2019**

**Behandling**

**Audhild Mork** (AP) sette fram følgjande forslag til eit pkt. 2 i tilrådinga frå rådmannen:
Lønnspolitisk plan blir sett i samanheng med kompetanseplan som er under rullering

Tilrådinga frå rådmannen med forslaget til pkt. 2 frå Audhild Mork vart samrøystes vedtatt

**Uttale frå administrasjonsutvalet**

Som tilrådinga frå rådmannen og forslaget frå Audhild Mork

**Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019**

**Behandling**

**Audhild Mork** (AP) sette fram forslag på uttalen frå administrasjonsutvalet:
Lønnspolitisk plan blir sett i samanheng med kompetanseplan som er under rullering

Tilrådinga frå rådmannen med forslaget til pkt. 2 frå Audhild Mork vart samrøystes vedtatt

**Innstilling frå formannskapet**

Som tilrådinga frå rådmannen og forslaget frå Audhild Mork

**Vedlegg**

1 Forslag til Lønnspolitisk plan 2018 - 2020
2 Utdanningsforbundet: Høyringssvar til Lønnspolitisk plan Aukra kommune 2018 – 2020
3 Delta: Innspel til lønnspolitisk plan 2018-2020

**Særutskrift:**

**Bakgrunn:**

Lønnspolitisk plan følgjer gyldigheitstida til Hovedtariffavtalen (HTA) som er 2 år. Ny HTA blei vedteke i august 2018

**Utgreiing:**

Lønnspolitisk plan har i haust vore til revisjon etter at ny HTA vart vedteke. Den har vore diskutert i 2 møter med dei tillitsvalde kor dei fekk kome med innspel. Det er gjort nokre endringar merka med raudt i planen. Nye formuleringar er merka med blått. Punktet om avansementstillingar er teke ut då dette er klart definert i HTA og stillingsregulativet.

Lønnspoltisk plan vil gjelde i 2 år om det ikkje i mellomoppgjøret vår 2019 kjem nye moment som påverkar denne planen.

Planen blei sendt på høyring til leiargruppa og dei hovudtillitsvalde. Det kom ikkje nokon merknader frå leiargruppa.

**Høyringssvar frå Nito:**
Har lest gjennom forslag til lønspolitisk plan og avtale om bindingstid.

Har ingenting å kommentere eller tilføye til disse.

**Frå Fagforbundet:**

Punkt 5.4: Det er praktisert med lønstilegg gitt etter samanhengende 20 år, men det kjem ikkje fram i den nye plana. Er det endring her?
*Det står i pkt 5.4 i planen.*

Ellers hadde vi tv møte onsdag 21.november og diskuterte plana og der er eg enig i innspel frå delta og utdanningsforbundet.

Høyringssvara frå Utdanningsforbundet og Delta ligg som vedlegg.

**Frå Utdanningsforbundet:**

- 5.5 Kompetanseutvikling og karriereplan

Her står det at kommunen vil nytte lønn som verkemiddel, kompetente medarbeidarar er den viktigaste innsatsfaktoren, vidareutdanning som er relevant og som kommunen nyttar skal gje lønnsauke…. Da blir det litt motsigande at kommunen kun vil gje eit honorar for vidareutdanning. Den lønnsauka bør vere varig så lenge ein nyttar kunnskapen i jobben.
*Det er ikkje ønskeleg å lage nye eller endre dei lønnsgruppene som ligg i hovudtariffavtalen og som løftar lønnsnivået i høve til utdanning. Det skjer endringar heile tida i dagens arbeidsliv og behovet for og kravet til kompetanseendring og -utvikling er der heile tida. Det er ikkje slik at all kompetanseheving er ekstraordinær, men faktisk nødvendig for å stå i stilling. Tilsette får støtte til å ta etterspurt utdanning og eit honorar når ein er ferdig, men elles er det ønskeleg å følgje tariffavtalen. Det er lite sannsynleg at lønnstillegg vert tatt bort om ein ikkje nyttar ei tilleggskompetanse, da det er vanskeleg å følgje opp og alle har plikt til å bidra til å oppretthalde rett kompetanse i stillinga ein har.*

- Vi meiner også at det ikkje kan vere lov å endre ein framforhandla avtale på denne måten. Tillegga som står i lønnspolitiskplan har Utdanningsforbundet forhandla fram. I den avtalen er det ikkje tidsbegrensing på lønnstillegget eller at det skal vere eit honorar. Den avtalen vart inngått 17.september 2009 og skulle ha verknad frå 01.05.2008.

*Alle avtalar kan seiast opp og ein protokoll som det her er vist til har 3 mnd oppseiingstid. Ei lønspolitisk plan kan endre tidlegare framforhandla rettar.*

- Kulepunktet om lønnstillegg/honorar over 60 studiepoeng bør endrast i samsvar med avtalen som er forhandla fram.

*Usikker på kva som meines er forhandla fram. I utgangspunktet vart det i protokollen frå 2009 gitt tillegg for 30 og 60 studiepoeng. Det stod ingenting om studiepoeng utover det, men vi såg oss nøydde til å sette ei grense der. Dette er og ei grense andre kommunar har sett. Dersom ein tek utdanning utover dette vil det ofte flytte lønnsnivået over på ei ny lønnsgruppe i HTA.*

- Kap 6 Kriterier for individuelle tillegg

Her blir det foreslått å ta inn stillingsomtaler som ett målbart kriteria for lønnsforhandlinger. Da må kommunen utarbeide og oppdatere eksisterande stillingsomtalar .
*Det er laga malar for stillingsomtalar og eit leiaransvar å få det på plass.*

- 7.4 Lønnstillegg i eit rekruttering/beholde «augemed» for konkurranseutsette yrkesgrupper

Her blir det foreslått at man kan forhandle om anna lønnsinnplassering, men om partane ikkje blir einige er det arbeidsgjevars siste tilbod som gjeld. Dersom partene ikkje blir einige i forhandlingssaker kan man bringe uenigheten inn til ein tvisteløyser. I ei drøftingssak kan derimot uenighet ikkje bringast vidare og arbeidsgjevar har siste ordet. Her bør ein kanskje endre ordlyden slik at ein ikkje blandar dei to begrepa.
*I ei rekrutteringssak (før tilsetting) er det arbeidsgjevar som har siste ordet, men dersom det blir stilt krav i lokale eller særskilde forhandlingar skal vi følgje HTA og HA. Forslag på endring av tekst i planen.*

- **Frå Delta:**
  Pkt. 5.1

*«Løn utover tariff skal fastsettast av forhandlingsutvalet i forståing med HTV for gjeldande stilling.»*
Samansetning av forhandlingsutvala ved lokale forhandlingar er vel kjende, men kva ligg i *«..i forståing med HTV for gjeldande stilling»*?
*Det betyr at arbeidsgjevar tek kontakt med HTV når det oppstår og drøftar lønnsnivået. Det skjer ikkje alltid for der det er eit lønnsnivå i liknande stillingar hender det at arbeidsgjevar gir eit tilbod på det nivået.*

- Pkt. 5.4

*«Gjennom lokale forhandlingar vert det gitt eit likt lønnstillegg for arbeidstakarar som har arbeidd i*

*20 år i Aukra kommune.»*
Kva skal det forhandlast om her? Vurdere om bestå eller ei? Vurdere størrelse? Det står allereie at alle vert gitt likt. Er det meint at dette no skal gå av potten? 20 år; saknar presisering om det er krav til samanhengande periode eller ikkje.
*Setninga er endra.*

- Pkt. 5.5

*«..kan få eit honorar som ei eingongsutbetaling…. 10.000/20.000…»*
Kva meiner arbeidsgjevar da vil vere til inspirasjon, anna enn eige ønske om fagleg utvikling? Ikkje er ein lenger sikra å få ti/tyve tusen i kompetansetillegg, så lenge ein står i stillinga og nyttar kompetansen, no heller ikkje meir enn for snever periode på to år - men *kan* få – som ei eingongsutbetaling eit *honorar*. Dette forslaget er å forstå slika at ny praksis vil bli at det ein kan oppnå i kompetansetillegg blir halvert og bindingstida dobla i forhold til det.
Når ein fyller krava til å få kompetansetillegget må tilllegget følgje så lenge den tilsette går i stilling der kompetansen er nødvendig og i bruk, ikkje avgrensa til definert periode.

*Vidareutdanning skal avklarast med arbeidsgjevar og vere i tråd med kompetanseplan og/eller dokumentert behov for kompetanse. Det er da ein får eit tillegg. Vi håper og at det er interessa for faget og ønske om å vere oppdatert som motiverer tilsette mest for å heve kompetansen sin. Viser elles til at krav til kompetanse i ei stilling kan endre seg over tid og at det ikkje da nødvendigvis skal betyr lønnsauke. Når tilsette tek utdanning som ikkje er eit uttrykt behov kan arbeidsgjevar velje å ikkje honorere det.*

- *«..honorar..»*

Dette omgrepet er vel nytt i dette dokumentet og lite beskrivande i samanheng mellom eigne tilsette og kompetansetillegg. Om det vert bestemt innført, må det brukast konsekvent gjennom dokumentet. I planutkastet er det brukt omgrepet *honorar* i nokre avsnitt, medan *kompetansetillegg* ser ut til å peike på dei same kronene i anna avsnitt.
*Det kan vi sjå på.*

- *«..Det vil ha betydning for kommunen si vurdering om utdanning/kompetanseheving får statleg eller fylkeskommunal støtte. Sjå avtale om bindingstid.»*

Betydning for vurdering av kva? Kompetansetillegg? Utdanningsstønad?

*Dersom tilsette får fylkeskommunal eller statleg støtte viser det at dette er utdanning som har prioritet for tilsette i kommunane. Støtten som vert gitt frå desse kan sjølvsagt bety at det blir mindre eller ikkje støtte frå fondet. Bruken av ordet «honorar» vil bli vurdert.*

- Pkt. 6

*«..må det føreligge ein dokumentasjon på stillinga sitt opphaveleg innhald mht utdanningskrav og arbeidsområder….utarbeiding av stillingsomtalar…»*
Overflødig. Korleis er dette dokumentasjonskravet tenkt oppfylt?

*Dokumentasjonen ligg i utlysingstekst og der det er utarbeidde stillingsomtalar. Mange typer stillingar har og fastsette krav til innhald og oppgåver.*

- Pkt. 7.4

*«…kan partane etter forhandling, inngå avtale om endra lønnsinnplassering.»*
Toparts? Treparts? Kven er partane her.

*Det er to partar – arbeidsgjevar og arbeidstakar.*

- *«…det er få innkomne søknader, kan det bli gitt eit rekrutteringshonorar til kvalifiserte søkarar.»*

Saknar nynansar her. Det vert vel ikkje gitt «honorar» til ordinær kvalifiserte søkjar.
Kva med bindingstid?
Kven er forhandlingsutvalet i denne samanheng?

*Det er arbeidsgjevar sitt forhandlingsutval. Her kan oppstå forskjellige situasjonar. Td kan det vere ein kvalifisert søkar som og har søkt andre arbeidsplassar. Da er vi i ein direkte konkurransesituasjon. I staden for å gje eit varig tillegg som er urettferdig i forhold til kollegaer, kan vi tilby eit eingongsbeløp. Bindingstid vil bli avtala ved ev slike utbetalingar.*

- Pkt. 8.8

*«Arbeidsgjevar orienterer alle som har fått opprykk/tillegg i forhandlingane om resultatet.»*
Etter at protokoll er signert.

*Er føyd til.*

**Administrative konsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad<br>Rådmann | Rannveig H. Sporsheim<br>Personalsjef |

# Lønnspolitisk plan

# Aukra kommune

# 2018 – 2020

E-phorte: sak 2018/679

Vedteke: PS

## 1. Innleiing

Lønnspolitisk plan trekker opp viktige prinsipp som skal danne grunnlag for fastsetting av lønn. Lønnssystemet som er forhandla fram av partane i arbeidslivet, føreset at kommunen har eigen lønnspolitikk. Aukra kommune og organisasjonane skal vere samde om korleis lønnssystemet skal nyttast og kva for lønnsmessige tiltak som er naudsynt for å nå kommunen sine mål.
Planen skal:
- gje føringar for lokal lønnsfastsetting ved lokale forhandlingar, ved tilsettingar, kompetanseendring, rekrutteringsmessige utfordringar ol.
- medverke til å skape forståing og aksept mellom partane

Lønn vert fastsett lokalt ved tilsetting eller ved omgjering av stilling og på grunnlag av lovføresegna i hovudtariffavtalen kap. 3, 4 og 5.
Lønn for skoleleiarar og personale i undervisningsstillingar vert fastsett lokalt ved tilsetting og på grunnlag av lovføresegna i vedlegg 6 i hovudtariffavtalen (HTA).

Lønnspolitisk plan for Aukra kommune gjeld frå 01.12.2018.

## 2. Økonomisk ramme og forhandlingspott

Den økonomiske ramma for forhandlingar etter kap. 4.2.1 og 4.2.2 vert fastsett av partane sentralt. Forhandlingspotten vert utrekna av partane lokalt i samsvar med *det sentrale beregnings- og statistikkutvalgets* tilrådde utrekningsmodell. Partane skal i samarbeid ta ein gjensidig økonomisk kontroll av forhandlingsresultatet.
For kap. 3.4.1 og 3.4.2 og 4.2.2 og kap. 5 er det frå sentralt hald ikkje sett av pott. Arbeidsgjevar vil føre forhandlingar ut frå eit forsvarleg økonomisk omsyn.

## 3. Forhandlings- og verknadstidspunkt

Partane sentralt fastset forhandlings- og verknadstidspunkt for dei lokale forhandlingane. Tidspunkt for særskilte forhandlingar og forhandlingar for å rekruttere og behalde arbeidstakarar, blir bestemt lokalt.

## 4. Verkemidlar

Alle endringar av lønn må skje innanfor ramma av hovudtariffavtalen sine lovføresegner. Under forhandlingar etter kap. 3, 4 og 5 kan partane nytte følgjande verkemidlar:

a. arbeidstakarar i stilling plassert i rammer for minstelønnssatsar for stillingsgrupper, kan plasserast i høgare bruttolønn.
b. arbeidstakarar i direkte plassert stilling ( personleg lønn), kan få endra bruttolønn.
c. stillingar kan gjerast om til anna stillingskode innanfor hovudtariffavtalen sitt stillingsregulativ

## 5. Lokal lønnsdanning og lønnsvurdering

### 5.1 Generelt

Som hovudregel skal lokale lønnsendringar gis på individuelt grunnlag. Det inneber at tillegg føl personen, ikkje stillinga.
Ved lokal lønnsdanning vurderer ein lønn ut frå stillinga sin kompleksitet og den enkelte tilsette sin kompetanse, ansvar, innsats og resultatoppnåing.
Opprykk i sentrale forhandlingar skal ikkje hindre opprykk i lokale forhandlingar same år. Det er naturleg å sjå opprykk i sentrale forhandlingar i samanheng med utviklinga i individuelle lønnsforskjellar, slik at arbeidstakarar som ikkje har vært spesielt tilgodesett i sentrale forhandlingar vert vurdert særskilt i lokale forhandlingar.

Lønn utover tariff skal fastsettast av forhandlingsutvalet i forståing med hovudtillitsvald for gjeldande stilling.

**5.2 Mål for Aukra kommune si lokale lønnsdanning**
Aukra kommune sin lønnspolitikk skal vere eit instrument for å

- motivere til større eigeninnsats, reflektere trivsel og aktiv samhandling
- kunne påverke eiga lønnsutvikling gjennom engasjement, medverking og utøving
- vidareutvikle og verne om ei kjønnsnøytral lønnsvurdering
- rekruttere, behalde og utvikle godt kvalifiserte medarbeidarar
- gjere muleg ei tilpassing til den eksterne lønnsmarknaden
- utjamne individuelle lønnsforskjellar som har utvikla seg over tid og som ikkje skuldast faktiske skilnadar i ansvar, kompetanse, innsats og prestasjonar eller tilhøve som ligg utanfor arbeidsgjevar sitt mynde.

**5.3 Rekruttere og behalde arbeidstakarar**
Lønn er eit verkemiddel som kan nyttast ved rekruttering og for å behalde kvalifiserte arbeidstakarar. Over tid vil det variere kva type stillingar det er vanskeleg å rekruttere til. Administrasjonen v/forhandlingsutvalet har mynde til å forhandle om lønn ut over lovføresegna i tariff, der det er utfordring med å rekruttere og behalde arbeidstakarar.

### 5.4 Ansiennitet i kommunal teneste
Gjennom lokale forhandlingar kan ein vurdere Det blir gitt eit likt lønnstillegg for arbeidstakarar som har arbeidd i 20 år i Aukra kommune.

### 5.5 Kompetanseutvikling og karriereplan og avansementsstillingar.
Aukra kommune vil nytte lønn som eit verkemiddel for å motivere tilsette til å auke kompetansen innanfor dei kommunale fagfelta.vidareutvikle kompetansen innanfor sitt fagfelt. Dokumentert realkompetanse vil også bli vektlagt. Utdanning som på førehand er godkjent av arbeidsgjevar, skal gje lønnsauke innanfor rammene i HTA. I gjeldande avtale er dette tillegget pensjonsgivande. Tileigning av formal- og/eller realkompetanse skal vere eit element i lønnsvurderinga ut over grunnlønna, under føresetnad at denne vert nytta og stadfesta som etterspurd og relevant for kommunen og det arbeidet den tilsette skal utføre. Dette skal avklarast i samband med jobb-/lønnssamtale. Sjå plan for kompetanseutvikling i Aukra kommune 2015 - 2019

**Kompetanseutvikling:**
Kompetente medarbeidarar er vår viktigaste innsatsfaktor for ein effektiv organisasjon med god kvalitet på tenestene.
Sentrale kompetansebehov er:

- Leiarrolla Leiarkompetanse
- Servicerolla Servicekompetanse
- Fagleg kompetanse innafor dei fleste yrkesgruppene, m.a. barnehagelærarar og fagarbeidarar.
- Endringskompetanse
- IT Digital kompetanse

All vidareutdanning som kommunen gir støtte til, skal vere relevant for arbeidsgjevar og dei arbeidsoppgåver kommunen skal utføre. Denne utdanninga skal inngå i kommunen/eininga si kompetanseplan. Behovet skal vere dokumentert i eininga si kompetanseplan.
Vidareutdanning som er relevant for jobben den tilsette har i kommunen, og som kommunen nyttar seg av, kan bli kompensert i form av lønnsauke.

For Aukra kommune gjeld følgjande:

- Utdanning som er relevant for stillinga, avtalt med og godkjent av arbeidsgjevar på førehand og som vert nytta i arbeidet som blir utført, kan få eit lønnstillegg gjeldande for 2 år. 2 årsregelen kan endrast etter avtale med arbeidsgjevar. honorar som ein eingongsutbetaling etter fullført vidareutdanning på høgskolenivå som ikkje gir automatisk opprykk i kap 4
- Kr. 10.000 for 30 studiepoeng
- Kr. 20.000 for 60 studiepoeng

- Lønnstillegg skal vurderast individuelt etter søknad og bør helst vere avklart før ein tar vidareutdanning.

- Det vert ikkje gitt lønnstillegg honorar for vidareutdanning utover 60 studiepoeng.

- I dei tilfella kommunen gjev stønad til utdanning, skal bindingstid bli vurdert. 1 år for 30 studiepoeng og 2 år for 60 studiepoeng. Sjå avtale om bindingstid

- Tilsette som tar utdanning på vidaregåande skole nivå, kan også, etter særskilt vurdering, bli gitt lønnstillegg. Storleik på tillegga vert vurdert individuelt. I HTA kap 4 er gruppa fagbrev + 1årig vidareutdanning tatt inn som tilleggsnivå med eigen lønnstige.

- Kompetansetillegg skal ikkje føre til at lønnsystemet i HTA ikkje fungerer slik det skal. Dette kan td vere ein som er tilsett i ei stilling der ein ikkje har riktig eller nok kompetanse, men likevel har lønn i tråd med tariff. Då vil vedkomande ikkje ha krav på kompetansetillegg etter å ha tatt slik utdanning. Eit anna døme kan vere at vidareutdanninga gir endra stillingstittel og lønnsauke etter HTA. Då vil heller ikkje tillegg bli gitt. Vidareutdanning skal vurderast opp mot krav og behov i stillinga til den enkelte.

- Det vil ha betydning for kommunen sin vurdering om utdanning/kompetanseheving får statleg eller fylkeskommunal støtte. Sjå Avtale om bindingstid.

**Karriereplan:**
Karriereplanlegging for den enkelte arbeidstakar skal vere knytt opp mot medarbeidarsamtalar, og alltid opp mot arbeidsgjevar sitt behov for kompetanse. Karriere handlar om den einskilde tilsette og den tilsette sin veg i arbeidslivet. Karriere bygger på den lønna verksemda og utdanninga til den einskilde. For å sjå ein muleg karrierestige er karriereplanlegging for den enkelte arbeidstakar eit verkemiddel. I denne samanheng er medarbeidarsamtalar eit nyttig verktøy. Karriereplanlegging må alltid ta i betraktning arbeidsgjevar sitt behov for kompetanse. Sjå overordna Kompetanseplan og eininga si kompetanseplan.

**Avansementsstillingar:**
Aukra kommune skal bruke Hovudtariffavtalen og stillingsregulativet sine mulegheiter til å gjere seg nytte av avansementsstillingar.
* Innplassering ved tilsetting kan skje dersom ei ledig stilling på bakgrunn av stillinga sine nye krav til innhald, jfr. Ovannemde kriterium, vert gjort om til ei avansementstilling.
* Innplassering etter forhandlingar vil kunne skje etter HTA kap. 5 pkt. 5.1 og 5.2 ut frå følgjande kriteriar:
* Ei stilling sitt arbeids - og ansvarsområde er betydeleg endra som følge av at arbeidstakaren har fullført kompetansegjevande etter - /vidareutdanning.

* Tillagt spesielle overordna funksjonar som klart skil seg frå grunnstillinga og som er eit ledd i ei individuell utvikling. Det kan t.d vere overordna fagansvar, koordineringsansvar, rådgjevingsansvar, spesialoppgåver.
* Innplassering ved tilsetting kan skje dersom ei ledig stilling på bakgrunn av stillinga sine nye krav til innhald , jfr. overnemnde kriteriar , vert gjort om til ei avansementsstilling.

### 5.6 Opplærings-/kompetanseutviklingsplan.

Kommunen skal ha oppdatert opplærings-/kompetanseutviklingsplan.

### 5.7 Leiargruppa

Leiargruppa skal som hovudregel ha eit høgare lønnsnivå enn mellomleiarar.

Mellomleiarane og andre som har ei overordna stilling eller særskilt ansvar for personal, arkiv, økonomi og fag, skal ha eit høgare lønnsnivå enn personalet dei er leiarar for.

## 6. Kriterier for individuelle tillegg

Lokale lønnstillegg skal vere eit verkemiddel som motiverer og påskjønner resultatoppnåing, og effektivitet og kvalitet i utføring av kommunale tenester. Leiar skal årleg gjennomføre medarbeidarsamtale med sine tilsette. I tillegg kan tilsette kan be om lønnssamtale. Denne gir viktige innspel til partane under lokale lønnsforhandlingar. Denne kan gi viktige innspel i forkant av lokale forhandlingar.
For å kunne vurdere individuelle tillegg, må det føreligge ein dokumentasjon på stillinga sitt opphavlege innhald mht utdanningskrav og arbeidsområde. Dette kan t d vere utarbeiding av stillingsomtalar.
Det må vere samsvar mellom dei forventningar som vert kommunisert og vilkåra som vert gitt gjennom administrative og/eller politiske føringar og vedtak.

### 6.1 Arbeidstakarane sitt ansvar

* Vise vilje og evne til å samarbeide for å gjere kvarandre god, gi positive bidrag/trivselsbidrag inn mot arbeidsmiljøet

- Vise evne og vilje til å ta på seg nye oppgåver innanfor stillinga sitt ansvars- og funksjonsområde og i høve til forventningar og krav frå brukarsamfunnet.
- Ta ansvar for fagleg og personleg eigenutvikling med tanke på høgast mogleg kvalitet på tenester til brukarane.
- Ta initiativ, er aktiv og tar ansvar for å medverke til utvikling av betre tenester.
- Bidrar til at Aukra kommune oppretteld eit positivt omdømme som tenesteytar og samfunnsutviklar.
- Nytte tilgjengelege ressursar mest muleg effektivt.
- Utøve ansvar overfor felles eigedom og felles utstyr.
- Evne og vilje til å sjå på disponible ressursar i samanheng – ei velfundert fordeling og forvaltning gir balanse i organisasjonen.

### 6.2 Arbeidsinnsats

- Arbeidstakarane må kunne nytte sin kompetanse og erfaring innanfor sitt ansvars- og funksjonsområde.
- Det er forventa sjølvstendig og målretta innsats.

- Politiske vedtak, administrative avgjerder og individuelle arbeidsplanar skal bli følgt så langt det er praktisk mogleg.
- Pålagte oppgåver skal bli gjennomført innan fastsett frist. Arbeidstida skal bli nytta effektivt.

### 6.3 Initiativ og omstilling

Initiativ som bidrar til å forenkle og effektivisere eksisterande rutinar og arbeidsoperasjonar skal bli verdsatt. Det forventast at arbeidstakarane tilpassar seg endringar i den teknologiske og organisatoriske utviklinga.

### 6.4 Samarbeidsevne

Arbeidstakarane må kunne samarbeide om gode løysingar uavhengig av personleg oppfatning og haldningar. Arbeidstakarane må kunne dele sine kunnskapar med kollegaer og eksterne samarbeidspartar.

### 6.5 Lojalitet

Det er forventa at arbeidstakarane:
a. føl gjeldande lover, avtaler og retningsliner
b. rettar seg etter politiske vedtak og administrative avgjerder.
c. melder frå til sine overordna om vesentlege endringar i vilkåra for å yte gode og effektive tenester
d. etter beste evne arbeide for å oppfylle vedteke budsjett, økonomiplan og kommuneplan

### 6.6 Krav til leiarar og avdelingsleiarar

Det vert stilt særskilde krav til leiarar med personal- og budsjettansvar som kjem i tillegg til dei generelle krava som gjeld for alle arbeidstakarane. Når leiaravtale med resultatmål ligg føre skal desse vere eit verktøy ved individuell lønnsfastsetting. Leiarane må kunne vise til målretta arbeid og gjennomføring av politiske og administrative vedtak ved å:
a. motivere og bidra til utvikling av sine medarbeidarar
b. etablere og utvikle samarbeid bygd på open framferd, tillit og medverknad
c. aktivt følgje opp langtidssjukefråvær med tanke på arbeidsavklaring, rehabilitering og omplassering
d. organisere og fordele arbeidsoppgåver rasjonelt og kostnadseffektivt
e. planlegge og leie aktiviteten i samsvar med vedtatt budsjett, økonomiplan og kommuneplan
f. opptre synleg og truverdig som representant for arbeidsgjevar og vise forståing for politiske prosessar og vedtak

## 7. Lønnspolitiske omsyn

### 7.1 Leiarar

Leiargruppa si lønn blir søkt harmonisert med tilsvarande stillingar i andre kommunar.
Avdelingsleiarar sitt lønnsnivå blir vurdert i høve til
- sjølvstendig ansvar
- personalansvar
- budsjettansvar
- kompleksitet i arbeidsoppgåver
- utdanning utover grunnutdanning

og korleis dette vert utøvd i praksis
Kommunen har mange avdelingsleiarar med ulikt ansvar og oppgåver. Sjølv om det blir søkt å få til ei harmonisering internt, må ein også sjå desse i høve til tilsvarande stillingar i andre kommunar.

### 7.2 Likestilling

Kvinner og menn vert sikra lik rett til lønnsutvikling og avansement i organisasjonen. Lokale forhandlingar skal bidra til likestilling mellom kvinner og menn ved at kvinner får ein større del av potten enn ei prorata-fordeling tilseier, kor lønnsforskjellane ikkje har sin grunn i faktiske skilnadar i ansvar, kompetanse, innsats og prestasjonar.

### 7.3 Arbeidsmarknadsomsyn

Lokale forhandlingar skal så vidt mogleg sikre konkurransedyktig og rettferdig lønn i høve til den regionale arbeidsmarknaden.
Forhandlingane bør bidra til at arbeidsgjevar kan rekruttere og behalde kvalifiserte arbeidstakarar i den kommunale forvaltning og tenesteproduksjon.

### 7.4 Lønnstillegg i eit rekruttering/beholde «augemed» for konkurranseutsette yrkesgrupper.

**Der det er spesielle problem med å holde på eller rekruttere kvalifiserte arbeidstakarar, kan partane etter forhandling, inngå avtale om endra lønnsinnplassering. Dette skal verte vurdert i kvart einskilde tilfelle. Blir partane ikkje einige, kan tvisten ikkje bli anka og arbeidsgjevar sitt siste tilbod skal bli vedtatt.**

**Til stillingar som er særs vanskelege å rekruttere kvalifiserte søkarar og det er få innkomne søknader, kan det bli gitt eit rekrutteringshonorar til kvalifiserte søkarar. Beløpet sin størrelse skal vurderast av forhandlingsutvalet i kvart einskild tilfelle i samråd til HTV. Dette gjeld berre tilfelle der kommunen står i fare for å ikkje kunne gje eit forsvarleg tilbod etter regelverket.**

### 7.5 Arbeidstakarar og ytingar frå arbeidsgjevar

Tilsettingar før verknadstidspunkt for lokale forhandlingar vil vere ein del av dei lokale forhandlingane. Regelen gjeld også arbeidstakarar som i løpet av det siste året har tatt i mot ytingar av ein viss økonomisk verdi frå arbeidsgjevar for å gjennomføre ei utdanning.

### 7.6 Uorganiserte arbeidstakarar

Arbeidsgjevar skal sjå til at arbeidstakarar utan organisasjonstilknyting får den lønn dei etter sitt ansvar, kompetanse, innsats og prestasjonar bør ha.

## 8. Forhandlingsreglar

### 8.1. Krav

Lønnskrav skal fremmast overfor Aukra kommune ved forhandlingsutvalet. Kommunen sitt kravskjema skal nyttast**.** Alle organisasjonar skal ha melding om når det skal førast forhandlingar. Organisasjonar som fremmar krav, skal innkallast til forhandlingar. Også organisasjonar som ikkje har fremma krav, men som organiserer arbeidstakarar arbeidsgjevar ønsker å vurdere på eige initiativ, vert innkalla til forhandlingar.

### 8.2 Forhandlingsrekkjefølgje

Rekkjefølgja i forhandlingar etter kap. 4.2.1 og 3.4 og 5.1 vert fastsett av partane i lønnspolitisk drøftingsmøte. etter forslag frå arbeidsgjevar sitt forhandlingsutval.

### 8.3 Deltakarar

Forhandlingane skal som hovudregel førast av forhandlingsutvalet og tillitsvalde i Aukra kommune utan deltaking frå partane i sentrale eller regionale ledd. Dersom ein part ønsker, eller på grunn av lågt medlemstal har behov for deltaking utanfrå, skal forhandlingsutvalet varslast skriftleg i god tid

før forhandlingane tar til. Aukra kommune nyttar Visma forhandling til gjennomføring av forhandlingane.

### 8.4 Habilitet
Deltakarar i forhandlingar må ikkje vere inhabile. Ingen skal forhandle eiga lønn. Om lønnskrav til personar som deltek i forhandlingane vert handsama, må dei fråtre når kravet vert handsama. Det same gjeld når det vert forhandla om lønnskrav for tilsette ein har nære relasjonar til. Nære relasjonar må vurderast i kvart einskilde tilfelle. Sjå Etiske retningslinjer for Aukra kommune.

### 8.5 Protokoll
Det skal settast opp protokoll frå forhandlingsmøta. Det vert ført separate protokollar for kvar organisasjon etter forhandlingsheimel. Protokollen skal innehalde tid og stad for møtet, namn på partane og deira representantar, og resultatet av forhandlingane. Det må gå fram av protokollen at lønnsendring gis individuelt.
Dersom partane ikkje blir samde, skal standpunkta til partane ved avslutning av forhandlingane gå fram av protokollen.
Protokollen vert underteikna av forhandlingsleiarane. partane.

### 8.6 Tvist
Dersom ein ikkje oppnår semje i forhandlingar, gjeld hovudavtalen del A § 6-3. Det sentrale ankeutvalet treffer avgjerd med bindande verknad.
§ 6-2 Lokal nemnd:
Når forhandlingar om lokal særavtale (§1-4) har gått føre seg i 14 dagar, kan kvar av partane krevje forhandlingane sluttført innan ei veke, med mindre partane blir samd om noko anna. Kvar av partane kan bringe tvisten inn for lokal nemnd. Føresegnene under dette punkt gjeld også alle tvistar etter HTA kap. 3 pkt. 3.4.2, kap. 4 pkt. 4.A.2 og kap. 5 pkt. 5.2.

### 8.7 Teieplikt
Deltakarar i forhandlingane pliktar å hindre at utanforståande får tilgang eller kjennskap til opplysningar om enkeltpersonar sine personlege tilhøve. Teieplikta gjeld også etter at forhandlingane er avslutta og dei som har fremja krav har fått informasjon om resultatet.

### 8.8 Informasjon
Rådmannen skal informere arbeidstakarane om den lokale lønnspolitikken.
Arbeidsgjevar orienterar alle som har fått opprykk/tillegg i forhandlingane om resultatet etter at protokoll er signert.
Forhandlingsprotokollen vert sendt til forhandlingspartane. Viser elles til HTA vedlegg 3.

# Høyringssvar til Lønnspolitiskplan Aukra kommune 2018 – 2020

**5.4 Ansiennitet i kommunal teneste**

Flott at ein tek vekk å vurdere eit lønnstillegg etter 20 år. Det bør ikkje vere rom for skjønn på slike tillegg, det bør vere likt for alle.

**5.5 Kompetanseutvikling og karriereplan**

Her står det at kommunen vil nytte lønn som verkemiddel, kompetente medarbeidarar er den viktigaste innsatsfaktoren, vidareutdanning som er relevant og som kommunen nyttar skal gje lønnsauke…. Da blir det litt motsigande at kommunen kun vil gje eit honorar for vidareutdanning. Den lønnsauka bør vere varig så lenge ein nyttar kunnskapen i jobben.

Vi meiner også at det ikkje kan vere lov å endre ein framforhandla avtale på denne måten. Tillegga som står i lønnspolitiskplan har Utdanningsforbundet forhandla fram. I den avtalen er det ikkje tidsbegrensing på lønnstillegget eller at det skal vere eit honorar. Den avtalen vart inngått 17.september 2009 og skulle ha verknad frå 01.05.2008.

Kulepunktet om lønnstillegg/honorar over 60 studiepoeng bør endrast i samsvar med avtalen som er forhandla fram.

**Kap 6 Kriterier for individuelle tillegg**

Her blir det foreslått å ta inn stillingsomtaler som ett målbart kriteria for lønnsforhandlinger. Da må kommunen utarbeide og oppdatere eksisterande stillingsomtalar .

**7.4 Lønnstillegg i eit rekrutering/beholde «augemed» for konkurranseutsette yrkesgrupper**

Her blir det foreslått at man kan forhandle om anna lønnsinnplassering, men om partane ikkje blir einige er det arbeidsgjevars siste tilbod som gjeld. Dersom partene ikkje blir einige i forhandlingssaker kan man bringe uenigheten inn til ein tvisteløyser. I ei drøftingssak kan derimot uenighet ikkje bringast vidare og arbeidsgjevar har siste ordet. Her bør ein kanskje endre ordlyden slik at ein ikkje blandar dei to begrepa.

Utdanningsforbundet

Aukra kommune

v. organisasjonsavdelinga

Nyjordvegen 12

6480 Aukra

Aukra, 21. november 2018

## Innspel til Lønnspolitisk plan 2018-2020

Pkt. 5.1

*«Løn utover tariff skal fastsettast av forhandlingsutvalet i forståing med HTV for gjeldande stilling.»*

Samansetning av forhandlingsutvala ved lokale forhandlingar er vel kjende, men kva ligg i *«..i forståing med HTV for gjeldande stilling»*?

Pkt. 5.4

*«Gjennom lokale forhandlingar vert det gitt eit likt lønnstillegg for arbeidstakarar som har arbeidd i 20 år i Aukra kommune.»*

Kva skal det forhandlast om her? Vurdere om bestå eller ei? Vurdere størrelse? Det står allereie at alle vert gitt likt. Er det meint at dette no skal gå av potten? 20 år; saknar presisering om det er krav til samanhengande periode eller ikkje.

Pkt. 5.5

*«..kan få eit honorar som ei eingongsutbetaling.... 10.000/20.000…»*

Kva meiner arbeidsgjevar da vil vere til inspirasjon, anna enn eige ønske om fagleg utvikling? Ikkje er ein lenger sikra å få ti/tyve tusen i kompetansetillegg, så lenge ein står i stillinga og nyttar kompetansen, no heller ikkje meir enn for snever periode på to år - men *kan* få – som ei eingongsutbetaling eit *honorar*. Dette forslaget er å forstå slika at ny praksis vil bli at det ein kan oppnå i kompetansetillegg blir halvert og bindingstida dobla i forhold til det.

Når ein fyller krava til å få kompetansetillegget må tilllegget følgje så lenge den tilsette går i stilling der kompetansen er nødvendig og i bruk, ikkje avgrensa til definert periode.

*«..honorar..»*

Dette omgrepet er vel nytt i dette dokumentet og lite beskrivande i samanheng mellom eigne tilsette og kompetansetillegg. Om det vert bestemt innført, må det brukast konsekvent gjennom dokumentet. I planutkastet er det brukt omgrepet *honorar* i nokre avsnitt, medan *kompetansetillegg* ser ut til å peike på dei same kronene i anna avsnitt.

*«..Det vil ha betydning for kommunen si vurdering om utdanning/kompetanseheving får statleg eller fylkeskommunal støtte. Sjå avtale om bindingstid.»*

Betydning for vurdering av kva? Kompetansetillegg? Utdanningsstønad?

Pkt. 6

*«..må det føreligge ein dokumentasjon på stillinga sitt opphaveleg innhald mht utdanningskrav og arbeidsområder….utarbeiding av stillingsomtalar…»*

Overflødig. Korleis er dette dokumentasjonskravet tenkt oppfylt?

Pkt. 7.4

*«…kan partane etter forhandling, inngå avtale om endra lønnsinnplassering.»*

Toparts? Treparts? Kven er partane her.

*«…det er få innkomne søknader, kan det bli gitt eit rekrutteringshonorar til kvalifiserte søkarar.»*

Saknar nynansar her. Det vert vel ikkje gitt «honorar» til ordinær kvalifiserte søkjar.

Kva med bindingstid?

Kven er forhandlingsutvalet i denne samanheng?

Pkt. 8.8

*«Arbeidsgjevar orienterer alle som har fått opprykk/tillegg i forhandlingane om resultatet.»*

Etter at protokoll er signert.

Helsing

Delta Aukra

v. HTV Kari Johanne Todal

kari.todal@gmail.com

delta EN ARBEIDSTAKER-ORGANISASJON I YS

| | | |
|---|---|---|
| | **Aukra kommune** | **Arkivsak:** **2018/889**-13<br>**Arkiv:** **231**<br>**Saksbeh:** **John Helge Frøystad**<br>**Dato:** **20.12.2018** |

**Saksframlegg**

| **Utv.saksnr.:** | **Utval:** | **Møtedato:** |
|---|---|---|
| 4/19 | Eldrerådet | 30.01.2019 |
| 4/19 | Livsløpsutvalet | 24.01.2019 |
| 5/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 6/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

**Eigabetaling leige GPS 2019**

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek slik eigenbetaling for Leie av GPS i 2019:
Pris GPS kr. 225 pr mnd. (sjølvkost)

**Saksprotokoll i Eldrerådet - 30.01.2019**

**Behandling**

**Vedtak**

**Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 24.01.2019**

**Behandling**

**Frode Bjerkan (H)** sette fram følgjande forslag:
Eigenbetaling for Leie av GPS i 2019 blir gratis for brukarane

Tilrådinga frå rådmannen fall med 1 mot 4 stemmer
Forslaget frå Frode Bjerkan vart vedtatt med 4 mot 1 stemme

**Uttale frå livsløpsutvalet**

Eigenbetaling for Leie av GPS i 2019 blir gratis for brukarane:

**Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019**

**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

**Innstilling frå formannskapet:**

Som tilrådinga frå rådmannen

**Særutskrift:**
Eldrerådet v/ Rolf Harald Blomvik
Rådet for likestilling av funksjonshemma v/ Katrine Rindarøy

**Bakgrunn:**

GPS er ein teneste som kan bidra til å tryggje både brukar og pårørande. I nokre tilfelle vil ein GPS åleine gi tilstrekkelig tryggleik til brukar og pårørande, for fortsatt å bu i eigen heim.

**Utgreiing:**

For heimebuande er dette ein vedtaksbasert teneste med eller utan eigenandel, jfr. Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester §8.
Det er saksbehandlar som gjer ei fagleg vurdering av om det ytes som erstatning for anna naudsynt helsehjelp eller om det er ein teneste av typen praktisk bistand for heimebuande.
Erfaringsgrunnlaget frå andre kommunar vi skal samanlikne oss med er ikkje til stades. Det er ikkje mange som har starte aktiv bruk av GPS, og enda færre har prisa dette. Fleire er i ein prøveperiode. Dei som har satt dette i system er fortrinnsvis større kommunar, mellom anna Bærum. Prisen Bærum tek er kr. 232 pr. mnd i 2018. Prisen er sjølvkost for drift av sjølve apparatet og same prinsippet Aukra kommunen ynskjer å legga til grunn i sin vurdering.
Det er fleire modellar, og arbeidet med å konfigurering vil variere. Sjølvkost isolert sett på sjølve eininga(GPS) vil verte mellom kr. 220 til kr. 248 pr mnd.
Rådmannen Forslag til pris for 2019 er kr. 225,- pr mnd.

**Administrative konsekvensar:**

**Økonomiske konsekvensar:**

Leigeinntektene går til drift og vedlikehald av velferdsteknologi og i tillegg innkjøp av nytt utstyr.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Nina Kristin Tomren
Einingsleiar heimetenester

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2016/424-54<br>Arkiv: U63<br>Saksbeh: Martina S. Böttcher<br>Dato: 15.01.2019 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 5/19 | Livsløpsutvalet | 24.01.2019 |
| 7/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 7/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

## Tilbakemelding på skjenkekontroll 24. november 2018

### Rådmannen si tilråding:

Aukra kommunestyre tildeler 1 prikk til Aukra hotell AS.

### Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 24.01.2019

### Behandling

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

### Uttale frå livsløpsutvalet

Som tilrådinga frå rådmannen

### Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019

### Behandling

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

### Innstilling frå formannskapet

Som tilrådinga frå rådmannen

### Vedlegg

1 Kontrollrapport - skjenkeløyve 24.11.2018
2 Førehandsvarsel datert 3. desember 2018

**Særutskrift:** Aukra hotell AS

**Bakgrunn:**

Aukra hotell AS har fått skjenkeløyve i k-sak 49/16 den 21. juni 2016.

Den 24. november 2018 vart det gjennomført ein skjenkekontroll ved Aukra hotell. Kontrollen vart utført av Securitas AS. Under kontrollen vart det avdekt eit avvik:

- Ein gjest har tatt med seg alkoholhaldig drikke ut av skjenkeområdet.

I *Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.* (alkoholforskrifta) § 4-4 står det:
*«Det må påses at gjestene ikke nyter medbrakt alkoholholdig drikk, eller medtar alkoholhaldig drikk når de forlater skjenkestedet.»*

*Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.* (alkoholforskrifta) § 10-2
*«Ved overtredelser som nevnt i § 10-3 skal kommunen tildele bevillingshaver et bestemt antall prikker. Likeartede brudd avdekket ved samme kontroll skal anses som ett enkelt brudd.»*

I følge alkoholforskrifta § 10-3 fører avviket til tildeling av 1 prikk:
*«Følgende overtredelser fører til tildeling av én prikk:*

- *Gjester medtar alkohol ut av lokalet, jf. § 4-4 i denne forskriften»*

**Utgreiing:**

Alkoholforskrifta §§ 10-1 til 10-6 omhandlar eit system for prikktildeling ved brot på alkohollovgjevinga. Kommunen er forplikta å tildele eit visst tal på prikkar ved ulike typar brot. Dersom ein bevillingshavar får 12 prikker i løpet av to år, skal kommunestyret inndra skjenkebevillinga i ei veke. Ved berekning av toårsperioden vert tidspunktet for avviket lagt til grunn. Toårsperioden gjeld sjølv om bevillinga vert fornya i løpet av perioden, jf. alkohollova § 1-6. Toårsperioden i saka startar 24. november 2018 og vil halde fram til og med 23. november 2020.

Ved Aukra hotell vart det avdekt eit avvik under kontrollen den 24. november 2018, der ein gjest har teke med seg alkoholhaldig drikk ut av skjenkestaden. I følgje rapporten har kontrollørane observert at ein gjest har kjøpt seg alkoholhaldig drikk i baren på hotellet. Straks etterpå tok han glasset med ut på trappa utanfor inngangen.

Ved avvik skal bevillingshavar få tilsendt kontrollrapporten innan ei veke, jf. alkoholforskrifta § 9-6. Securitas AS har sendt kontrollrapporten til både Aukra kommune og Aukra hotell den 28. november 2018. Kommunen skal sende ut eit førehandsvarsel. Varselet vart sendt ut 3. desember 2018, med kontrollrapporten som vedlegg. Bevillingshavar skal ha mulegheit til å uttale seg om avviket. Aukra kommune har ikkje fått uttale frå Aukra hotellet.

I følgje alkoholforskrifta er det kommunestyret som tildeler prikkar. Kommunen skal orientere bevillinghavaren om mulege konsekvensar ved tildeling av fleire prikkar.

Tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak som bevillingshavar kan klage på, jf. forvaltningslova § 28. Klageinstans er fylkesmannen.

**Administrative konsekvensar:**

Ingen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen.

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad<br>Rådmann | Aaslaug Søreide<br>Servicesjef |

SECURITAS

# Skjenkekontroll

**Kunde:** Aukra Kommune

**Objekt:** Aukra Hotell - Aukra Hotell AS

**Kontrollør:** 5655

**Starttidspunkt:** 24.11.2018 22.25

**Sluttidspunkt:**

**Avvik avdekket:** Ja

**Kommentar:** Avvik gjelder punkt 8: Like etter kontrollørenes ankomst kl 22:25 ble det observert at en mann [redacted] kjøpte en drink i baren på stedet. Straks etterpå ble kontrollørene oppmerksomme på han tok glasset med ut på trappen utenfor hotellets inngang. Han sto der litt før han gikk inn igjen med glasset. Ved kontrollørenes ankomst sto en gruppe gjester på trappen utenfor inngangen. Det ble observert at et glass fra stedet sto på trappen der disse gjestene sto. Glasset var tomt, men inneholdt et sugerør. Kan ikke med sikkerhet si om dette glasset inneholdt alkoholholdig drikke da det ble båret ut. Glasset ble litt senere tatt med inn av en mann, [redacted]

## Internkommentarer

| Spørsmål | Svar |
|---|---|
| **Kontrollteam** | |
| Tj.nr. 1 | 5655 |
| Tj.nr. 2 | 39378 |
| Åpen/Anonym kontroll? | Anonym |
| **Kontroll** | |
| 1: Ble det skjenket til for unge? Jfr alkohollovens § 1-5 og forskriftens § 2-3 | Nei |
| 2: Ble det avkrevd legitimasjon ved tvil om alder? Jfr forskriftens § 2-4 | Ikke aktuelt |
| 3: Befinner det seg personer åpenbart påvirket av rusmidler i lokalene? Jfr forskriftens § 4-1 | Nei |
| 4: Ble personer åpenbart påvirket av rusmidler fjernet fra lokalene? Jfr forskriftens § 4-1 | Ikke aktuelt |
| 5: Ble personer åpenbart påvirket fjernet før videre servering? Jfr forskriftens § 4-2 | Ikke aktuelt |
| 6: Ble det skjenket til personer åpenbart påvirket av rusmidler? Jfr forskriftens § 4-2 | Ikke aktuelt |
| 7: Påses det at for unge personer ikke drikker alkohol som skjenkes andre? Jfr forskriftens § 4-3 | Ikke aktuelt |
| 8: Nytes medbrakt eller medtas alkoholholdig drikke ut av skjenkeområdet? Jfr forskriftens § 4-4 | Ja (Alkoholholdig drikke ble tatt med ut av skjenkeområdet. Se kommentarfelt.) |
| 9: Ble volumbegrensningene for alkholgruppe 3 overholdt? Jfr forskriftens § 4-5 | Ja |
| 10: Ble skjenketiden overholdt? Jfr alkohollovens § 4-4 | Ikke aktuelt |
| 11: Er det rimelig utvalg av alkoholfrie drikke i sortimentet? Jfr forskriftens § 4-6 | Ja |

| | |
|---|---|
| 12: Er det et rimelig utvalg av halvflasker? Jfr forskriftens § 4-7 | Ja |
| 13: Er reklameforbudet overholdt? Jfr alkohollovens § 9-2 | Ja |
| Følger tilleggsrapport? | Nei |

**Røykekontroll**

| | |
|---|---|
| Merking jfr. lov om vern mot tobakkskader § 12 | Veggfast, Klistermerker |
| Røykes det inne i lokalet? Jfr Lov om vern mot tobakkskader § 12 | Nei |
| Har det blitt røyket i lokalet (Askebeger, røykfull luft mm.)Jfr Lov om vern mot tobakkskader § 12 | Nei |

**Skjenkestedet**

| | |
|---|---|
| Bevillingshaver/Styrer /Stedfortreder ihht bevilling? | Ja |
| Åpningstider/Skjenketider ihht bevilling? | Ja |
| Ansvarshavende | Hanna Marie Kaltrø |
| Er ansvarshavende over 20 år? | Ja |
| Ca. antall gjester | 70 |
| Aldersgrense | 0 |
| Inngangspenger | 0 |
| Karakterestikk av gjester/skjenkestedet | Voksne, Pub/Bar, Spisested, Hotel |

## Signatur

**Er signatur påkrevd?** Nei

# Aukra kommune

Aukra hotell
Nyjordvegen 14
6480 AUKRA

| Vår ref.: | Dykkar ref.: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2016/424-53/U63 | | Martina Susanne Böttcher | 03.12.2018 |

**Gjeld skjenkekontroll 24. november 2018**

Den 24. november 2018 vart det gjennomført ein skjenkekontroll ved Aukra hotell. Under kontrollen vart det avdekt eit avvik:

- Ein gjest har tatt med seg alkoholhaldig drikke ut av skjenkeområdet (sjå også vedlagt kontrollrapport).

I *Forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk mv.* (alkoholforskrifta) § 4-4 står det:

- «Det må påses at gjestene ikke nyter medbrakt alkoholholdig drikk, eller medtar alkoholholdig drikk når de forlater skjenkestedet.»

I følgje alkoholforskrifta § 10-3 kan avviket føre til tildeling av 1 prikk.

**Svarfrist**
Bevillingshavar skal ha muligheit til å uttale seg om avviket innan to veker. Aukra kommune ber om tilbakemelding innan måndag 17. desember 2018.

**Førehandsvarsel jf. alkohollova § 10-5**
Dette brevet er å sjå på som eit førehandsvarsel for eventuell tildeling av prikkar jf. alkohollova § 10-3.

Med helsing

Martina Susanne Böttcher
Saksbehandlar


| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
|---|---|---|---|
| Nyjordvegen 12 | Nyjordvegen 12 | 71 17 15 00 | 9650.26.60192 |
| 6480 Aukra | **Org.nr.** 964 981 337 | **Telefaks** | **Bankkto. skatt** |
| **E-post:** post@aukra.kommune.no | www.aukra.kommune.no | 71 17 15 01 | 6345 06 15473 |

**Vedlegg**

1 Kontrollrapport skjenkekontroll 24. november 2018

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2014/1229-4<br>Arkiv: 614<br>Saksbeh: Anne Jorunn Sandøy<br>Dato: 07.01.2019 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 6/19 | Livsløpsutvalet | 24.01.2019 |
| 6/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 8/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

## Revisjon av utleigesatsar i kommunale bygg

### Rådmannen si tilråding:

Revidering av utleigesatsar i kommunale bygg vert vedtatt slik dei er framstilt i utgreiinga.

### Saksprotokoll i Livsløpsutvalet - 24.01.2019

**Behandling**

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

**Uttale frå livsløpsutvalet**

Som tilrådinga frå rådmannen

### Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019

**Behandling**

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

**Innstilling frå formannskapet**

Som tilrådinga frå rådmannen

**Vedlegg:**

1 Utleigesatsar i kommunale bygg - vedtak i K-sak 127/14 den 11.12.2014

**Særutskrift:**

**Bakgrunn:**
Med fleire nye kommunale bygg og dermed også nye lokale til utleige er det nødvendig å revidere gjeldande satsar for utleige. Desse vart sist vedtatt i K-sak 127/14.

**Utgreiing:**
Omsorgssenteret stod ferdig våren 2018, Julsundet skole og fleirbrukshus opna til skolestart etter sommaren, Innvandring og Integrering har fått nye lokaler på Riksfjord, og Mevoldtunet vart opna i november. I tillegg vart Soltun revet før årskiftet. Dette medfører endra etterspurnad etter utleigelokale og eit behov for gjennomgang av dei gjeldande satsane. Einingane har fått uttalt seg og har kome med innspel til endringar basert på erfaringar. Tabellen har no i seg fleire alternativ spesifisert pr. bygg. Gjeldande satsar ligg ved i eige vedlegg.

Forslag til reviderte utleigesatsar:
Graderte utleigesatsar gjeld aktivitet som t.d. regelmessig og faste treningar og øvingar for kommunen sine innbyggarar. All anna aktivitet, inntektsbringande og kommersielle arrangement, samt konsertar og liknande, betaler husleige etter vedtatte satsar. Det same gjeld for private arrangement.

1. Det vert gitt fritak for leige i kommunale lokaler og anlegg for lag og organisasjonar, som driv aktivitet som t.d. trening og øvingar retta mot barn og ungdom under 18 år.
2. For aktivitet der målgruppa er innbyggarar over 18 år, gjeld vanlege husleigesatsar.
3. Den praktiske gjennomføringa av utleige vert organisert og administrert av den enkelte eining, med skriftleg avtale mellom eining og leigetakar.

| UTLEIGE I KOMMUNALE BYGG – GJELDANDE FRÅ 01.03.2019 | | |
|---|---|---|
| **Leigealternativ** | **Varigheit** | **Pris** |
| **SKOLEBYGG OG JULSUNDET FLEIRBRUKSHUS** | | |
| Gymsal med garderobar og dusjar | ½ sal - Inntil 3 timar | Kr. 300,- |
| | 1/1 sal - Inntil 3 timar | Kr. 550,- |
| | 1/1 sal pr. dag | Kr. 2.400,- |
| | Pr. månad – med trening 1-2 gonger pr. veke | Kr. 1.500,- |
| Arrangement i fleirbrukshuset;<br>Heile gymsalen, kjøkken, garderobar og inkl. foaje dersom ledig | Pr. dag | Kr. 2.400,- |
| Foaje i fleirbrukshuset. Ein må rekne med forstyrring av forbipasserande | Inntil 3 timar | Kr. 500,- |
| Møterom for 6-8 pers., fleirbrukshus 1. etg. | | Gratis leige |
| Amfiet Julsundet skole og fleirbrukshus | Inntil 3 timar | Kr. 500,- |
| Auditoriet Gossen barne- og ungdomsskole | Inntil 3 timar | Kr. 1.000,- |
| | Tilleggskostnad for teknikar er påkrevd ved bruk av AV- og lydutstyr | Etter avtale |
| Klasserom / kantineområde / foaje.<br>(Inkl. kantinekjøkken/kjøkken fleirbrukshus) | Inntil 3 timar | Kr. 300,- |
| | Pr. dag | Kr. 500,- |
| | Pr. månad – med øving 1 gong pr. veke | Kr. 1.000,- |
| Overnatting i klasserom | Pr. person pr. natt | Kr. 30,- |
| **AUKRA KULTURSKOLE OG FRAMSYNINGSSAL, RIKSFJORD** | | |
| Dansesal (inkl. permanent lyd- og lysanlegg, piano og projektor) | Inntil 3 timar | Kr. 500,- |
| | Pr. dag | Kr. 1.500,- |
| | Pr. månad - trening 1-2 gonger pr. veke | Kr. 1.500,- |
| | Tilleggskostnad for leige av teknikar er påkrevd ved lån av anna teknisk utstyr | Eter avtale |
| Framsyningssal (inkl. permanent lyd- og lysanlegg, samt projektor) | Inntil 3 timar | Kr. 500,- |
| | Pr. dag | Kr. 2.400,- |
| | Pr. månad - trening 1-2 gonger pr. veke | Kr. 1.500,- |
| | Tilleggskostnad for leige av teknikar er påkrevd ved lån av anna teknisk utstyr | Etter avtale |
| **INNVANDRING OG INTEGRERING, RIKSFJORD** | | |
| Klasserom | Inntil 3 timar | Kr. 200,- |
| Klasserom inkl. kjøkken | Inntil 3 timar | Kr. 300,- |
| | Pr. dag | Kr. 500,- |
| **AUKRA FRIVILLIGSENTRAL OG MEVOLDTUNET** | | |
| Heile lokalet | Pr. arrangment / pr. dag | Kr. 500,- |
| Tilrettelegging dagen før | | Kr. 500,- |
| **AUKRA OMSORGSSENTER** | | |
| Dagsenter m/kjøkken (det minste lokalet) | Pr. dag | Kr. 2.000,- |
| Dagsenter m/kjøkken (det største lokalet) | Pr. dag | Kr. 4.000,- |
| Begge dagsentera m/kjøkken | Pr. dag | Kr. 5.000,- |
| **BARNEBO OG BERGETIPPEN BARNEHAGE** | | |
| Sal inkl. kjøkken (Riksfjord; nærast Betania)<br>Avdeling inkl. kjøkken (Bergetippen) | Inntil 3 timar | Kr. 300,- |
| | Pr. dag | Kr. 500,- |
| Kjøkken (Riksfjord) | Inntil 3 timar | Kr. 300,- |
| | Pr. dag | Kr. 500,- |
| Grillhytte (Riksfjord, Bergetippen) | Pr. arrangement | Kr. 300,- |
| Møterom inntil 10 pers. (Furutun, Bergetippen) | Inntil 3 timar | Kr. 300,- |
| **SYMJEHALL RIKSFJORD** | | |
| Symjehall m/garderobar | For 1,5 time | Kr. 500,- |
| Leige av reinhaldar / badevakt | Pr. time | Kr. 500,- |

Merknadar:

- ➪ Ved behov for ekstra reinhald eller vaktmeistertenester vert det fakturert kr. 500,- pr. time, etter medgått tid.
- ➪ Det vert gitt fritak for vaksenopplæring i undervisningslokaler i samsvar med Lov om vaksenopplæring.
- ➪ Fritak for husleige gjeld ikkje for inntektsbringande arrangement, kommersielle arrarrangement, konsertar og liknande. Fritaket gjeld heller ikkje private arrangement.
- ➪ Faste treningar/aktivitet der arrangør har inntekt skal det bereknast leige etter sats «inntil 3 timar pr. gang». Det betyr at det ikkje er same reduksjon i husleiga som for lag og organisasjonar ved leige pr. månad.
- ➪ Ansvarleg eining informerer leigetakar om reglement og rutinar som gjeld for bruk av dei einskilde lokala; Branninstruks, rømmingsvegar og beredskap osv.
- ➪ Jfr. Alkoholpolitisk plan for Aukra kommune (revidert i k-sak 17/16 den 08.03.2016; kap. 6) skal det som hovudregel ikkje skjenkjast eller seljast alkohol i kommunale bygg ope for allmenta. Avgjerd om dette skal fattast av ordføraren.
- ➪ Levande lys skal ikkje nyttast i kommunale bygg.

Utleigesatsane vert neste gong revidert i 2021, før nytt kulturhus og basseng er ferdigstilt.

**Administrative konsekvensar:**

Dei reviderte utleigesatsane skal gjelde frå og med 01.03.2019 og kvar eining administrerer utleige i eiga eining.

**Økonomiske konsekvensar:**

Det vil ikkje vere vesentlege endringar i husleigeinntekter på grunn av denne revideringa.

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad<br>Rådmann | Anne Jorunn Sandøy<br>Kultursjef |

# Utleigesatsar kommunale bygg

## Vedtak K-sak 127/14, den 11.12.2014

Aukra kommune innfører graderte husleigesatsar for utleige av kommunale lokaler. Dette gjeld aktivitet som t.d. regelmessig og faste treningar og øvingar for kommunen sine innbyggarar. All anna aktivitet, inntektsbringande og kommersielle arrangement, samt konsertar og liknande, betaler husleige etter vedtatte satsar. Det same gjeld for private arrangement.

1. Det vert gitt fritak for leige i kommunale lokaler og anlegg for lag og organisasjonar, som driv aktivitet som t.d. trening og øvingar retta mot barn og ungdom under 18 år.
2. For aktivitet der målgruppa er innbyggarar over 18 år, gjeld vanlege husleigesatsar.
3. Den praktiske gjennomføringa av utleige vert organisert og administrert av den enkelte eining.

| Utleige av kommunale lokaler - gjeldande frå 01.01.2015 | | |
|---|---|---|
| **Leigealternativ** | **Vaksne / Anna utleige / Kommersiell utleige** | **Varigheit** |
| **Salar med garderobe/dusjar** | | |
| Gymsal med garderobe/dusjar | Kr. 300,- | ½ sal - Inntil 3 timar |
| | Kr. 550,- | 1/1 sal - Inntil 3 timar |
| Dansesal på kulturskolen | Kr. 300,- | Inntil 3 timar |
| Gymsal med garderobe/dusjar, samt Dansesal på kulturskolen | Kr. 2.400,- | Pr. dag |
| | Kr. 1.500,- | Pr. månad - trening 1-2 gonger pr. veke |
| Audioriet «Egget» | Kr. 1.000,- | Inntil 3 timar |
| **Klasserom eller møterom inkl. kjøkken** | | |
| Klasserom / møterom inkl. minikjøkken | Kr. 300,- | Inntil 3 timar |
| | Kr. 500,- | Utover 3 timar < 24 timar |
| | Kr. 1.000,- | Pr. månad - øving 1 gong pr. veke |
| Mat og Helse rommet | Kr. 500,- | Inntil 3 timar |
| | Kr. 1.000,- | Pr. dag |
| **Symjehall** | | |
| Symjehall m/garderobar | Kr. 500,- | For 1,5 time |
| Leige av reinhaldar / badevakt | Kr. 500,- | Pr. time |
| **Aukra Frivilligsentral** | | |
| Heile sentralen | Kr. 500,- | |
| Tilrettelegging dagen før | Kr. 150,- | |
| Lydanlegg inkl. piano og prosjektør | Kr. 250,- | |
| **Overnatting / Ekstra reinhald og vaktmestertenester** | | |
| Ekstra reinhald og vaktmestertenester | Kr. 500,- | Pr. time. Ekstra reinhald/vaktmester-tenester vert fakturert etter medgått tid. |

Merknad:

- ➪ Det vert gitt fritak for vaksenopplæring i undervisningslokaler i samsvar med Lov om vaksenopplæring.
- ➪ Fritak for husleige gjeld ikkje for inntektsbringande arrangement, kommersielle arrarrangement, konsertar og liknande. Fritaket gjeld heller ikkje private arrangement.
- ➪ Når det gjeld Julsundet samfunnshus, som er ein del av Julsundet skole, vil framleis eigne satsar for samfunnshuset gjelde ved utleige.
- ➪ Faste treningar/aktivitet der arrangør har inntekt skal det bereknast leige etter sats «inntil 3 timar pr. gang». Det betyr at det ikkje er same reduksjon i husleiga som for lag og organisasjonar ved leige pr. månad.

- ⇨ Ansvarleg eining informerer leigetakar om reglement og rutinar som gjeld for bruk av dei einskilde lokala.
- ⇨ For aktivitet i lokaler der kommunen er leigetakar, gjeld vanlege husleigesatsar.

Utleigesatsane vert indeksregulert årleg i samsvar med konsumprisindeks frå SSB.

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2013/1462-8<br>Arkiv: 611<br>Saksbeh: Gerd Nerbø<br>Dato: 11.01.2019 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 8/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 9/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

## Justering av retningslinjer for sal av tomter

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek Retningslinjer for sal av kommunale bustadtomter til private.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019**

**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

**Innstilling frå formannskapet**

Som tilrådinga frå rådmannen

**Vedlegg**

1 Retningslinjer for sal av kommunale bustadtomter til privat

**Særutskrift:**

**Bakgrunn:**

Reviderte retningsliner for sal av tomter vart vedtatt i k-sak 73/18. I dei vedtatte retningslinene vart det ikkje skilt mellom sal av private bustadtomter, sal av tomter til konsentrert utbygging og sal av næringstomter. Rådmannen ønsker at dei vedtatte retningslinenen skal skille mellom private kjøparar og kommersielle aktørar.

**Utgreiing:**

Større tomter i bustadfelt som er satt av til konsentrerte bustader, har vore selt til entreprenørar etter same tingingsreglement som sal til privatpersonar. Entreprenørar som kjøper tomtene har til hensikt å føre opp leiligheiter/rekkehus og selge desse til vidare til markedpris. Rådmannen meiner at desse tomtene bør selgast etter eit eige reglement, og vil difor endre det vedtatte reglementet frå sak 73/18 til å gjelde berre private kjøpara.

Vilkåra ved sal av kommunale næringstomter har vore praktisert ulikt. Fram til om lag 2015 vart det krevd at tomta skulle tilbakeførast til kommune dersom ho ikkje var teken i bruk innan tre år. Dei seinare år er kravet endra til eitt år.
Det er ikkje bestemt korleis ein skal fastsette prisen på tomtene, ikkje korleis desse skal fordelast dersom det er fleire interessentar i ei tomt eller om dei skal kunne seljast vidare.
Problemstillinga er aktualisert i samband med opparbeiding av industriområde på Hollingen, og ved at det vert frigjort areal for sal på Nautneset industriområde.

Rådmannen vil difor kome tilbake med ei eiga sak om sal av bustadareal til entreprenørar og sal av næringsareal.

I det vedtatte reglementet i sak 73/18 var kravet om bygging innan eitt år tatt vekk. Dette var i saksutgreiinga knytt saman med ein føresetnad om sal til markedspris, for å unngå spekulasjonar. Kommunestyret ønska ikkje at tomtene skal selgast til markedpris, og dermed vart det ein logisk brist i det vedtatte reglementet som rådmannen no ønsker å rette opp.
Dette betyr at rådmannen rår kommunestyret til å føye til desse punkta i reglementet for sal av kommunale bustadtomter til private:

*«Tomtearbeidet/bygging skal vere starta opp innan eitt år etter tildelinga.»,*
*«Tomta kan ikkje omsetjast utan å vere bebygd»*
*«Om tomtekjøper ikkje finn å ville bygge på tomta, men føra den attende til kommunen, får han attende kjøpesummen. Det blir ikkje rekna renter for den tida kjøpar har hatt tomta».*

**Administrative konsekvensar:**

Rådmannen vil legge fram ei sak sal av næringsareal og bustadareal til entreprenørar.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen.

Ingrid Husøy Rimstad
Rådmann

Gerd Nerbø
Teknisk sjef

**Aukra kommune**
**Tekniske tenester**

# Retningslinjer for sal av kommunale bustadtomter til private

For Aukra kommune skal følgjande retningslinjer gjelde ved sal av kommunale bustadtomter til private:

Utbygging av kommunale tomter er prisa med bakgrunn i dei utbyggingskostnadane som kommunen har hatt med å gjer tomtene byggeklare. Kvar tomt er frådelt med eige gards- og bruksnummer før tomta blir lagt ut for sal. Kvar tomt er tilknytt kommunal veg. Leidningar for kloakk, overvatn og drikkevatn er lagt fram til tomtegrense.

*1. Søknad om tomt*

1.1. Tomtesøkjarar for bustadtomter skal vere privatperson/ein husstand og må vere fylt 18 år på søknadstidspunktet. Dersom privatpersonar ønskjer å kjøpe meir enn ei tomt i same felt, kan dette først skje etter nærare vurdering.

1.2. Ved første utlegging av tomter for sal kan det søkjast på maks tre tomter i prioritert rekkefølgje. Kommunen sitt søknadsskjema skal nyttast. Søknad vert ikkje handsama før slikt skjema er nytta.

1.3. Første tildeling av tomter i eit nytt og opparbeida område skjer etter kunngjering i lokalavisa og på kommunen si heimeside. Dersom ein før har meldt si interesse via kommunen si heimeside, vil ein bli kontakta på e-post samtidig med kunngjeringa. Alle må levere skjema for å vere med i trekning, også dei som har vist interesse på førehand.

1.4. Frist for å søkje blir oppgjeve i kunngjeringa.

*2. Tildeling av tomt*

2.1. Dersom det er fleire søkjarar til same tomt, vert tomt tildelt ved loddtrekning.
Det blir sendt ut brev til alle søkjarar om resultat.

2.2 Den som får tildelt tomt, vil motta tildelingsbrev, «eigenfråsegn om konsesjonsfriheit» og standard kjøpekontrakt. Tomta er då reservert, utan økonomisk binding, i inntil 2 månader før signatur og betaling. Dette for at tomtesøkjar skal kunne gjer seg kjent med reguleringsføresegner osv. Reservasjonstida startar frå dato på tildelingsbrevet.

2.3. Tomtesøkjar bekreftar kjøpet ved å returnere signert kjøpekontrakt saman med signert skjema «eigenfråsegn om konsesjonsfriheit».

2.4. Dersom det er ledige tomter etter at førstegongstildeling er gjennomført, blir desse lagt ut for sal og tildelt fortløpande.

2.5. Dersom kommunen ikkje mottek signert kjøpekontrakt innan fristen, vert saka avslutta og kommunen kan legge tomta ut for sal jamfør pkt. 2.4.

*3. Betaling/kjøp*

3.1. Kjøpesummen skal betalast seinast 2 månader etter at kjøpekontrakt er signert. Ved overføring av heimel skal tomta i alle høve vere fullt betalt.
3.2. Tomta vert seld fri for pengehefte.
3.3. I fall tomta ikkje er betalt innan fastsett frist, vert saka avslutta, og kommunen kan leggje tomta ut for sal på ny, jamfør pkt. 2.4.

*4. Vilkår ved kjøp av tomt*

4.1 Tomtearbeidet/bygging skal vere starta opp innan eitt år etter tildelinga.
4.2 Tomta kan ikkje omsetjast utan å vere bebygd.
4.3 Om tomtekjøpar ikkje finn å ville bygge på tomta, men føra den attende til kommunen, får han attende kjøpesummen. Det blir ikkje rekna renter for den tida kjøpar har hatt tomta.
4.4. Tomta vert overtatt slik ho er ved heimeloverføringa, med skjeringar, fylling og naudsynte tekniske anlegg (både i, på, og over jorda).
4.5. Kommunen og andre kabeletatar har rett til å kome fram over tomta for å reparere, eventuelt leggje nye kablar, røyrleidningar og kummar, mot å betale for dei ulempene ein valdar.
4.6. Kvar tomteeigar må syte for drenering og avleiing av overflatevatn på eiga tomt og ovanforliggjande terreng.
4.7. Tomteeigaren har det framtidige ansvaret for vedlikehald og drift av stikkleidningar for vatn og avlaupsleidningar fram til det offentlege nettet. Tomteeigar skal òg syte for at stikkleidning gjennom avkjørsle er min. 200 mm i diameter og at ho til ei kvar tid er opa.
4.8. Der ein eller fleire tomteeigarar har tilkomst eller felles tilkomst frå offentleg veg, skal desse saman ha ansvaret for drift, vedlikehald og snøbrøyting.
4.9. For alle nye felt skal det opprettast realsameie for alle leikeplassar. Det vil sei at kvar tomteeigar vil eige ein ideell del av leikeplassane etter fordelinga i reguleringsføresegnene. Då vil tomtekjøpar ha eit solidarisk ansvar for vedlikehald av tilhøyrande leikeplass ved tomta.
4.10. Punkta 4.1. - 4.6., siste setning av punkt 4.7. og 4.9. skal stå i skøytet som hefte på tomta.
4.11. Ved innbetaling av kjøpesummen samtykkes det samtidig i desse retningslinjene.

ePhorte 13/1462-8
Vedtatt i formannskapet den 28.01.19, sak xx/19

| | Aukra kommune | Arkivsak: 2016/906-53<br>Arkiv: 033<br>Saksbeh: Lene Marita Ræstad<br>Dato: 29.01.2019 |
|---|---|---|

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 4/19 | Ungdomsrådet | 29.01.2019 |
| 10/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

**Søknad fra Marcus A. Aure - fritak frå sitt verv i Aukra Ungdomsråd**

**Rådmannen si tilråding:**

Marcus A. Aure vert fritatt frå sitt verv i Aukra Ungdomsråd. Ida Eline Haukvik får tilbodet om å vere 5.vara for Aukra Ungdomsråd for innehavande periode.

**Saksprotokoll i Ungdomsrådet - 29.01.2019**

**Behandling**

Samrøystes som tilrådinga frå rådmannen

**Uttale frå ungdomsrådet**

Marcus A. Aure vert fritatt frå sitt verv i Aukra Ungdomsråd. Ida Eline Haukvik får tilbodet om å vere 5.vara for Aukra Ungdomsråd for innehavande periode.

Vedlegg

1 Søknad fra Marcus A. Aure - fritak frå sitt verv i Aukra Ungdomsråd

**Særutskrift:** Marcus A. Aure og Ida Eline Haukvik

**Bakgrunn:**

Marcus søkjer om å verte fritatt sitt verv i Aukra Ungdomsråd.

Ida Eline Haukvik var ved valet 12.06.2018 i sak 2016/906-30 sett opp som første reserve ved eventuelle fråfall av medlemmar i rådet.

**Utgreiing:**

Sjå vedlegg.

**Administrative konsekvensar:** Ingen

**Økonomiske konsekvensar: Ingen**

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad | Anne Jorunn Sandøy |
| Rådmann | Kultursjef |

Marcus Aas Aure
Segelneset 14
6408 Aureosen

Aukra Ungdomsråd
Nyjordsvegen 12
6480 Aukra

10.01.2018

**FORESPØRSEL OM Å GÅ UT AV AUKRA UNGDOMSRÅD**

Eg har tatt kontakt med dykk om min medlemsplass i Aukra Ungdomsråd. Eg ynskjer å seie frå meg plassen min som varamedlem.

I hausten 2018 så ble eg spurt om å bli medlem i Fræna Ungdomsråd, seinare Hustadvika Ungdomsråd. Denne medlemsplassen har eg takka ja til. Eg er innbyggjar i Fræna kommune og har størst interesser for politikk innan Fræna. Eg er også tilbydt ein representantplass for ungdommen i søre-Fræna.

Eg vil gjerne takke alle saman for den flotte tida eg har fått med alle. Eg har lært mykje med dykk og angrar ikkje eitt sekund på å ha blitt med.

Med venleg helsing,
Marcus Aas Aure

| | | | |
|---|---|---|---|
| | **Aukra kommune** | **Arkivsak:** | **2017/352**-102 |
| | | **Arkiv:** | **141** |
| | | **Saksbeh:** | **Kjell Lode** |
| | | **Dato:** | **13.12.2018** |

**Saksframlegg**

| Utv.saksnr.: | Utval: | Møtedato: |
|---|---|---|
| 12/19 | Formannskapet | 28.01.2019 |
| 11/19 | Kommunestyret | 05.02.2019 |

**Kommuneplan for Aukra, samfunnsdelen 2019 - 2030, til godkjenning**

**Rådmannen si tilråding:**

Aukra kommunestyre viser til plan- og bygningslova § 11-15 og godkjenner kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2030 slik denne går fram av plandokumentet vedlagt saka.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 28.01.2019**

**Behandling**

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedtatt

**Innstilling frå formannskapet:**

Aukra kommunestyre viser til plan- og bygningslova § 11-15 og godkjenner kommuneplanen sin samfunnsdel 2019 – 2030 slik denne går fram av plandokumentet vedlagt saka.

Vedlegg

1 Kystverket
2 Ole Rakvåg
3 Norges Vassdrags- og energidirektorat
4 Direktoratet for mineralforvalting
5 Sandøy kommune
6 Aukra ungdomsråd
7 Forsvarsbygg
8 Barn og unges representant
9 Statens vegvesen
10 Fylkesmannen i Møre og Romsdal

11 Møre og Romsdal fylkeskommune
12 Aukra næringsforum
13 Plandokument, kommuneplanen sin samfunnsdel

**Særutskrift:** Høyringsinstansane

**Bakgrunn:**

Kommuneplan for Aukra, samfunnsdelen, har vore på høyring i perioden 30.10. – 12.12.2018. Det er mottatt 11 uttaler. Uttalane blir omtala og kommenterte i det følgjande.

Rådmannen har hatt som mål at plandokumentet skulle bli så kort og konsist som mogeleg. I uttalane til planen ser vi mange ønske om meir omtale av einskilde ansvarsfelt, både om kva utfordringar fagområda har og fleire mål og gjennomføringsstrategiar. Ønsket om nærare omtale kan ikkje imøtekomast generelt, men einskilde tilføyingar og endringar er tatt med. Desse bli særskild omtala seinare i saka. I vedlagte plandokument er endringane viste med raud skrift.

Om plandokumentet
I samband med høyringa innleia rådmannen eit samarbeid med EKH Grafisk, Molde for å få eit forslag til presentasjon av stoffet i form av ei trykksak. Trykksaken med planforslaget vart godt mottatt, og rådmannen vil følgje opp med trykking av den vedtekne planen. Det kom merknader til biletbruken, at denne er upersonleg. Der folk er ein del av biletet, ser vi helst ryggen av desse. Litt av grunnen til dette er at ein på tidspunktet for trykkinga ikkje tok seg tid til arbeidet med å hente inn nye bilete og naudsynte løyve til biletbruk. I den endelege versjonen av plandokumentet vil vi arbeide meir med illustrasjonane og finne meir relevante bilete. Innhaldsmessig vil plandokumentet bli supplert med eit forord frå ordførar og eit samandrag. Plandokumentet er tredelt.

Første del, *Bakgrunn*, er ein omtale av lovgrunnlag og overordna mål, om nasjonale, regionale og lokale rammer og føringar for planarbeidet. I tillegg er det omtale av planprosess og medverknad. Det er gjort nærare greie for intensjonane med planarbeidet og samfunnsdelen som eit viktig politisk og administrativt styringsverktøy med tette koplingar både til kommunal planstrategi, til kommuneplanen sin arealdel, til kommunedelplanar i form av tema-, sektor- og områdeplanar, og til handlingsprogram med referanse til budsjett og økonomiplan.

Andre del, *Utviklingstrekk*, er ein presentasjon av kommunen med vekt på dimmensjonerande føresetnader i form av folketal, pendling, alderssamansetning m.m.

Tredje del, *Satsingsområde, mål og strategiar,* omfattar nærare omtale av gjennomgåande perspektiv og åtte utvalde satsingsområde med mål og strategiar knytt til kvar av desse. For kvart satsingsområde er dette summert opp gjennom overskriftene *Slik vil vi ha det* og *Slik gjer vi det.* Føringar for arbeid med arealdelen blir nemnd for nokre av satsingsområda.

Klar til bruk
Med vedtak om godkjenning av samfunnsdelen, no tidleg på nyåret i 2019, får vi høve til å ordne hierarkiet av plandokument i ei logisk rekkefølgje. Samfunnsdelen skal vere den overordna planen i kommunen som set rammer og mål for alt som skal gjerast. Planen blir utgangspunkt for kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett – og for arealdelen og alle andre fagplanar som anten skal reviderast eller lagast nye. Arbeidet med handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett starter så snart årsrapport og rekneskap for 2018 er avslutta. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i sitt høyringssvar peika på samanhengen i det kommunale planhierarkiet og at kommunen bør arbeide mot ei meir samordna rullering av dei overordna planane. Dette støtter rådmannen, og det er det vi ser for oss skal skje, når samfunnsdelen no blir godkjent. I plandokumentet er dette omtala under kapittel 1.2.

**Utgreiing:**

Uttalane til samfunnsdelen blir omtala i den rekkefølgja dei vart mottekne.

**Kystverket, Midt-Norge**
Kystverket har ingen særleg merknader til utfordringane, måla og strategiane som planen legg opp til.

**Ole Rakvåg**
Det blir etterlyst eit satsingsområde på «næringsutvikling og verdiskaping» med bakgrunn i at folk i arbeidsfør alder vil auke i planperioden og søke arbeidsplassar lokalt. Det blir etterlyst forventningar til Aukra næringsforum som medverkande i å skape nye arbeidplassar. Nye arbeidsplassar blir aktuelt med ny infrastruktur, Møreaksen / Kjerringsundet i tillegg til ringverknadane av Ormen Lange (Nyhamna Prosessanlegg). Rakvåg førslår ei samling av alle «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det» fremst i dokumentet.

Kommentar
Satsingsområdet som er etterlyst, er relevant. Dei 8 satsingsområda som er tatt med i planen er kome fram gjennom ein brei medverknadsprosess, og inntak av fleire satsingsområde vil gjere planen meir vidtfemnande og spreidd i høve til gjennomføring. Det finnst mål og strategiar under satsingsområda «Attraktiv kommune» og «Aukra i regionen» som er relevante i høve til næringsutvikling og verdiskaping.
Det er laga eit kort samandrag av planen som blir plassert fremst i plandokumentet. Rådmannen ser det ikkje tenleg å ta med ei samling av mål og strategiar i samandraget.

**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**
NVE har ingen merknad til planframlegget.

**Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)**
DMF peikar på at plassering av lokale massetak for uttak av bergmassar til byggeføremål vil vere positivt med tanke på reduksjon av transport og klimautslepp. Planen bør innehalde eit overslag for kor lenge eksisterande massetak kan levere massar og legge til rette for nye.

Kommentar
Under satsingsområdet «Klima og miljø» blir det lagt til eit kulepunkt om massetak for vidare oppfølgjing i kommuneplanen sin arealdel.

**Sandøy kommune, kommunestyret**
Sandøy kommunestyre er opptatt av at etablerte samarbeid mellom Aurka og Sandøy må kunne halde fram sjølv etter at Sandøy blir ein del av nye Ålesund kommune. Det blir vist til at samfunnsdelen omtaler at Aukra får ein ny posisjon aleine mellom dei nye kommunane Molde og Hustadvika, men også nye Ålesund kommune blir nabo og bør kanskje omtalast. Elles vises det konkret til samarbeida med Sandøy om legevakt og Øyriket i Romsdal. Begge samarbeidsprosjekta er Sandøy kommune interessert i å finne eit framhald for. Det bli også vist til at fergesambandet Småge – Orten – Finnøy – Sandøy – Ona er viktig og aktuelt å vidareføre som samarbeidsprosjekt.

Kommentar
Aurka kommune ønsker på generelt grunnlag å halde fram samarbeidet med nabokommunar også etter at nye kommunar er etablerte. Tingingar i samband med kommunereforma vil avgjere kva form samarbeida får. Omtale av Nye Ålesund kommune blir tatt inn saman med Nye Molde

kommune og Hustadvika kommune. Samarbeidsmål er sett opp under satsingsområdet «Aukra i regionen» i høve interkommunale samarbeid og nye innbyggarar frå Orten.

**Aukra ungdomsråd**
Ungdomsrådet har merknad til klima og miljø og kring barn og unge i Aukra kommune. Særleg busstilbodet på Gossen blir omtala som lite tenleg å nytte for å kome seg til og frå fritidsaktivitetar. Ungdomsrådet er nøgd med at barn og unge sine interesser er omtala som lovpålagt oppgåve. I møte om samfunnsdelen den 14.11.18 peika representantane frå ungdomsrådet på ein mangel i tabellane om folketal side 8 og 9 i plandokumnetet der y-aksen ikkje hadde fått namn. Kurvene viser foketalsutvikling i tal personar.

Kommentar
Det er Møre og Romsdal fylkeskommune som administrerer busstilbodet. Samfunnsdelen har eit eige strategipunkt for utvikling av kollektivtilbodet under satsingsområdet «Attraktiv kommune». Barn og unge går elles att innafor fleire satsingsområde med mål og strategiar. Nemnde y-akse blir retta, og aksen får namn «tal personar». Rådmannen ser elles at andre tabellhovud kan få litt meir forklarande tekst.

**Forsvarsbygg**
Forsvaret sin aktivitet er avgrensa i Aukra kommune. Hovudaktiviteten er knytt til heimevernet og IKT-anlegg nokre få stader i kommunen. Aktiviten er ikkje nemnt i planen, men vi ber om at Forsvaret sine interesser og arealbruksbehov vert vurdert og sikra i det vidare planarbeidet, både gjennom kommuneplanen sin areldel og gjennom tidlig dialog i reguleringsplan- og byggesaker.

Kommentar
Forsvaret har ein tydeleg plass i kommuneplanen sin arealdel og vil alltid vera med som høyringspart i planarbeid og elles som tiltakshaver i høve til mogelege byggeprosjekt. Desse interessene blir tatt i vare gjennom kommuneplanen sin arealdel og anna planarbeid der forsvaret blir berørt.

**Barn og unge sin representant**
Det blir vist til kommunen si lovpålagde oppgåve i høve medverknad, PBL § 5-1 og konkret etterlyst mål om:

- At barn og unges representant i plansaker skal koplast på plansakene
- At barn og unges representant for å ha reell medverknad skal koplast i prosess (og ikkje først når ei sak er ute på offentleg høyring).

Kommentar
Plan og bygningslova § 5-1 er tydeleg på kva kommunane pliktar å gjere for å sikre «aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge.» Dette gjeld også tidleg involvering i planarbeid. Rådmannen ser difor ikkje grunn til å nemne eit slikt lovpålagt krav særleg i samfunnsdelen. Barn og unge er like fullt eit eige satsingsområde i samfunnsdelen. Eit konkret målpunkt (Slik vil vi ha det) er «Medverknad frå barn og unge» med strategipunkt (Slik gjer vi det) «Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei» og «Alle barn og unge skal få erfaring med og skolering i demokratiske prosessar». Slik er alt merknaden imøtekomen.

**Aukra næringsforum**
Aukra næringsforum har levert eit omfattande høyringssvar og har mange forslag til mål og strategiar som bør takast inn i samfunnsdelen. Stoffet er systematisk delt inn i satsingsområde, mål og strategiar for gjenomføring – mykje likt med oppbygginga av samfunnsdelsdokumentet. Det fører for langt å refere alt i høyringssvaret her i saksframstillinga, men rådmannen viser til vedlegg til saka der heile høyringssvaret kan finnast.

Kommentar

Det aller meste av mål og strategiar som blir føreslege tatt inn i samfunnsdelen, finst i dokumentet frå før i ei eller anna form. Det er naturleg at næringsforumet er særleg opptatt av tilrettelegging for og støtte til næringslivet. Av konkurranseomsyn er det avgrensa kva kommunen kan gjere i høve til direkte næringsstøtte. Kommunen si oppgåve er i første rekke å legge til rette for god infrastruktur, tilgjengelege tomter og tidleg medverknad i planprosessar. Infrastruktur og tomter blir vidareført i arealdelen medan medverknad har fått eit eige målpunkt under satsingsområdet «Fornying, forenkling og forbetring»: «Nye former for samfunnsengasjement, samskaping» (Slik vil vi ha det) og «Tidleg definering og engasjering av parter som har med saka å gjere (Slik gjer vi det).

**Statens vegvesen, Region midt**
Merknadane er konsentrert rundt tema folkehelse og attraktiv kommune. Folkehelse som gjennomgåande perspektiv må innarbeide mål og strategiar for trafikktrygge omgjevnader slik at barn og unge får sikker skuleveg og at det blir lett og attraktivt å røre seg ute.

Satsingsområdet «Attraktiv kommune» har ei målestjing om tilrettelegging av infrastruktur med eit strategipunkt om «Samarbeid om bruksendring / brukstilpassing av FV 662 i Julsundet med tanke på utvikling av fleire bustadareal». Dersom ein kan tolke dette som eit forsøk frå kommunen om å redusere FV 662 sin transportkapasitet, varslar Statens vegvesen at dette strir mot fylkesvegen sin trasportmessige funksjon og vegeigar, Møre og Romsdal fylkeskommune, si funksjonsdeling av fylkesvegnettet. Kommunen sitt ønske om tilrettelegging for utbyggingsføremål med tosidig randutbygging (både i Julsundet og på Falkhytten) strir også mot dei «Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, transport- og arealplanlegging». Retningslinjene er tydeleg på at det skal leggjast opp til eit utbyggingsmønster som reduerer trongen for transport, fremjar miljøvenlege tansportval og reduserer klimautslepp. Statens vegvesen føreset at strategiar og delmål for å nå desse måla blir diskuterete i samfunnsdelen.

Kommentar
Koplinga mellom folkehelse og trafikktrygge omgjevnader meiner vi kjem fram som ein strategi gjennom trygge skulevegar i trafikktryggingsplanen, jamfør kapittel 3.2 og strategiar for frivillig arbeid, jamfør kapittel 3.2, 3.3 og 3.4. Folkehelse er eit gjennomgåande perspektiv i vår plan, og difor finst det mål og strategiar innafor fleire satsingsområde, jamfør dei nemnde kapitla framanfor.

Med omsyn til målsetjinga om tilrettelegging av infrastruktur og konkrete merknader til FV 662 i Julsundet har Statens vegvesen heilt korrekt oppfatta at Aukra kommune ønsker ein diskusjon om fylkesvegen gjennom denne delen av kommunen. Gjennom heile medverknadsprosessen for kommuneplanen sin samfunnsdel har innbyggjarane i Julsundet og kommunepolitikarane vore tydelege på at eit samarbeid om funksjonen til FV 662 skal vera ei prioritert oppgåve. Kommunen har alt førebudd ein slik diskusjon gjennom kommuneplanen sin arealdel der sentrumsfunksjonane både på Gossen og i Julsundet er drøfta saman med eit skisseprosjekt for avkøyringssanering og trafikksikring i Julsundet. Innbyggjarane i Julsundet har i fleire folkemøte og gjennom sine politiske representantar peika på det trafikksikringsmessige problemet vegen utgjer for lokalsamfunnet. Kva er i vegen med noko så «enkelt» som å redusere fartsgrensa frå 80 til 60 km/t? Tidstapet fram til ferja på Hollingsholmen, der den meste av trafikken skal, er på om lag eitt og eitt halvt minutt. Uttalen frå Statens vegvesen som også representerer Møre og Romsdal fylkeskommune som vegeigar, har verknad som eit politisk standpunkt med direkte konsekvens for kommunen sin rett til å planlegge for eigen befolkning og eige landareal. Kommunen må ha rett til å utfordre eit slikt standpunkt. Mål- og strategipunktet blir ståande, men er utforma som ein invitasjon til samarbeid. Dette vil vere utgangspunktet for det vidare politiske og administrative utviklingsarbeidet i Julsundet.

**Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FM)**
FM har delt merknaden inn i fagtema. Kvar fagtema blir kommentert i rekkefølgje nedanfor.

Planfagleg
Innleiingsvis komenterer FM den planhierakiske samanhengen (som følgjer av plan- og bygningslova) og etterlyser ei meir samordna rullering av våre overordna planer. Medverknad i planprosessar blir understreka som eit sentralt tema. Utvalet av statistikkemne er kommentert å vere litt knapt og der ein gjerne kunne utdjupa kva konsekvensar og utviklingstrekk ein ser for samfunnsutviklinga slik denne kjem fram av statistikken. FM tilrår at plandokumentet mot slutten får ei oppsummering av kva satsingsområde kommunen vil prioritere. Dette som grunnlag for handlingsprogrammet (handlingsdelen til kommuneplanen), ulike fagplaner som følgjer av planstrategien og rullering av arealdelen. Vidare rår ein til ei drøfting av oppgåver og utfordringar knytt til tverrsektoriell samhandling internt i kommunen og utover mot andre aktuelle samarbeidsparter, gjerne sett i lys av kommune- og regionreforma.

Kommentar
Rådmannen er bevisst på samanhengen i plansystemet. Dette går fram av plandokumentet under punkt 1.2, og temaet har vore sentralt i medverknaden til planarbeidet frå politikararne og dei administrative leiarane.

Statistikktabellane i plandokumentet er litt omarbeidde for å gjere dei lettare lesbare og med nokre korte kommentarar på kva tala betyr, jamfør kapittel 2.1. Det er laga eit samandrag som er lagt inn i plandokumentet.

Rådmannen har ikkje tenkt at det skal gjerast ei prioritering mellom satsingsområda. Satsingsområda kom fram gjennom ein lang medverknadsprosess som val mellom langt fleire satsingsområde enn dei vi no står att med. Satsingsområda skal gjelde for ein planperiode som strekker seg over mange år. Vidareføringa til handlingsdelen og handlingsprogrammet er tenkt utført som ein utvalsprosess i samband med utarbeiding av økonomiplan og årsbudsjett. Rådmannen har då høve til å gjere «dagsaktuelle» val blant satsingsområda knytt til sentrale føringar og lokale behov på det aktuelle planleggingstidspunktet. Slik vil satsingsområda etter tur bli førebudde for gjennomføring.

Til temaet om intern og ekstern samhadling er å seie at dette finst som ulike mål og strategipunkt under fleire av satsingsområda. Kommunereforma er omtala, og eit målpunkt er at Aukra kommune tidleg skal søke å vidareføre dei interkommunale samarbeida kommunen er del av i dag.

Natur og miljøvern
FM er nøgd med at kommune har lagt stor vekt på klima som satsingsområde med tydelege mål og føringar. Dersom det finst særlege viktige naturverdiar i kommunen, ser ein gjerne at desse blir omtala og gjevne mål og retningslinjer. Det blir konkret etterspurt bevisst handling for kampen mot framande artar.

Kommentar
Kommunen har større område med kystlynghei som i forskrift til naturmangfaldslova er ein prioritert naturtype. Det er vidare ressursar i dei nære havområda, men desse er lite kartlagde. FM ber om relativt konkrete mål og strategiar knytt til dette satsingsområdet, meir konkrete enn det rådmannen ser er naturleg å ta inn i samfunnsdelen. Plandokumentet har alt to svært konkrete strategipunkt («Slik gjer vi det»): «Utarbeide klima- og miljøplan» og «Motverke attgroing av kulturlandskapet, og utrydde framande artar i offentlege parkar og anlegg». Klima- og miljøplanen er rett stad å ta inn dei konkrete satsingane som FM etterspør.

Barn og unge
FM gir positive tilbakemeldingar på satsingane kommunen vil gjere for oppvekstvilkåra for barn- og unge. Skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom blir understreka som viktig lågterskeltilbod.

Medverknad på område som er viktig for ungdom, kan ein få gjennom å engasjere ungdomsrådet, slik kommunen har som strategi, men også ved å engasjere elevråda ved skulane. FM minner om nye kompetansekrav i grunnskulen og at kommunen må førebu seg på dette. Aukra er med i eit interkommunalt samarbeid om barnevern. Barnevern er ikkje særskild nemnd i samfunnsdelen, og FM minner om det ansvaret kommunen har for tenesta gjennom det interkommunale samarbeidet.

Kommentar
Tilbakemeldingane på satsingsområdet er positive. Rådmannen viser til planstretegien for kommunen for åra 2017 – 2019 der fleire fagplanar er lista opp for utarbeiding, blant anna «Barne- og ungdomsplan» og «Barnehageplan». Barne- og ungdomsplanen hadde oppstart samstundes med samfunnsdelen og er under utarbeiding. Barnevernspørsmål er ein naturleg del av denne planen. Tiltak innan skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom er alt iverksette. Engasjering av elevråd blir tatt med i eitt av strategipunkta under målpunktet «Medverknad frå barn og unge».

Folkehelse, universell utforming
Kommunen har vald folkehelse som eit gjennomgåande perspektiv. Fokus på folkehelse er å finne i fleire av satsingsområda. Dette er positivt. Kommunen bør like fullt vurdere om det skal førast opp nokre spesifikke mål og strategiar for folkehelsearbeidet. Universell utforming bør også vurderast som eit gjennomgåande perspektiv som skal nemnast særskild i planen.

Kommentar
Gjennomgåande perspektiv er nemnt i plandokumentet under punkt 1.3. Rådmannen vil tydeleggjere desse perspektiva gjennom ei opplisting. Dei gjennomgåande perspektiva har grunnlag i konkrete lover og føresegner og er forpliktande for kommunane. Samfunnsdelen skal viser korleis kommunen tenkjer å løyse prioriterete oppgåver. Ikkje alle oppgåver kan ha like stort fokus til ei kvar tid, difor viser også plandokumentet kva som blir særleg lagt vekt på i denne planperioden. Samfunnstryggleik og Barn og unge er vald som gjennomgåande perspektiv. Dei gjennomgåande perspektiva som ikkje er særleg omtala er like fullt forpliktande for kommunen.

Helse, omsorg og sosial
FM held fram kvalitetsreforma «Leve hele livet» som nasjonal satsing i perioden 2019 – 2023. Aukra kommune bør innarbeide denne i samfunnsdelen blant anna for å kome i posisjon for å få prioritet innan relevante eksisterande og eventuelle nye øyremerka ordningar. Sosiale skilnader kan gi uheldige utslag i høve til helse og deltaking i samfunnet. Desse utfordingane er lite omtala i planen.

Kommentar
I planstrategien er det vist til utarbeiding av ein helse og omsorgsplan. Oppstarten av denne vart meldt samstundes med samfunnsdelen, men er dessverre ikkje kome langt nok i høve til framdriftsplanen. Denne planen er tenkt å ta opp i seg dei tema som FM etterlyser, blant mange fleire.

Landbruk
Det er merknad til tema jordvern og at kommune bør setje seg eit lokale mål.

Kommentar
Jordvernet høyrer naturleg til i ein fagplan og i kommuneplanen sin arealdel. Jordvern er nemnd i eit strategipunkt under satsingsområdet «Klima og miljø», jamfør kapittel 3.9.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing
FM ser at Aukra kommune med samfunnsdelen langt på veg oppfyller § 3 i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Det som manglar, er ein plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik, der kommunen mellom anna følgjer opp dei strategiske vala gjennom prioritering av tiltak. Samfunnsdelen har eit mål om å oppdatere ei helskapleg ROS- analyse kvart fjerde år. Det kan vere

aktuelt å gjere revisjon oftare, og kommunen bør vurdrer å endre dette målpunktet. Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2014, og må derfor oppdaterast.

Kommentar
Samfunnsdelen har prioritert samfunnstryggleik som eit gjennomgåande perspektiv. Mål og strategiar for dette arbeidet finst under fleire av statsingsområda. I kommunen si planstrategi skal den heilskaplege ROS-analysen reviderast i 2019. Strategipunktet om revisjon av ROS-analysen i samfunnsdelen blir endra til: «Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) *minst* ein gong i kvar valperiode».

**Møre og Romsdal fylkeskommune (FK)**
Fylkeskommunen årsakar seg for sein tilbakemelding.

Planfaglege merknader
Innleiingsvis blir det etterlyst at vedtatt planprogram ikkje var medsendt til høyringa, og at ein difor går ut frå forslaget til planprogram som tidlegare var til høyring. Plandokumentet har ingen referaser til planprogrammet eller utfordringsdokumentet som planen viser til. Plandokumentet er av visjonær karakter noko som i liten grad gjer naudsynte prioriteringar synleg og kven som har ansvar for ulike mål.

I samband med statistikkgrunnlaget etterlyser FK korleis kunnskapen herifrå påverkar det strategiske handlingsromet for kommunen. Kva med dei strukturelle endringane som oppstår med utvidinga av kommunen sitt areal vestover, kva verknad får fastlandsambandet (Kjerringsundet) for kommunen sitt samkvem med nabokommunane? Kva med Regjeringa sitt reformvedtak for kommunar og fylkeskommunar som har sett i gang ein dynamikk som gjer at det regionale biletet er i endring? Julsundet og Jendem er to lokalsamfunn som veks saman. Fylkeskommunen støtter identitetsbygging og tiltak for å knyte bygdene saman. Det bør samarbeidast om felles løysingar om funksjonsbehov og bustadbehov.

Kapitlet, Satsingsområde, mål og strategiar utgjer størstedelen av dokumentet. Sitat: «Dette [satsingsområde, mål og strategiar, vår merknad] er per definisjon dei planmessige konklusjonane som vert lagt fram til diskusjon, og som må vere eit resultat av kunnskpasinnhentinga, prosesstyringa og medverknaden. Det er ikkje utan vidare lett å sjå korleis desse tinga heng saman.» Punkt 3.1,

Gjennomgåande perspektiv starter med ei opplisting av kommunen sine verdiar, visjon og satsingsområde. Kvar kjem kommunen sine verdiar frå? Visjonen? Kva prosess ligg til grunn? Dei 8 satsingsområda, kvar er dei henta frå? Korleis er dei eit resultat av utfordringsbiletet? Det er positivt at dei gjennomgåande perspektiva har eigne mål og gjennomføringsstrategiar. Omtalen av persektiva er grei, men kunne like gjerne vore plassert innleiingsvis saman med bakgrunnsopplysningane.

Føringar for arealdelen. I diskusjonen om senterstruktur blir det ikkje konkludert med konkrete oppgåver som arealdelen må ta opp. Skal kommunen vere aktiv i bustadmarknaden? Tilrettelegging for møteplassar fortener meir presise føringar, konkret om plassering og kvalitet. Turstiar og friområde har ein brei omtale, men denne gjeld prosess og medverknad, ikkje arealbruk og ansvar for gjennomføring. Det blir etterlyst arealplanføringar for lokalisering av reiselivstilbod. Like eins føringar for lokalisering av utbyggingsområde som er avhengig av infrastruktur. FK konkluderer med at føringane for arealdelen er meir prosessuelle enn konkrete.

Miljø og klima
FK viser til at målsetjingane som kommunen held fram om å redusere transportbehov, har Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, transport- og arealplanlegging som ramme. Måla må gi

konkrete og etterprøvbare føringar for framtidig arealbruk, blant anna i form av avstandar mellom bustader og sørvistilbod.

Tettstadutvikling
Aukra kommune har fått tilskott til tettstadutvikling for Falkhytten gjennom det fylkeskommunale Tettstadprogrammet (2011- 2012). Sitat: «Kommunen forventar og ønsker vekst, og har eit uttalt mål om å tilby gode bu- og oppvekstmiljø og gode tenester. Strategiske val knytt til tettstadutvikling vil vera viktig for å stuimulere til nettopp dette. Vi saknar derfor meir tydelege prioriteringar, ...». «Korleis fastlandsdelen av kommunen forheld seg til Falkhytten og Molde er vesentleg å ta stilling til når ein skal vurdere kva rolle og funksjon kommunesenteret skal ha i høve til eigen kommune og til nabokommunane.»

Samferdsel
Her viser FK til Statens vegvesen sin uttale.

Folkehelse
FK etterlyser, med vising til folkehelselova § 5, ein skriftleg oversikt over helsetilstanden hos innbyggjarane og tilhøve som kan påverke denne. Utan denne manglar kommunen eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen. Det er positivt at kommunen følgjer opp dei lokale funna som kom fram i arbeidet med «BarneByks». Det er relevant å peike særleg på oppfølgjingsområda. Det er positivt at resultata frå borgarundersøkinga er med.

Kommentar
Generelt
Rådmannen merkar seg at uttalen kom seint, ein månad etter at uttalefristen var gått ut. Detaljeringsnivået i uttalen er høgt. Han har ein uttalt redaksjonskritisk profil der ein påpeikar manglande grunnlagsmateriale, manglande dokumentasjon, manglande samanhengar, for uklare mål og starategiar og for svake føringar for arealdelen. Uttalen står i kontrast til tilbakemeldingar frå andre høyringsinstansar som er meir imøtekomande. Tilrådingane om meir konkretisering går lenger enn det rådmannen kan sjå er tenleg jamført dei føringane politikarane våre har gjeve for planprosessen og også råda i Miljøverndepartementet sin vegleiar for kommuneplanprosessen – samfunnsdelen og handlingsdelen, t.d. side 22. Samfunnsdelen blir til i spenningsfeltet mellom statlege rammer gjennom lov- og forskriftsverk, økonomiske rammer og det lokalpolitiske arbeidet. Planen er ein overordna plan som viser retningar for tenesteproduksjonen og samfunnsutviklinga. Detaljutforminga blir gjort i handlingsdelen og arealdelen til kommuneplanen og i lokale fagplaner. Samfunnsdelen skal setje ei retning for detaljplanarbeidet, og slik er det Aukra kommune har lagt opp arbeidet med samfunnsdelen. Merknaden om kva verknad fastlandsambandet for Gossen vil få, om realisert, er gjeven ein kort omtale i kapittel 3.2, Attraktiv kommune.

Statistikkgrunnlag, kommunereform, Julsundet/Jendem
Val av statistikk er gjort ut frå det som er relevant for resten planen. Konsekvensar av kommunereforma er omtala der Aukra har valt å stå aleine, der kommunen får lagt til areal frå Sandøy kommune og utfordringar med reforhandlingar av interkommunale samarbeid.

Gjennomgåande perspektiv (sjå også kommentar til fylkesmannen sine merknader). Kommunen sin visjon kjem frå førre samfunnsdel (2011). Kommunen sine verdiar har utgangspunkt i eit administrativt og politisk arbeid i 2012. Satsingsområda (8) er eit resultat av planprosessen og er godkjent politisk i samband med høyringa av samfunnsdelen. Plandokumentet blir supplert med korte referanser for verdiar, visjon og satsingsområde. Omtalen av det gjennomgåande perspektivet, Folkehelse, blir supplert med eitt mål og eitt strategipunkt.

Føringane for arealdelen er konkretisert der dette er mest aktuelt. Nokre satsingsområde, som til dømes Velferd og omsorg og Barn og unge har ikkje så mange kontaktpunkt arealmessig. Aukra kommune har t.d. ikkje trong for å setje av nye areal til offentlege institusjonar.

Miljø og klima
Her meiner nok rådmannen at måla er klare og fleire er konkretiserte for vidareføring i arealdelen.

Tettstadutvikling
Plandokumentet viser til tidlegare, ganske grundig, drøfting av spørsmålet i arealdelen 2016 – 2028. For Falkhytten er tettstadprogrammet følgd opp med fleire reguleringsplanar. På Julsundet er situasjonen meir uklar, og mange gode omsyn står i strid med kvarandre, jamfør kommentaren til Statens vegvesen ovanfor. På Julsundet ser vi tydelegare enn andre stader at det å løfte arealdisponering opp på eit regionalt plan, i høve til nabokommunane Molde og Fræna, er krevjande. Samfunnsdelen speglar denne situasjonen.

Folkehelse
FK har rett i at kommunen ikkje har laga ei skriftleg framstilling av folkehelseutfordringar. Dette ligg som mål i gjeldande planstrategi og vil bli gjennomført. I planprosessen vart det gjort eit særleg grundig arbeid med satsingsområda Barn og unge og Velferd og omsorg som har føringar for arbeidet med det gjennomgåande perspektivet, Folkehelse.

**Administrative konsekvensar:**

Vedteken samfunnsdel legg grunnlaget for handlingsdelen / handlingsprogrammet og budsjett og økonomiplan.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kostnadane for planarbeidet er dekka innan eige budsjett.

| | |
|---|---|
| Ingrid Husøy Rimstad | Gerd Nerbø |
| Rådmann | Teknisk sjef |

KYSTVERKET
Midt-Norge

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

| Dykkar ref.: | Vår ref.: | Arkiv nr.: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|---|---|
| | 2017/1670-6 | | Børre Tennfjord | 13.11.2018 |

**Uttale til offentleg høyring av Kommuneplanen sin samfunnsdel 2018-2025 - Aukra kommune - Møre og Romsdal fylke.**

Kystverket har som statleg høyringsinstans motteke kommuneplan for Aukra kommune, samfunnsdelen til offentleg høyring. Kommunen har i samsvar med plan- og bygningslova sine §§ 11-2 og 11-14 vedteke å legge ut plandelen i seks veker.

Kommunen uttalar;

> Kommuneplanen sin samfunnsdel er grunnlaget for den samla kommunale planlegginga. Omfanget av planlegginga er todelt: Kommunen som samfunn og kommunen som organisasjon. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen skal kommunen legge vekt på viktige utfordringar knytt til samfunnsutviklinga. Vidare skal ein gjere synleg kva strategiske val kommunen gjer og kva mål og gjennomføringsstrategiar ein legg opp til. Planprosessen og vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel er kanskje det viktigaste politiske arbeidet kommunestyret gjennomfører i valperioden.
> «Det gode liv» for innbyggjarane blir til innafor rammene i lover og forskrifter, men tilpassa den lokale røyndomen og dei vala lokaldemokratiet gjer gjennom prioriteringar i samfunnsdelen. Stat og fylkeskommune har kontroll- og forvaltingsoppgåver knytt til plan- og bygningslova. Retningslinjer, bygd på gjeldande lovverk, frå statleg og fylkeskommunalt hald gir ei oversikt over det samfunnsoppdraget som kommunane er forventa å gjennomføre, uansett storleik og ressursar.

Merknadsfrist er sett til 12.12.2018.

**Kystverket sine kommentarar**
Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvalting og sjøverts samferdsle. Kystverket skal gjennom arbeidet sitt ta i vare nasjonale interesser og føringar og med dette arbeide for å sikre god framkome, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvalting av farvatnet, samt sjå til at vi har ein effektiv og sikker sjøtransport og hamneverksemd.

Aukra kommune i Møre og Romsdal fylke, er samansett av øya Gossen med omkringliggjande småøyer og fastlandsområdet Hollingen aust for Julsundet. Kommunen grensar i vest til Sandøy, i nord og aust til Fræna og i sør til Molde og Midsund. Aukra kommune har ein samla storleik på 59 km$^2$ og har om lag 3200 innbyggjarar. Det meste av busetnaden i kommunen finn vi på øya Gossen. Øya er relativt flat medan området på fastlandet er langt meir kupert.

Region Kystverket Midt-Norge

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| Sentral postadresse: | Kystverket<br>Postboks 1502<br>6025 ÅLESUND | Telefon: | +47 07847 | Internett:<br>E-post: | www.kystverket.no<br>post@kystverket.no |
| For besøksadresse se | www.kystverket.no | Bankgiro: | 7694 05 06766 | Org.nr.: | NO 874 783 242 |

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

Industrien i Aukra er knytt til havet – skipsverft, offshoreindustri, fiskeoppdrett og fiskeforedling. Gassen frå Ormen Lange-feltet vert ført i land i Nyhamna, der gassen etter foredling vert vidaresend til England, gjennom den lengste undersjøiske gassleidningen i verda. Der er og noko innslag av jordbruk og fiske i kommunen.

Framlegget til Aukra kommune sin samfunnsdel gir oss ein god og lettfatteleg framstilling av prosess, utviklingstrekk, satsingsområde, mål og prioriteringar. Kommuneplanen sin samfunnsdel vert lagt fram i eit godt og lesande format, der det er eit gjennomgåande og tydelig fokus på kva som kan gjerast og korleis ein skal løyse gjeremåla for å nå definerte målsetningar. Man har identifisert 5 verdiområder med 8 tematiserte satsingsområde, som utgjer grunnlaget, føringar og føresetnader for konkretisering av handlingar og gjeremål. Vi ønskjer at kommunen samordnar planperioden og ikkje opererer med ulik periodeslutt. Utvalssaka vedkomande samfunnsdelen har ein tidshorisont til 2025, sjølve plandokumentet har ein tidshorisont til 2030.

Det kjem tydeleg fram at kommunen er klar over og har identifisert dei utfordringane ein står overfor i dei komande åra. Det er formulert både visjonar og mål innafor dei ulike temaområda og tilrettelagt med handlingar og tiltak for å møte utfordringane. Vidare er det utvikla løysingsfokuserte tiltak på eit solid fundament av ønskte føringar. Man har ein tydeleg intensjon i kommunen om å lukkast med den samfunnstilpassinga som ein veit kjem. «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det» er omgrepa som går igjen i plandokumentet.

Samfunnsdelen viser også «vegen vidare» i plansamanheng. Bokstaveleg tala ein «mønsterverdig» framstilling der kommunen har kartlagt prosessen sine avgjerande faktorar. Desse er forutan sjølve framdriftsplanen, fokusert om politisk og administrativ forankring, medverknad/involvering, tematisk avgrensing og kommuneutvidinga saman med Orten og Lyngværet.

Utover dette har ein ikkje ytterlegare kommentarar til framlagt forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Harald Tronstad<br>regiondirektør | Børre Tennfjord<br>sjefingeniør |

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakarar:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Postboks 2520 | 6404 | MOLDE |
| Møre og Romsdal fylkeskommune | Postboks 2500 | 6404 | MOLDE |

Kommuneplan for Aukra, samfunnsdelen - 1. offentlege høyring
https://www.aukra.kommune.no/kommuneplan-for-aukra-samfunnsdelen-1-offentlegehoeyring.
6162357-364949.html

Ny kommentar:

**Fra navn:** Ole Rakvåg

**Fra epost:** olerak@online.no

**Kommentar:** Kommentar til kommuneplan:
- savner en samlet fokus på «næringsutvikling og verdiskaping», et område som bør være eget satsningsområde på linje med øvrige 8.
Arbeidsdyktig alder (20-66 år) kan komme til å øke med over 300 personer i planperioden, og de fleste av disse vil etterspørre en arbeidsplass i Aukra/molderegionen for å kunne bosette seg her. Det er kun Molde som har større økning (i antall) i denne gruppa. 5 av 9 Romsdalskommuner har reduksjon !
I dette bildet er det også verdt å merke seg at det i dag er flere som pendler inn til Gossen enn ut fra Gossen (Jfr side 9).
Jeg savner også hvilken rolle Aukra næringsforum bør ha i utvikling og nyskaping av arbeidsplasser, et arbeid som må skje i et nært samspill mellom kommunen og næringslivet.
Vi arbeider med ny infrastruktur (herunder Kjerringsundet/møreaksen), noe som åpner for at vår næringsutvikling i stor grad kan ha et regionalt perspektiv. Vi er allerede en regional arbeidsplass (ormen/kommunen) noe som viser seg i pendlingstallene.
Ringvirkninger fra ormen bør ha enda sterkere fokus i våre ambisjoner/satsing i næringsutvikling i kommuneplanen. Dette er en regional satsing, enten arbeidsplassene vil komme på Gossen, Julsundet eller andre steder i Molderegionen.
Det som er bra for regionen er bra for Aukra og vise versa.

Jeg foreslår at det lages en oppsummering i begynnelsen av planen:
med en «punktvis» sammenstilling over:
- slik vil vi ha det
- slik gjør vi det
for hvert satsingsområde 1-8 (9)
Dette vil gjøre planen mer brukervennlig og lettere å følge opp, mener jeg.

**cpfattachment:** image.jpg
**cat:** 364949
**id:** 6162357

Viser til brev datert 30.10.2018.

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Med helsing

**Ole-Jakob Sande**
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest
**Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)**
Telefon: 22 95 95 45/90 88 78 30
E-post: ojs@nve.no
Web: www.nve.no

NVE

# Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Aukra kommune
Aukraringen 25
6480 AUKRA

Dato: 07.12.2018
Vår ref: 17/00721-4
Deres ref: 2017/352-88/141

Leiv Erikssons vei 39
Postboks 3021 Lade
N-7441 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

## Fråsegn til 1. gongs offentlege høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 30. oktober 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

**Om planen**
Aukra kommune har sendt forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel for 2018-2030 ut til høyring. Sentrale tema i samfunnsdelen er blant anna folkehelse, samfunnstryggleik, senterstruktur, velferd og omsorg, berekraftig økonomiforvaltning og klima og miljø.

**Fråsegn frå DMF**
DMF viser til vårt tidlegare fråsegn til start av planarbeidet frå 16.05.2017 der vi peikar på betydinga av lokalt uttak av mineralressursar som klimatiltak. Vidare kan vi vise til Harde fakta om mineralnæringen –mineralstatistikk 2017 som er tilgjengelig på våre nettsider[1]. Særlig relevant i dette tilfellet er kapittel 10, Miljø og bærekraft, som blant anna gjer greie for tilhøvet mellom byggeråstoff og klimautslepp frå mineralnæringa som følge av transport av tunge massar.

<u>Konkrete innspel til samfunnsdelen</u>
Vi registrerer at Aukra kommune ynskjer å vere ein aktiv medspelar i miljø- og klimautfordringar. På eit generelt grunnlag anbefaler vi ut i frå eit klima- og miljøperspektiv at det blir lagt opp til kortast mogleg avstandar for transport av byggeråstoff. Det er òg av betyding å merke seg at kostnadar knytt til transport av byggeråstoff aukar i takt med avstand mellom uttak og der massar skal nyttast.

Utnytting av mineralske ressursar er òg eit grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling i kommunen.
DMF fekk nyleg varsel om utviding av massetak Ny Jord i Aukra kommune på høyring. Pågåande drift i massetaket sørger for god lokal tilgang til byggeråstoff, og utvidinga er

[1] https://dirmin.no/aktuelt/harde-fakta-om-mineralnaeringen-mineralstatistikk-2017

tenkt å redusere behovet for å opne nye massetak på øya Gossen. Vi anbefaler at samfunnsdelen inneheld ei utgreiing av estimert levetid for massetaket og kor det eventuelt kan etablerast nye massetak for å forsyne kommunen med byggeråstoff i framtida.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Dragana Beric Skjøstad | Karoline Ulvund |
| seksjonsleiar | rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*
Sakshandsamar: Karoline Ulvund

Mottakarar:

| | | |
|---|---|---|
| Aukra kommune | Aukraringen 25 | 6480 AUKRA |

Kopi til:

| | | |
|---|---|---|
| Fylkesmannen i Møre og Romsdal | Postboks 2520 | 6404 MOLDE |

**Sandøy kommune**

| | |
|---|---|
| Arkiv: | FE - 141 |
| JournalpostID: | 18/5562 |
| Sakshandsamar: | Anny Sønderland |
| Dato: | 14.11.2018 |

Saksframlegg

# Kommuneplan - samfunnsdel - Aukra kommune - høyring

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 2018/122 | Formannsskapet | 04.12.2018 |
| 2018/70 | Kommunestyret | 06.12.2018 |

**Vedlegg:**

| Dok.dato | Tittel | Dok.ID |
|---|---|---|
| 06.11.2018 | Kommuneplan for Aukra | 1364944 |
| 06.11.2018 | Følgjeskriv | 1364945 |

**Samandrag:**

Aukra kommune har lagt kommuneplanen sin samfunnsdel ut til høyring. Saka foreslår høyringsuttale frå Sandøy kommune.

**Saksopplysningar:**
Aukra kommune har lagt kommuneplanen sin samfunnsdel ut til høyring. Aukra kommune ønskjer høyringssvar innan 12.12.2018.

Aukra kommune er nabokommunen til Sandøy, og det er dermed aktuelt med ein høyringsuttale.

I kapittelet «Aukra i regionen» går det fram at Aukra vil satse på eit godt omdømmme og eit godt samarbeid med dei nye kommunane som etablerer seg i regionen.

Aukra kommune har gjennom kommunestyrevedtak valt å stå åleine. I planen blir det peika på dette, og at det rundt dei vil oppstå to nye større kommunar: Nye Molde kommune og Hustadvika kommune. I planen går det fram at desse endringane vil gi utfordringar for kommunen der interkommunalt samarbeid og samarbeidsavtalar kjem til reforhandling.

I kommuneplanen blir det ikkje nemnt at kommunen også vil få Nye Ålesund som nabo. Det blir derimot peika på at ein del av innbyggjarane i Sandøy ønska overføring til Aukra. Øyane Orten og Lyngværet skal overførast til Aukra. Dette blir omtalt slik: Denne utvidinga blir innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel.

I avsnittet om samferdstiltak i Aukra kommune sitt utkast til kommuneplan blir ikkje sambandet Småge, Orten, Finnøy, Sandøy, Ona nemnt.

I handlingsplan og økonomiplan 2019-2022, budsjett 2019 for Sandøy kommune blir grensejusteringa omtalt slik:

*Det vart i 2018 gjort vedtak om grensejustering. Orta, Flatflesa og Lyngværet går over til Aukra kommune. Sandøy kommune og Aukra kommune skal gjere nærare avtalar kring denne justeringa. Det vil vere både romsdalingar og sunnmøringar i nye Ålesund. Det blir viktig å sikre godt samarbeid og gode samband nordover. Ona og Sandøya har sterk tilknytting nordover.*

Sambandet Småge, Orten, Finnøy, Sandøy, Ona er viktig, og det kan vere aktuelt å vidareføre ulike former for samarbeid.

«Øyriket i Romsdal» blir omtalt slik:

*«Gjennom reiselivssatsinga «Øyriket i Romsdal» har kommunen saman med nabo – øykommunar lagt til rette for natur- og kulturopplevingar. Denne satsinga voner ein kan ha positive verknader både for lokal kultur og identitetsbygging og for ny næringsetablering.»*

Sandøy kommune har deltatt i «Øyriket i Romsdal». Sandøy kommunestyre vedtok i møte 8.12.2016 å sette ned eit ad hoc utval med mandat å klargjere Sandøy kommune sitt engasjement i utvikling av reiselivs- og turistnæring lokalt. Dette arbeidet er ikkje avslutta.

Aukra, Midsund og Sandøy har legevaktsamarbeid. Aukra og Midsund ønskjer legevaktsamarbeid nordover under føresetnad at det blir beredskapsferge. Det går fram i sak om dette i Aukra kommune at ein likevel vil vere avhengig av båttransport. Her vil det kunne vere eit aktuelt samarbeidsområde framover.

Sandøy kommune skal bli del av nye Ålesund. Nye Ålesund vil grense mot Aukra kommune, og kommunedelen vil framleis ha ei plassering midt mellom dei to byane Molde og Ålesund. For samfunnet vil det framleis vere viktig med ei tilknyting og samarbeid nordover.

**Økonomiske konsekvensar:**
Ingen av denne saka.

**Vurdering og konklusjon:**
Rådmannen viser til omtale ovanfor og rår til at dette blir sendt Aukra kommune som høyringsuttale til kommuneplanen sin samfunnsdel.

**Framlegg til vedtak:**

Sandøy kommunestyre vil som høyringsuttale til kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune, understreke ønske om vidareføring av eit godt samarbeid, også etter at Sandøy kommune blir del av nye Ålesund. Sandøy kommunestyre viser elles til uttale slik den framgår av saksframlegget.

**04.12.2018 Formannsskapet**

**Behandling:**

**F-2018/122 Vedtak:**

**Formannskapet tilrår samrøystes:**

Sandøy kommunestyre vil som høyringsuttale til kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune, understreke ønske om vidareføring av eit godt samarbeid, også etter at Sandøy kommune blir del av nye Ålesund. Sandøy kommunestyre viser elles til uttale slik den framgår av saksframlegget.

**06.12.2018 Kommunestyret**

**Behandling:**

**K-2018/70 Vedtak:**
**Kommunestyret vedtek samrøystes**

Sandøy kommunestyre vil som høyringsuttale til kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune, understreke ønske om vidareføring av eit godt samarbeid, også etter at Sandøy kommune blir del av nye Ålesund. Sandøy kommunestyre viser elles til uttale slik den framgår av saksframlegget.

Anny Sønderland
rådmann

Anny Sønderland
rådmann

**Aukra kommune**

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

| Vår ref.: | Dykkar ref.: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|---|
| 2016/906-46/033 | | Lene Marita Ræstad | 04.12.2018 |

**Uttale frå Aukra Ungdomsråd for Kommuneplan for Aukra, samfunnsdel 1.høyring.**

Høyringa vart tatt opp i Ungdomsrådet sitt møte 4.desember.

Ungdomsrådet har merknad til klima og miljø og kring barn og unge i Aukra kommune.

For å få ned bruken av privatbilar til og frå aktivitetar som skjer i kommunen, bør kollektivtilbodet i kommunen utbetrast. Dette gjeld særskild på Gossen. Det er ønskeleg at det vert sett opp buss som går fleire gonger per dag/kveld kring øya. I følgje plana skal mykje aktivitet verte sentrumsnært, da må det vere transport som er tilrettelagt for dei som bur i utkantane kan kome seg til og frå sentrum.

Auka busstilbod må eventuelt vere eit økonomisk samarbeid mellom fylkeskommunen og Aukra kommune i høve auka kostnader dette vil medføre.

Ungdomsrådet er positive til at barn og unge er ivaretatt i plana og at dette er ei lovpålagt oppgåve som vert fylgt opp av kommunen.

Med helsing

Lene Marita Ræstad
Ungdomsarbeidar, sekretær for Aukra Ungdomsråd


| Postadresse | Besøksadresse | Telefon | Bank |
|---|---|---|---|
| Nyjordvegen 12 | Nyjordvegen 12 | 71 17 15 00 | 9650.26.60192 |
| 6480 Aukra | **Org.nr.** 964 981 337 | **Telefaks** | **Bankkto. skatt** |
| **E-post:** post@aukra.kommune.no | www.aukra.kommune.no | 71 17 15 01 | 6345 06 15473 |

FORSVARSBYGG

| Til | Vår sakshandsamar | Vår dato | Vår referanse |
|---|---|---|---|
| Aukra kommune | Kari Olrich Sørebø | 07.12.2018 | 2014/2755-10/314 |
| | | Tidligare dato | Tidligare referanse |
| Nyjordvegen 12<br>6480 AUKRA | | 30.10.2018 | 2017/352 |

# Fråsegn - kommuneplan for Aukra - samfunnsdelen - fyrste offentlege høyring

Vi viser til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune. Forsvarsbygg gir høyringssvar til denne type saker for å ivareta forsvarssektoren sine arealbruksinteresser. Utgangspunktet vil alltid vere at Forsvarets faste tilhald har bakgrunn i ei nasjonal avgjerd om lokalisering, og at den militære verksemda som med avgjerda er tiltenkt å vere på staden må kunne vidareførast optimalt.

Forsvarets aktivitet er avgrensa i Aukra kommune. Hovudaktiviteten er knytt til heimevernet og IKT-anlegg nokre få stader i kommunen. Forsvarets aktivitet er ikkje nemnt i planen, men vi ber om at Forsvarets interesser og arealbruksbehov vert vurdert og sikra i det vidare planarbeidet, både KPA og gjennom tidlig dialog i reguleringsplan- og byggesaker.

Bjørn Bergesen

Leiar arealplan
Stab for eiendomsstyring

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og difor ikkje signert.


| Postadresse | Fakturaadresse | Telefon | E-postadresse | Org. nr |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 405 | Fakturasenteret | 468 70 400 | post@forsvarsbygg.no | 975 950 662 |
| Sentrum | Postboks 4394 | **Telefax** | **Internett** | **Bankkonto** |
| 0103 Oslo | 2308 Hamar | 23 09 78 03 | www.forsvarsbygg.no | 4714 10 00280 |

Til Aukra kommune

Aukra 12.12.18

## Merknad til *AUKRA 2030 Kommuneplan for Aukra Mål og strategiar*

Kommuneplanen er den viktigaste og mest overordna planen i ein kommune. Det som står i denne planen vert førande for alt anna planarbeid kva gjeld innhald og prosess.

Kommuneplanen seier mykje bra om medverknad. Samstundes kan planen seie enda litt meir for å sikre barn og unges interesser i planlegginga.

*Medvirkning*

*Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.*
*Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte.*

Plan- og bygningsloven § 5-1

Barn og unges representant i plansaker etter plan- og bygningslova etterlyser standpunkt i planen på:

- At *barn og unges representant i plansaker* skal **koplas på** plansakene
- At *barn og unges representant* for å ha reell medverknad skal koplast i **prosess** (og ikkje først når ei sak er ute på offentleg høyring)

Representanten vonar at dette vert teke inn i planen.

Mvh.

Marianne Bolghaug

Barn og unges representant i plansaker

Side 139

Statens vegvesen

Aukra kommune
Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

| Behandlende enhet: | Saksbehandler/telefon: | Vår referanse: | Deres referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region midt | Vidar Neraas / 71274773 | 16/187246-9 | 2017/352-88/141 | 17.12.2018 |

# Uttale til høring av samfunnsdelen av kommuneplanen for Aukra kommune

Statens vegvesen viser til deres brev datert 30.10.2018.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Vi uttaler oss som forvalter av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport.

**Saksopplysninger**
Aukra kommune har lagt ut samfunnsdelen til kommuneplanen ut til offentlig ettersyn.

**Statens vegvesen har følgende merknader til planen**
Folkehelse
Samfunnsdelen har samfunnstrygghet og folkehelse som gjennomgående perspektiv. Under temaet folkehelse må trafikksikkerhet innlemmes som en del av dette arbeidet. I henhold til folkehelseloven §§ 5-7 har kommunene plikt til å identifisere folkehelseutfordringer, og fastsette strategier for nødvendige tiltak. Tiltak rundt trafikksikkerhet, ulykkesforebygging, og faktorer somfører til ulykker inngår en del av folkehelsearbeidet. Det er viktig at også forhold som går på undervisning trekkes inn i dette arbeidet.

Stimulering til økt fysisk aktivitet samt hverdagsaktivitet gjennom tilrettelegging for trafikksikre løsninger mjuke trafikanter er også et viktig tema i både trafikksikkerhets- og folkehelsearbeidet. Iverksetting av tiltak på grunnlag av tverrfaglig kunnskap bør inngå som en del av folkehelsearbeidet. Dette gjelder altså en kobling av det holdnings- og kunnskapsmessige trafikksikkerhetsarbeidet og det fysiske trafikksikkerhetsarbeidet sett opp mot det generelle helsearbeidet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 22 07 30 00

firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Bjørnstjerne Bjørnsons veg 6
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

I tilknytting til folkehelse vil vi også påpeke at trafikkstøy er et miljøproblem som kan påvirke folkehelsen. Det er viktig å ta hensyn til dette temaet blant annet ved planlegging av ny støyfølsombebyggelse og tettstedsutvikling.

Attraktiv kommune

Under temaet «Attraktiv kommune» vektlegges sentrumsutviklingen både på Falkhytten og i Julsundet. Mål man setter seg for videreutvikling av infrastrukturen er blant annet å sikre trygge skoleveger, arbeide for bedre kollektivtilbud, fortsette arbeidet med Gossen fastlandssamband, samarbeid om bruksendring/brukstilpasning av fylkesveg 662 i Julsunde med tanke på flere boligareal mv.

Til arbeidet med utvikling av områdene må de statlige planretningslinjene for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging legges til grunn. Retningslinjen er tydelig på at det skal legges opp til et utbyggingsmønster som reduserer transportbehovet, fremmer miljøvennlige transportvalg og som reduserer klimagassutslipp. Strategier og delmål for å oppnå dette, må diskuteres nærmere i samfunnsdelen.

Felles for begge sentrumsområdene er at de ligger som randbebyggelse langs relativt høyt trafikkerte fylkesveger. Da dette også er veger med stor transportmessig betydning, vil kommunenes ønsker om sentrumsutvikling og vegmyndighetenes krav om å ivareta vegens transportfunksjon blir da ofte et konfliktpunkt.

Fylkesveg 662 nevnes særlig i strategier for utvikling av infrastrukturen, og vi er noe spørrende til hva som legges i begrepene «bruksendring og brukstilpassing av fylkesveg 662». Dette kan tolkes som at vegen underordnes utbyggingen i området, og vil etter vår vurdering ha en uheldig konsekvens for fylkesvegens transportfunksjon. Tolkningen kan på sett og vis stå i motstrid med føringene for arbeidet med arealdelen om sikre et godt vegnett for både innbyggere og næringsliv ut fra et en bruksendring/brukstilpasning (nedbygging av vegen) vil være til negativt for et effektiviteten til kollektiv- og gods-/næringstrafikken.

Fylkesveg 662 i Julsundet er en viktig veg med stor transportmessig funksjon. Dette er forankret i blant annet fylkeskommunens «funksjonsinndeling» av fylkesvegnettet. Dersom kommunen har overnevnte tolkning til hensikt, vil dette medføre en interessekonflikt mellom kommunens ønske om stedstilpassing av vegen og vegeiers krav om ivaretakelse av vegens transportfunksjon.

Sentrumsutviklingen skjer også som tosidig randbebyggelse langs fylkesvegene i området (fylkesveg 662 og 215), og medfører at vegene blir en barriere mellom utbyggingsområdene. Et slik utbyggingsmønster vil medføre økt ulykkesrisiko med tanke på ferdsel langs og på tvers av fylkesvegene da fylkesvegen i større grad vil inngå som en lokalveg mellom stadig ekspanderende sentrumsbebyggelse. En slik økning i risiko vil også bidra til at blant annet foreldre er redde for å sende barn og unge ut alene, og man vil da i større grad vil benytte privatbil for å komme seg til daglige gjøremål. Samfunnsdelen må ut fra vår vurdering ha fokus på få å etablere mer kompakte og arealeffektive områder slik at man enklere kan legge

til rette for effektive og sikre forbindelser mellom de ulike områdene, jf. de statlig planretningslinjene for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging.

Samfunnsdelen må også omtale strategier og mål for hvordan man kan redusere bilbruken utover arealbruk, tilrettelegging for mjuke trafikanter og kollektiv. Blant annet parkeringsnormer er et effektivt tiltak for å redusere bilbruk.

**Konklusjon**
Aukra kommune har utarbeidet en lettfattet og god samfunnsdel som gir et godt grunnlag for utvikling i kommunen. Det er imidlertid noen forhold vi har kommentert som etter vår vurdering må tas inn/presiseres.

Plan- og trafikkseksjonen
Med hilsen

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Vidar Neraas
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.*

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

**FYLKESMANNEN**
**I MØRE OG ROMSDAL**

| Saksbehandlar, innvalstelefon | Vår dato | Vår ref. |
|---|---|---|
| | 20.12.2018 | 2017/2652/KREI/421.3 |
| | Dykkar dato | Dykkar ref. |
| seniorigeniør Kristin Eide, 71 25 84 33 | 30.10.2018 | 2017/352 |

AUKRA KOMMUNE
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

## Aukra kommune
## Kommuneplanen sin samfunnsdel
## Fråsegn ved offentleg ettersyn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

**Bakgrunn**
Fylkesmannen har mottatt framlegg til kommuneplanens samfunnsdel 2018-2030 til offentleg ettersyn. Aukra kommune varsla oppstart av planarbeidet i 2017 og Fylkesmannen viser til vår høyringsfråsegn av 30.05.2017 i samband med dette. Også tidlegare i samband med høyring av utkast til kommunal planstrategi for perioden 2017 – 2019 har vi kome med innspel og merknader som peikar fram mot det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.

Planlegging etter plan- og bygningslova (jf. § 1-1) skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Det skal leggast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for samfunn og miljø skal gjerast greie for. Kommuneplanen er kommunes viktigaste verktøy for samordna plan- og utviklingsarbeid. Plan- og bygningslova peikar på at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel og arealdel, jf. PBL § 11).

Rulleringa av kommuneplanen skal erstatte gjeldande samfunnsdel frå 2011. Kommunens arealdel frå 2016 utgjer eit viktig bakteppe for samfunnsdelen. Samstundes vil ny, revidert samfunnsdel legge viktige rammer og føringar for neste runde med rullering av arealdelen.

Kommuneplanarbeidet heng også tett saman med andre planprosessar, styringssystem og rapporteringsverktøy i kommunen. Samfunnsdelen må vere handlingsretta og peike på prioriterte satsingsområde. Handlingsdelen viser korleis planen vidare skal følgjast

opp i løpet av neste fireårsperiode, eller meir, og skal gjennomgå ein årleg revisjon. Økonomiplanen etter kommunelova sin §44 kan inngå i handlingsdelen.

Parallelt med arbeidet med samfunnsdelen har Aukra kommune meldt oppstart av fleire kommunedelplanar knytt til utvalde fag- og tenesteområde. Kommuneplanen skal brukast strategisk som ein oversiktsplan, og skal innehalde alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Samfunnsdelen vil i lys av dette gi rammer og føringar for det vidare arbeidet med ulike tema- og kommunedelplanar.

Vi minner elles om at regjeringa vil kome med nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging i februar neste år. Dette dannar utgangspunkt for ei ny runde med utarbeiding av regionale og kommunale planstrategiar for perioden 2019 - 2023.

Arbeidet med rullering av kommuneplanens samfunnsdel er ei naturleg vidareføring av revidert planstrategi, som igjen legg føringar for revidert arealdel. Sett i lys av dette bør Aukra kommune arbeide mot ei meir samordna rullering av sine overordna planar.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

**Planfagleg**
Plandokumentet er oversiktleg og godt strukturert, og vil kunne inngå som eit overordna, strategisk styringsverktøy med søkelys på status, utviklingstrekk og utfordringar for kommunen som organisasjon og samfunn. Disposisjonen er bygd opp rundt tre hovuddeler:

Del 1 *Bakgrunn* gir nærare omtale av lovgrunnlag og overordna mål, om nasjonale, regionale og lokale rammer og føringar for planarbeidet, samt om organisering med søkelys på prosess og medverknad. Denne delen gjer nærare greie for intensjonane med planarbeidet, og understrekar betydninga av kommuneplanens samfunnsdel som eit viktig politisk og administrativt styringsverktøy med tette koplingar både til kommunal planstrategi, til kommuneplanens arealdel, til kommunedelplanar i form av tema-, sektor- og områdeplanar, og til handlingsprogram med referanse til budsjett og økonomiplan.

I samband med opplegg for organisering og *medverknad* i planarbeidet understrekar Fylkesmannen behovet og verdien av tilrettelegging av gode og lokalt forankra planprosessar som sikrar aktiv deltaking og medverknad frå ulike brukar- og interessegrupper. Her kan kommunen vere kreativ og nytte metodar som legg opp til brei deltaking frå innbyggarane, eller frå sentrale grupper ein ønskjer kunnskap og innspel frå. Vi minner særskilt om at barn og unge sine interesser blir ivaretatt, og viser i den samanheng til rettleiaren *Medvirkning i planleggingen* utgitt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2014.

Del 2 *Utviklingstrekk* med kort presentasjon av Aukra kommune med særleg fokus på statistikk knytt til folketalsutvikling og pendling. Denne delen blir litt knapp og kortfatta, og kunne gjerne vore utdjupa med referanse til status, utviklingstrekk og utfordringar knytt til ulike planfaglege tema.

Del 3 *Satsingsområde, mål og strategiar* omfattar nærare omtale av gjennomgåande perspektiv og åtte utvalde satsingsområde med mål og strategiar knytt til kvar av desse. For kvart satsingsområde er dette summert opp gjennom overskriftene *Slik vil vi ha det* og *Slik gjer vi det*. Vidare presisering og prioritering gjennom handlingsprogrammet blir her viktig. Føringar for arbeid med arealdelen blir nemnd for nokre av satsingsområda, men vil i prinsippet kunne vere aktuelt for alle. I kva grad ny, revidert samfunnsdel skal gi grunnlag for ny runde med rullering av kommuneplanens arealdel kjem ikkje tydeleg fram.

Samla sett synest arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel å vere godt forankra i ulike typar grunnlagsdokument i form av statistikk, utfyllande kartleggingar og utgreiingar m.v. Nærare referansar til desse vil kunne gi viktig supplerande informasjon til plandokumentet.

Avslutningsvis i plandokumentet kan det vere rom for ei oppsummering med søkelys på aktuelle problemstillingar og eit meir samla utfordringsbilde knytt til ulike fag- og tenesteområde. Prioriterte satsingsområde med mål og strategiar vil her vere eit viktig utgangspunkt for vidare arbeid med handlingsprogram og økonomiplan, tema- og fagplanar i form av kommunedelplanar, samt ny runde med rullering av kommuneplanens arealdel.

Oppgåver og utfordringar knytt til tverrsektoriell samordning og samhandling både intern i kommunen og eksternt mot andre samarbeidspartar kan drøftast nærare. Omstillings- og utviklingsarbeid i lys av m.a. kommune- og regionreformarbeidet vil her utgjere eit viktig bakteppe.

**Natur og miljøvern**
Miljø- og klimaspørsmål er globale utfordringar, men som krev lokal oppfølging for å bli omsett i resultat. Berekraftig utvikling har eit langsiktig perspektiv, der hovudmålet er å sikre behova til dagens generasjonar, utan at framtidige generasjonar dermed blir sett i fare. Det inneber langsiktige, gode val for å ivareta dei verdiar som ligg i jordbruksareal, biologisk mangfald, vassdrag, kulturlandskap, fortidsminne og kulturarv.

Kommunen har lagt stor vekt på klima i punkt 9.3 Klima og miljø. Det er bra med tydelege mål og føringar for korleis kommunen skal møte klimautfordringane.

I tillegg bør ein kunne klargjere nærare kva naturverdiar ein har i kommunen, og vurdere kor vidt det er naudsynt å lage eigne mål og retningsliner for korleis desse skal takast vare på. I tillegg krev kamp mot framande artar  bevisst handling, og samfunnsdelen kan sette mål og prioriteringar for arbeidet.

**Barn og unge**
Aukra kommunen har tatt høgde for å ta inn fylkeskommunen sine gjennomgåande perspektiv, deriblant barn og unge. Pkt. 3.3 gir ein utfyllande refleksjon om utviklinga i kommunen for dei under 18 år, og det vert vist til fleire undersøkingar. Kommunen har valt fem område «slik vil vi ha det» for å komme utfordringane i møte. Dette er slik vi ser det eit

klokt grep å legge vekt på oppvekstvilkåra for barn og unge, og kome dei utfordringane ein ser i møte på ein systematisk måte.

Det vert vist til aukande tal på ungdom med psykiske helseutfordringar. Kommunen vil ha lågterskeltilbod til barn og unge. Fylkesmannen vil spesielt understreke at lågterskeltilbod i form av *skolehelseteneste* og *helsestasjon for ungdom* er tiltak som vi veit er av stor betydning for barn og unge si psykiske helse.

Når det gjeld målsetting om å utjamne sosiale skilnader veit vi at arbeid i eit familieperspektiv særs viktig. Fattigdom går ofte i arv. Skal ein hjelpe barn og unge er arbeidsretta tiltak for foreldre eit av dei viktigaste tiltaka. Heilskapleg tenking der NAV er ein av hovudaktørane, er grunnleggande i eit slikt arbeid.

Når det gjeld medverknad har kommunen eit eige punkt for det. Inkludering av alle barn og unge i prosessane er viktig, i tillegg til ungdomsråd. For å nå alle barn, også dei som ikkje er i ungdomsrådet vil vi oppmode kommunen til å bruke elevråda ved skolane. Vi vil igjen minne om at samfunnet, i tråd med barnekonvensjonen, har ei plikt til å legge informasjonen til rette for at barn og unge skal kunne gjere seg opp ei meinig.

*Skole, barnehage, barnevern*
I kapittel 1.1. – om lovgrunnlaget for kommuneplanen og samfunnsdelen – legg kommunen vekt på at samfunnsdelen ikkje skal vere meir omfattande enn naudsynt. Med dette som bakgrunn finn Fylkesmannen at *skole og barnehage* har fått ein omtale som bør kunne gi eit godt utgangspunkt for meir detaljerte og handlingsretta utgreiingar i andre delar av planverket. Vi legg mellom anna merke til at kommunen ut frå dagens barnetal ikkje reknar å få kapasitetsproblem i skole og barnehage, men at ny bustadbygging, særleg i Julsundet, kan føre til at dette må revurderast.

Det er opp til kommunen å vurdere om det er trong for nye eller reviderte planar på dei ulike tenesteområda. Dersom dette er aktuelt på desse områda, bør den nye rammeplanen for barnehagar frå 1.8.2017 vere ein viktig del av vurderingsgrunnlaget. Nye og omfattande kompetansekrav for lærarar i grunnskulen frå 2025 bør like eins takast inn i plangrunnlaget for skolane i kommunen. For å nå krava, må skolering av lærarar setjast i gang raskt.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at *barnevern* er spesifikt omtalt i planen. Aukra samarbeider med nabokommunar på dette feltet, og det kan vere grunn til å minne om at kommunen framleis står ansvarleg, også for ansvarsområde som er ivaretekne gjennom interkommunalt samarbeid. I omtalen av skole, barnehage og oppvekstvilkår kjem kommunen inn på tema der også barnevernsproblematikk kan vere aktuelle å ta med i meir spesifikke planar, i tilfelle kommunen vurderer dette som aktuelt, gjerne på tverrfagleg basis. Det kan då òg vere på sin plass å vise til den pågåande barnevernsreforma, der sentrale punkt er kompetanseheving og auka ansvar til kommunane.

**Bustad-, areal- og transportplanlegging**
Det er positivt at dei prinsipielle avklaringane som vart gjort ved revidering av arealdelen i 2017 kjem inn i samfunnsdelen i eigna form. Dette gjeld til dømes tettstadutvikling Falkhytten og i Julsundet, og klarare linjer om kvar ein ønsker bustadbygging i kommunen generelt. Klimautfordringane står sentralt under punktet 3.9 Klima og miljø. Gjennom

oppsplitting av delmål under overskrifta «slik gjer vi det», blir strategiske føringar for arealdelen av kommuneplanen synleggjort.

**Folkehelse**
I pkt. 3.1 er det eit avsnitt om folkehelse. I motsetning til dei andre tema i kapittel 3 har folkehelse ikkje fått eigne punkt under overskrifta «slik vil vi ha det». Det blir i tekstdelen streka under at folkehelse er noko som skal direkte eller indirekte gjennomsyre samfunnet. Vi ser at fleire av satsingsområda har eit folkehelseperspektiv i seg utan at dette er eksplisitt uttalt. Aukra har med det fått folkehelse til å bli ei grunnleggande tenking for fleire sektorar. Samstundes kan det vere ein fordel å sette seg nokre tydeleg uttalte mål også på dette området, med utgangspunkt i oversiktsarbeidet som det vert vist til (jf. folkehelselova) Det kan føre til ei auka bevisstheit på området, og få fram at dette heng nøye saman i eit tverrfagleg perspektiv.

**Universell utforming**
Universell utforming bør drøftast og nedfellast i kommuneplanens samfunnsdel som ei gjennomgåande føring for vidare planarbeid og for sektorane si verksemd. Det er særleg relevant å drøfte kva dette inneber i forhold til overordna tema som barn og unges oppvekstmiljø, folkehelse, eldrepolitikk og integrering. Ei rekke premissar for vidare planarbeid kan nedfellast her, samt at grep for gjennomføring kan knytast til handlingsdel og økonomiplan.

Universell utforming bør nemnast som eit førande prinsipp for korleis fysiske omgivnader skal utformast. Kommunen må kunne dokumentere medverknad og at desse utfordringane er drøfta i kommuneplanprosessen. Fylkesmannen rår til å ta i bruk rettleiarar på nett, som f.eks. på www.regjeringen.no og på www.planlegging.no. Det er også lovfesta rettar som skal sikre tilgjenge for personar med nedsett funksjonsevne i *Lov om diskriminering og tilgjengelighet.*

**Helse, omsorg og sosial**
Aukra kommune har satt dei demografiske utfordringane med fleire eldre på dagsorden, samt rekruttering av helsepersonell. Kommunen har fokus på fornying og forbetring med mellom anna ei vriding av tenestene mot eigenmeistring, rehabilitering, bruk av velferdsteknologi og samspel med frivillige.

Nytt for perioden 2019-2023 er kvalitetsreforma for eldre «*Leve hele livet».* Målgruppa er eldre over 65 år. Reforma skal medverke til fleire gode leveår, pårørande sin situasjon og tilsette som opplever å ha eit godt arbeidsmiljø, der dei får brukt sin kompetanse og gjort ein fagleg god jobb. Det er viktig at alle sektorar er med å medverke til eit meir aldersvenleg samfunn. Det er ein føresetnad at kommunane i perioden 2019-2020 gjennom politisk handsaming tek stilling til forslaga i reforma, og beskriv korleis dei vil utforme og gjennomføre dei lokalt. Det vil vere naturleg å prioritere dette i kommunen sin handlingsplan/økonomi-plan som blir revidert årleg. Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma, vil bli prioritert innanfor relevante eksisterande og eventuelle nye øyremerka ordningar.

Sosial skilnader er ei av samfunnet sine store utfordringar framover. I planen har Aukra kommune peika på at å utjamne sosiale skilnader for den gruppa er eit satsingsområde. Men negative konsekvensar i forhold til sosiale skilnader gjeld også den vaksne delen av befolkninga i kommunen. Korleis kommunen vil møte utfordringar knytt til dei som ikkje deltar i samfunnet enten på grunn av økonomiske problem, minoritetsbakgrunn, psykisk eller somatisk sjukdom eller rusutfordringar er ikkje nemnt i planen. Både kommunen og NAV har i fellesskap eit ansvar for å bidra, og Fylkesmannen meiner dette er eit perspektiv som bør komme fram i samfunnsplanen.

**Landbruk**
Fylkesmannen saknar ei nærare omtale om jordvern både med tanke på matproduksjon, beredskap og som den viktigaste næringsressursen for framtidig vekst i landbruket. Jordvern er viktig for å produsere mat for dagens og framtidas generasjonar, og for å nå det nasjonale målet om auka matproduksjon.



*Illustrasjon frå Sykkylven om eiga sjølvforsyning.*

Bevaring av matjord bidreg til å ivareta landbrukets næringsareal med moglegheiter for utviding og utvikling av bedrifta. Nasjonal jordvernstrategi har eit mål om at tapet av dyrka mark skal kome under 4000 dekar i året.

Fylkestinget har vedteke eit regionalt jordvernmål om at ikkje meir enn 200 dekar skal omdisponerast per år, i så måte har kvar kommune i Møre og Romsdal ein «kvote» på maksimum 5 ½ dekar som kan omdisponerast kvart år. For 2017 var Møre og Romsdal det fylket i landet som bygde ned mest matjord. Jordvern og matproduksjon er eit av dei viktigaste samfunnsansvara i ein nasjon, og regjeringa peikar på at det er kommunane som er jordvernmyndigheita.

Bevaring av matjord og auka matproduksjon er også eit særs viktig beredskapstiltak. Det er eit nasjonalt mål at sjølvforsyningsgraden i Norge skal aukast i takt med auka i folketalet. I så måte kunne det vore både illustrativt og informativt om Aukra kommune gjennom samfunnsplana kunne vise til kor sjølvforsynt dei er med omsyn til mjølk og kjøttproduksjon i kommunen, t.d. slik som Sykkylven kommune har gjort.

**Samfunnstryggleik og klimatilpassing**
Fylkesmannen ser at Aukra kommune med samfunnsdelen langt på veg oppfyller § 3 i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Denne paragrafen skal mellom anna sikre heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik. Kommunen skildrar sine mål («slik vil vi ha det»), og strategiar for å nå desse måla («slik gjer vi det»). Det som manglar er ein plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik, der kommunen mellom anna følgjer opp dei strategiske vala gjennom prioritering av tiltak. Kommunen må vurdere om dette er noko dei ynskjer å gjere som ein del av kommuneplanen sin samfunnsdel, eller om kravet skal varetakast gjennom andre sentrale dokument i kommunen. Fylkesmannen tilrår i tråd med DSB sin rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt, at arbeidet med samfunnstryggleik integrerast i planar etter plan- og bygningslova. Dette for å synleggjere samfunnstryggleiksarbeidet i samanheng med kommunen sine andre ansvarsoppgåver.

Vidare merkar vi oss at det er skildra at kommunen skal utarbeide heilskapleg ROS-analyse ein gong i kvar valperiode. Vi gjer merksam på at § 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt krev at heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar, og elles ved endringar i risiko- og sårbarheitsbildet. Det kan derfor bli naudsynt å oppdatere kommunen sin heilskaplege ROS-analyse oftare enn kvart fjerde år. Kommunen bør vurdere om dei skal endre formuleringa til dette punktet.

Kommunen sin heilskaplege ROS-analyse er frå 2014, og må derfor oppdaterast. Vi nyttar derfor høvet og viser til DSB sin oppdaterte rettleiar til forskrift om kommunal beredskapsplikt (april, 2018), og DSB sin rettleiar til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse i kommunen (oktober, 2014). Vidare vil òg DSB sin rettleiar om tryggleik rundt storulykkesverksemd (mars, 2017) vere særleg relevant for Aukra kommune.

**Kommuneøkonomi**
Økonomiplanen (kommunelova § 44) bør inngå i handlingsdelen i kommuneplanen (plan- og bygningslova § 11-1). Økonomiplanen tar utgangspunkt i kommuneplanens langsiktige mål, strategiar og utfordringar og viser korleis kommunen skal nytte sine ressursar for å nå vedtekne politiske mål.

Kommunen må sjølv konkretisere korleis styringsdokumenta skal henge saman og kva for rutinar som skal gjelde for utarbeiding av dei ulike plandokumenta. Økonomiplanen inngår både i eit eittårsperspektiv saman med årsbudsjettet og årsrekneskapen, og eit fireårsperspektiv i kommuneplansystemet med planar på mellomlang og lang sikt.

Risikoen ved manglande langsiktig planlegging er at kommunen misser kontrollen over økonomien og hamnar i ubalanse. Kommunen må etablere ei berekraftig drift som kan

handtere framtidige endringar i rammevilkåra. Teknisk berekningsutval tilrår at netto driftsresultat er på minimum 1,75 prosent for å oppretthalde formuebevaringsprisippet, og at avsetting til disposisjonsfond er 5-10 prosent. Kommunen er avhengig av å være i forkant av utfordringar og endringar i behov for å behalde handlingsrommet.

**Konklusjon**
Aukra kommune har med utkast til kommuneplanens samfunnsdel levert eit oversiktleg og gjennomarbeidd planutkast. Samfunnsdelen vil vere eit godt verktøy for ei langsiktig, tverrsektoriell og strategisk planlegging av kommunen som samfunn og som organisasjon. Kommunen har med dette lagt eit godt grunnlag for vidare planarbeid.

Vi saknar meir om *korleis* måla skal nåast og strategiane lukkast. Ein bør derfor vidare i arbeidet med handlingsdelen gjere ei prioritering mellom mål og strategiar som vil kunne styre satsinga i endå større grad.

Vi viser elles til merknadene over, samt vår fråsegn til oppstart av planarbeidet av 30.05.2017. Vi ber om at det blir tatt omsyn til desse i det vidare planarbeidet.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Sveinung Dimmen (e.f.)<br>samordnar | Kristin Eide<br>senioringeniør |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Fagsaksbehandlar**
Barn og unge: Dagfinn Sørum, tlf. 71 25 85 70
Helse: Greta Irene Hanset, tlf. 71 25 85 47
Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Jon Erik Eik, tlf. 71 25 84 89

**Kopi**
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

Møre og Romsdal fylkeskommune

AUKRA KOMMUNE
Kommunehuset Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 201 7/352- | 30.10.2018 | 120365/2018/KOMMUNEPLAN/1547 | Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41/ Johnny Loen, 71 28 02 43 | 11.01.20199 |

# Aukra kommune - kommuneplan samfunnsdel 2017-2025 - fråsegn ved offentleg ettersyn

-

Vi seier oss leie for å ha oversitte fristen for høyring. Dette skuldast av ymse årsaker noko redusert kapasitet, saman med uvanleg stor saksmengd på seinhausten. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader. Vi vonar at kommunen rekk vurdere desse før endeleg planvedtak:

## Planfaglege merknader

Generelt

Vi har ikkje fått oversendt ferdig vedteke planprogram, og dette er heller ikkje lagt ved planen no. Vi finn heller ikkje dette på kommunens nettsider, noko som kanskje kan skuldast at vi er etter den gitte fristen. Vi må derfor ta utgangspunkt i det utkastet til planprogram som vi hadde til høyring, og den fråsegna vi då hadde.

Plandokumentet har ingen referansar til planprogrammet. Ut frå planprogrammet (høyringsutkastet) sin korte og lite konkrete karakter, er det vanskeleg å vurdere om planframlegget svarar ut planprogrammet. Vi registrerer likevel at ein god del av dei punkta vi peikte på i vår høyringsfråsegn er tekne omsyn til.

Plandokumentet er godt strukturert og lett leseleg. Konseptet "Slik vil vi ha det"/"Slik gjer vi det", er noko vi kjenner frå andre kommunar og absolutt kan tilrå. Den delen av dokumentet som skildrar satsingsområda har ein del tekst som er opplysande, men som like gjerne høyrer til avsnitt om rammer for planlegginga om om kunnskapsgrunnlaget. Vi saknar som nemnt ei konkret tilvising til planprogrammet, men også til utfordringsdokumentet som planen viser til. Det må vere mogleg for høyringsinstansane å ta stilling til det konkrete innhaldet og prioriteringane som er gjort der.

Plandokumentet er generelt av nokså visjonær karakter, noko som nødvendigvis må fordre aksept for at dei formulerte måla ikkje er svært konkrete. Ulempen er at planen ikkje i vesentleg grad synleggjer nødvendige prioriteringar og heller ikkje synleggjer kven som har ansvar for ulike mål. Ein kan derfor stille spørsmål ved korleis planen vil tene som strategisk styringsgrunnlag. Her burde kommunen vore tydelegare, herunder også med konkrete tilvisingar til korleis planen vil bli følgt opp i underliggande planarbeid, i budsjett og økonomiplanlegging. Nokre konkrete forslag om dette kjem fram nedanfor.

Både i oppstartvarslet og i planframlegget (kap 1.4) vert vist til parallelle prosessar for delar av kommunens ansvarsområde. Men kommunen gir ingen signal om korleis desse prosessane påverkar kvarandre og kva som eventuelt er i vente om delplanane. Vi kan ikkje sjå at dei tre delplanane har vore til offentleg ettersyn hos oss enno.

Til sist peikar vi på at berekraftomgrepet er nytta i samband med økonomiforvaltinga, som eige satsingsområde. Det også eit satsingsområde kring klima- og miljø, og FN's berekraftmål er vist til i innleiingskapitla. Kanskje bør planen derfor også introdusere omgrepet "sosial berekraft", slik at alle dimensjonane i berekraftbegrepet vert oppfatta likverdige og samanhengande.

Utviklingstrekka og utfordringane i Aukra
I plandokumentet er lagt fram demografiske data og data om arbeidspendling på ein lettfatteleg måte. Her saknar vi likevel ei drøfting av korleis kunnskapen påverkar det strategiske handlingsrommet. For annan kunnskap viser ein til utfordringsdokument som ikkje er lagt ved. Kan hende er også nytta kunnskap fra gjeldande planstrategi. Men heller ikkje her er det synleg korleis kunnskapen ligg til grunn for strategiske val. Jamfør ovanfor, blir både prioriteringane og grunnlaget for prioriteringar utydeleg (for høyrings-instansane), og det er vanskeleg å etterprøve og ta stilling.

Vi ønsker å peike særskilt på dette: Samfunnsdelen til Aukra blir revidert i ei tid med store strukturelle endringar. For Aukra kommune omfattar dette ei mindre kommune-utviding mot vest, med øyane Orten og Lyngværet. Den nye samfunnsdelen (og ny arealdel seinare) skal omfatte også desse areala. Eventuelt fastlandssamband over Kjerringssundet vil vesentleg endre korleis Gossen som samfunn er knytt til nabokom-munen Midsund (del av nye Molde kommune) og fastlandet, men vil ikkje utgjere nokon arealmesseg endring. Aukra kommune vil også etter endringane halde fram som eigen kommune beståande av både fastland og øyer. Fylkeskommunen tek ikkje stilling til dette. Likevel må det vere legitimt å meine at Regjeringa sine reformvedtak har sett i gang ein dynamikk, som ikkje nødvendigvis vil stoppe 1.1.20, og som gjer at det regio-nale bildet er i endring. Vi ser at kommunen drøftar dette i kapittel 3.5, men her er sjølvsagt også ein del aspekt som er mindre føreseielege, ikkje minst med tanke på framtidig utvikling av havbaserte næringar.

Samfunnsdelen omtaler Julsundet som eitt lokalsamfunn som langt på veg er i ferd med å vakse saman, men i to ulike kommunar. Identitetsbygging og tiltak for å knyte Julsundet/ Jendem saman er nemnt som grep. Vi støttar dette, og rår i tillegg til at ein samarbeider over kommunegrensene om felles løysningar for funksjonsbehova, inkludert bustad-behovet.

Satsingsområde, mål og strategiar
Dette kapitlet utgjer det meste av plandokumentet. Dette er per definisjon dei planmessige konklusjonane som vert lagt fram til diskusjon, og som må vere eit resultat av kunnskaps-innhentinga, prosesstyringa og medverknaden. Det er ikkje utan vidare lett å sjå korleis desse tinga heng saman. Vi har nokre konkrete spørsmål og kommentarar i den saman-hengen:

- Kapitlet startar med kommunen sine verdiar. Kvar kjem desse frå ? Kva prosess ligg til grunn ? Er dei ein del av fastlagt ramme for planen eller er dei ein del av forslaget ?

- Det same spørsmålet kan for så vidt stillast om visjonen, men denne er kanskje meir etablert som del av merkevaren "Aukra" og dermed allereie ålment akseptert.

- Det er vist til åtte hovudtema som grunnlag for korleis hovudkapitlet er organisert. Kvar er desse henta ? Vi finn dei ikkje i forslaget til planprogram, utover ei kryptisk opplysing om at gjeldande samfunnsdel *"skal fornyast. Tema kan førast vidare, men truleg vil mykje vere aktuelt for endring.".* Som tidlegare nemnt: Korleis er satsingsområda eit resultat av utfordringsbildet ?

- Planen opererer med gjennomgåande perspektiv. Det er positivt at desse har eigne mål og gjennomføringsstrategiar. Omtalen av dei gjennomgåande perspektiv er grei, men har opplysingar som like gjerne kunne høyre til i bakgrunnsopplysingane, rammene for planlegging, og som kanskje også kunne supplerast med konkrete data og kunnskap. Dette gjeld for ein stor del også satsingsområda, som nemnt ovanfor.

Føringane for arealdelen
Under nokre av satsingsområda er gitt føringar for arealdelen. Dette er i samsvar med råd vi ga ved oppstart. Kanskje bør desse føringane også samlast i eit eige sluttkapittel som i større grad tydeleg gjer ein konkret arealstrategi. Vi har også i den samanhengen eit par konkrete råd:

- Forholdet til senterstrukturen er drøfta i kapittel 3.2 Attraktiv kommune, men utan at det er gitt relevante føringar for arealbruk som bygger under dette. Formuleringane som er gitt, gir heller ingen faktiske føringar, men synleggjer ei oppgåve planen må ta fatt i. Skal kommunen vere aktiv i bustadmarknaden ? Er det visse typar behov marknaden ikkje greier å dekke ? Er det likegyldig kvar ein bygger og type bustader som blir ? Kva betyr *"variert bustadtilbod i heile kommunen" ?*

- Å legge til rette for møteplassar (kap 3.3) er viktig, og fortener meir presise føringar. Kvar skal desse møteplassane vere, og kva kvalitet skal dei ha. I kjølvatnet av dette er det også relevant med føringar om tilkomst, mellom anna trygg skuleveg.

- Turstigar og friområde har fått fokus under kapittel 3.4 om velferd og omsorg, eit breitt satsingsområde. Her er ei føring om tverrfagleg samarbeid. Føringa gjeld prosess og medverknad, og ikkje arealbruk. Også her burde det vere tenleg med ein diskusjon om kvar slike tiltak skal prioriterast, kva kvalitet dei skal ha og kven som har ansvaret.

- Kap 3.5: Vi saknar arealplanføringar om lokalisering av reiselivstilbod

- Under 3.9 om klima og miljø, er det fokus på (mellom anna) at nye bustadfelt og utbyggingsområde skal lokaliserast i tilknytting til eksisterande busetnad, infrastruktur etc. Vi vil støtte dette, men det er ikkje kommunisert som ei føring for arealplanlegginga. Kvar finst den insfrastrukturen og bustadområde som ein ønsker å bygg opp under, jamfør spørsmål til 3.2 ? Er det områda utanom Falkhytten og Julsundet som kan tene som grunnlag for klimafokusert lokalisering ?

- Øvrige føringar under 3.9 er som mykje elles, meir prosessuelle føringar enn reine arealbruksføringar. Vi vil rå kommunen til å drøfte dette noko nærare.

**Miljø og klima**
Fylkesplanen for klima og energi har mål om at *«Klimagassutsleppa i Møre og Romsdal skal i forhold til utsleppa i 2009, reduserast med meir enn 10 % innan 2020».* Ungdommens fylkesting vedtok i 2014 mål at det *«Innan 2020 skal det vere gjennomført minst fem - 5- konkrete tiltak i kvar kommune i fylket for å betre miljøet og redusere klimagassutslepp».*

I samfunnsdelens kapittel 3.9 blir det vist til både internasjonale og nasjonale klimamål (som eigentleg høyrer til forveningar og føringar). Kommunen kunne med fordel også ha vist til regionale klimamål. Kommunen ønsker å være «*ein aktiv medspelar i dette arbeidet og vere ein pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal gjere miljøvenlege val*». Vidare nemner planen at *«redusert bilbruk kan nåast gjennom planlegging av korte avstandar mellom bustadområde og handels-, sørvis- og tenestetilbod».* I dette ligg blant anna prinsippet om «Samordning av bustad areal og transport planlegging» og spørsmålet om korleis kommunen skal organisere samfunnet på ein slik måte at innbyggarane ikkje

bruker unødvendige ressursar og energi. Statlege planretningsliner gjeld som ramme for dette.

Ein vesentleg del av klimagassutsleppa er knytt til transportsektoren. Endring krev konkrete tiltak. Kommunen bør drøfte meir konkret korleis ein skal kunne redusere dagens transportbehov, til dømes korleis ein fram i tid skal oppnå betre balanse mellom arbeidsplass og busetting for å unngå pendling, og korleis ein lokalt skal organisere funksjonar som bustad, skule, barnehage og handel m.m., for å unngå bruk av bil i kvardagen.

Målet om å redusere transportbehovet må gi så konkrete føringar for framtidig arealbruk at reduksjonen av transportbehovet kan bli reell. Vi rår kommunen i denne samanhengen til å utarbeide konkrete målbare mål og føringar, for vidare oppfølging og etterprøving.

**Tettstadutvikling**
Møre og Romsdal fylkeskommune jobbar bistår kommunane i fylket i utvikling av kommunesentra sine. Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020 slår fast at Møre og Romsdal skal ha attraktive byregionar og tettstadar. Slik sett er måla til Aukra kommune i samsvar.

Regional delplan for attraktive byar og tettstadar gir rammer og tilrådingar for senterstruktur. Aukra kommune fekk tilskot til å gjennomføre eit tettstadarbeid knytt til utvikling av Falkhytten i 2011-2012 gjennom Tettstadprogrammet, som har kommunesentra i fylket som fokusområde. Dei seinaste åra har ikkje fylkeskommunen vore involvert i tettstadarbeid på Falkhytten.

Kommunen forventar og ønsker vekst, og har eit uttalt mål om å tilby gode bu- og oppvekstmiljø og gode tenester. Strategiske val knytt til tettstadutvikling vil viktig for å stimulere til nettopp dette. Vi saknar derfor meir tydelege prioriteringar, jamfør også dei planfaglege merknadene. Vi vil utfordre kommunen til å konkretisere kva attraktive bumiljø er eller kan vere i Aukra (basert på kunnskapsgrunnlag om demografisk struktur og utvikling, geografi, transportbehov, miljø- og klima etc. Ein bør i tillegg drøfte korleis ein skal jobbe for å kome dit.

Korleis fastlandsdelen av kommunen forheld seg til Falkhytten og Molde er vesentleg å ta stilling til når ein skal vurdere kva rolle og funksjon kommunesenteret skal ha i høve til eigen kommune og til nabokommunane.

**Samferdsel**
Statens vegvesen uttaler seg som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen. Vi viser derfor til statens vegvesens fråsegn, datert 17.12.2018, for merknader knytt til ønske om bruksendring/brukartilpassing av fylkesvegen i Julsundet og til utfordringar knytt til arealbruken rundt fylkesvegen på Gossen.

**Folkehelse**
Jamfør folkehelselova § 5, skal kommunane ei skriftleg oversikt over helsetilstanden hos innbyggarane og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Denne oversikta skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi, samt planer og avgjerder i kommunen. Fylkeskommunen er ikkje kjent med at Aukra kommune har laga ei skriftleg oversikt over folkehelsa, og det er heller ikkje synleggjort i oversendinga no. Kommunen manglar derfor et viktig kunnskapsgrunnlag for kommuneplanen.

I kapittel 3.3. blir det vist til kartlegginga «BarneByks» og dei 10 punkta som kommunane bør følge opp. Dette er sjølvsagt positivt. Fylkeskommunen er kjent med at det har vore ein prosess internt i Aukra kommune i samband med kartlegginga, og det er relevant å løfte fram kva område kommunen særleg må arbeide med, sett opp imot tilrådingane i rapporten.

Det er også positivt at Aukra kommune har gjennomført ei borgarundersøking. Planforslaget gir eit kort oversyn over kva denne fortel.

Medverknad er sentralt i plansamanheng. Særleg viktig er det å nå grupper av befolkninga som ein ikkje når gjennom tradisjonelle medverknadsmetodar som til dømes folkemøter. Det hadde vore ønskeleg om også andre metodar for medverknad hadde vore nytta. Samstundes er det positivt at kommunen også framover prioriterer å legge vekt på medverknad, mellom anna frå barn og unge, jf. kapittel 3.3. Vi nemner i den samanheng at fylkeskommunen saman med seks primærkommunar har delteke i det nasjonale prosjektet om "Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse" (2015-2018). Her har medverknad vore sentralt i høve å få fram kunnskap om kva innbyggarane meiner er viktig for å fremme helse og trivsel. Til våren skal det lagast ein erfaringsrapport frå prosjektet i fylket, samt ein nasjonal idébank.

**KONKLUSJON**
Vi viser til våre merknader i saksutgreiinga og ber om at desse vert vurdert i det vidare planarbeidet fram mot eigengodkjenning.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Johnny Loen<br>plansamordnar | Anders Smith-Øvland<br>overarkitekt |

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli sendt i papir*

<u>Fagsaksbehandlar</u>
Folkehelse: rådgivar Sigri J. Spjelkavik, tlf. 71 28 03 04

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

AUKRA
NÆRINGSFORUM

# Uttalelse til kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra kommune

Behandlet på styremøte i Aukra Næringsforum torsdag 6. september 2018.

## Overordnete mål

Aukra næringsforum har følgende strategiske satsingsområder:

- Havrommet (fiskeri, akvakultur m.v.)
- Reiseliv (Øyriket i Romsdal, Masterplan for reiseliv i Molde regionen).
- Utvikling av eksisterende og nye virksomheter innen lokalt næringsliv.

## Mål og strategier

| **Forslag til Aukra - kommuneplanen sin samfunnsdel:** |
|---|
| **ATTRAKTIVITET (FOLK, NÆRING OG TRIVSEL)**<br>**Om utdanning**<br><br>**MÅL (slik vil vi ha det:**<br>Vidareutvikle gode oppvekst- og skuletilbod i Aukra.<br><br>**STRATEGIAR:**<br>• Styrke samarbeidet mellom kommune, skule og næringsliv. |
| **Om arbeidsmarknad**<br><br>**MÅL (slik vil vi ha det):** Aukra kommune skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.<br><br>**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**<br>• Kommunen skal sjølv, og i samarbeide med nærliggande kommunar, legge til rette for attraktive næringsområde.<br>• Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk, og næringar som er knytt opp til desse.<br>• Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd, støtte eksisterande lokal industri og næringsverksemd, og utvikle arbeidsplassar. |
| **Om møteplassar**<br>**MÅL (slik vil vi ha det):**<br>Aukra skal vere ein kommune med attraktive møteplassar.<br><br>**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**<br>• Utvikle samarbeid med Aukra Næringsforum, lag og organisasjonar om felles strategi og tiltak for marknadsføring og aktivitetar gjennom året. |
| **Føringar for arealdelen:**<br>• Sikre nødvendige areal til næringsformål.<br>• Sikre god og berekraftig forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring.<br>• Sikre eit god vegnett for både innbyggjarar og næringsliv, under her realisere veg og bruer over Kjerringsundet.<br>• Utgreie storkai i Aukra eller i nærliggande kommunar.<br>• Legge til rette for tilbod og konkurranse om breiband til næringslivet. |

**BUSETTING.**
**Befolkningsvekst.**
**MÅL (slik vil vi ha det):**
Aukra kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Legge til rette for næringsutvikling og vidareutvikle arbeidsplassar innanfor privat og offentleg sektor.

**Føringar for arealdelen:**
• Legge til rette for næringsaktørar som vil byggje eigedom til bustader og/eller til næringsføremål.
• Legge til rette for bu- og arbeidsplassar på Orten.

**AUKRA I REGIONEN**
**Aukra i Molderegionen**

**MÅL (slik vil vi ha det):**
Aukra kommune skal kombinere utvikling av kommunesentra på øy og fastland, samtidig som Aukra skal bidra til å utvikle Molderegionen.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Vidareutvikle og styrke regionale funksjonar i området, og utvikle sentrum både på Gossen og Hollingen med innslag av urbane kvalitetar der det lar seg gjere.
• Styrke og vidareutvikle bu- og arbeidsregionen, og vidareutvikle samarbeidet med resten av Molderegionen.
• Styrke næringslivet med vekt på innovasjon og gründerverksemd, og vidareutvikle utdanningstilbodet i Molderegionen.

**MÅL (slik vil vi ha det):**
Styrke og bygge opp Aukra og Øyriket i Romsdal som handels-, kultur og opplevingsdestinasjon.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Medverke til utvikling og marknadsføring av natur- og reiselivsdestinasjonar.
• Legge til rette for næringsareal og medverke til utvikling av samarbeidet mellom Kommune, Aukra Næringsforum, NCE iKuben, ProtoMore kunnskapspark og andre næringsfora i regionen.

**MÅL (slik vil vi ha det):**
Styrke Aukra som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Arbeide aktivt for å marknadsføre Aukra og «Øyriket i Romsdal» som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.
• Legge til rette for gode og kystnære reiselivstilbod med fokus på gode opplevingar og lokal matkultur.
• Utvikle samarbeidet med andre reiselivsdestinasjonar i regionen.

**Føringar for arealdelen:**
• Legge til rette for overnattings- og serveringstilbod.

**AUKRA I SENTRUM**

**Attraktivt og særprega.**

**MÅL (slik vil vi ha det):**
Aukra skal vere attraktiv for auka trivsel, handel og aktivitet.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Utvikle samarbeid med Aukra Næringsforum, lag og organisasjonar om felles strategi for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
• Sikre handel og aktivitet på gateplan, møteplassar (t.d. kafear) og medverke til at tomme lokale vert tekne i bruk.
• Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.

**KLIMA OG MILJØ**
**MÅL (slik vil vi ha det):**
I Aukra skal utslepp frå transportsektoren reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport..

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelvegar.
• Vidareutvikle kollektivtilbodet og haldeplassane i kommunen.
• Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel.
• Jobbe for miljøvennleg ferjetransport, med frekvens og kapasitet heile døgnet fram til vegforbindelsen over Kjerringsundet er realisert.

**Føringar for arealdelen:**
•Sikre areal til gode kollektivtrafikkløysingar og kollektivknutepunkt på Falkhytten og Hollingen.
•Etablere ladestasjonar for EL-bilar/EL-køyretøy på Falkhytten og Hollingen.

**TENESTER**
**MÅL (slik vil vi ha det):**
Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Vere i dialog med brukarane, vurdere behov og kartlegge brukaren sine eigne ressursar.
• Prioritere kompetanseutvikling for tilsette.
• Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen.
• Sørge for å ha både kapasitet og kompetanse når innbyggjarar og næringsliv treng til dømes råd, rettleiing og sakshandsaming.
• Samarbeide godt på tvers av sektorar i egen organisasjonen og med andre kommunar – for å samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen.

**SAMFUNNSTRYGGLEIK**
**MÅL (slik vil vi ha det):**
Aukra kommune skal til einkvar tid ha gode system for beredskap.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
• Ha ein god, oppdatert og godt kjent beredskapsplan og plan for kriseleiinga, og øve i samsvar med kvalitetssystemet for beredskapsarbeid.

**MÅL (slik vil vi ha det):**

Det skal vere gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen.

**STRATEGIAR (slik gjer vi det):**
- Sikre optimal kommunikasjonsdekning og straumforsyning i heile kommunen.
- Sikre beredskapsferje.
- Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.

# INNHALD

1 Forord ..................................................... 2

2 Samandrag ............................................. 2

3 BAKGRUNN ............................................ 3

3.1 Lovgrunnlaget. Kommuneplan og kommuneplanen sin samfunnsdel ............. 3

3.2 Om konkretisering av kommuneplanen, handlingsdel og arealdel 3

3.3 Forventningar og utfordringar til kommuneplanarbeidet - nasjonale, regionale og lokale føringar ........................ 4

3.4 Prosess og medverknad.................. 6

4 UTVIKLINGSTREKK .................................. 7

4.1 0m Aukra kommune ........................ 7

5 SATSINGSOMRÅDE, MÅL OG STRATEGIAR 9

5.1 gjennomgåande perspektiv............ 9

5.2 Attraktiv kommune ....................... 10

5.3 Barn og unge................................. 13

5.4 Velferd og omsorg ......................... 15

5.5 Aukra i regionen ........................... 16

5.6 Fornying, forenkling og forbetring 17

5.7 Kompetente medarbeidarar, rekruttering .............................................. 19

5.8 Berekraftig Økonomiforvalting...... 19

5.9 Klima og miljø ............................... 20

# 1 FORORD

Aukra vil vidare! Aukra høyrer til i  ytre del av Romsdal der vi ønsker å bidra til framgang og utvikling for kommunen og for naboane våre. Det som er godt for Aukra, er godt for regionen, og det som er godt for regionen er godt for Aukra!

Aukra kommunen er i den heldige situasjonen å ha store inntekter frå eigedomsskatt frå gassmottaksanlegget på Nyhamna. God økonomi har gjort oss i stand til å gjennomføre mange investeringar i bygg og infrastruktur og til å bidra til større regionale satsingar gjennom GassROR IKS.

I samfunnsdelen til kommuneplanen har kommunestyret plukka ut aktuelle satsingsområde for planperioden. Her finn vi ikkje mange nye investeringsprosjekt. Kjerringsundsambandet er unntaket, og som del av ferjefri E39, vil prosjektet bli krevjande for kommunen. For planarbeidet elles har det vore viktig å arbeide med innhaldet i dei kommunale tenestene. Barn og unge og velferd og omsorg har hatt særleg merksemd. Vi ønsker eit samfunn  med gode oppveksttilhøve og trygge omgjevnader! Dette trur vi skaper attraktivitet og bulyst. God tilgang på lokale og regionale arbeidsplassar styrkjer også attraktiviteten. Etablering av Kjerringsundsambandet blir viktig i så måte.

Aukra får nye innbyggarar som følgje av kommunereforma. Vi ønsker innbyggarane frå Orten hjarteleg velkomne!

Ei omstilling av samfunnet mot stadig meir digitalisering, krev at kommuneorganisasjonen og lokalsamfunnet er i stand til å møte desse utfordringane. Dette vil vi søke å førebu oss på gjennom mål og strategiar for temaet. Vi ser vidare at spørsmål rundt forvaltinga av klima og miljø kjem oss raskt i møte. Difor er dette eit viktig satsingsområde i planen.
Aukra er i ei særstilling i høve til inntekter. Det er viktig for kommunestyret at forvaltaransvaret for desse midlane blir gjeve særleg merksemd slik at komande generasjonar kan ha nytte av dei investeringane og disposisjonane vi gjer i dag.

Bernhard Riksfjord
ordførar

# 2 SAMANDRAG

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eitt av dei mest grunnleggande plandokumenta i kommunen. Det meste av kommunen sine aktivitetar har utgangspunkt i denne planen. Lovgrunnlaget for planlegginga er å finne i plan- og bygningslova med reglar for kommuneplanlegging og rullering av planprosessane i lengre og kortare «årshjul». Forventningar og utfordringar til kommuneplanarbeidet er eit hierarki frå nasjonalt nivå, gjennom det regionale nivået til lokalt nivå. Plandokumentet har ei opplisting av denne strukturen. Dei mest grunnleggjande føresetnadane og utfordringane for planarbeidet er følgjande:

- Gjennomgåande perspektiv
- Kommunereforma
- Samferdselstiltak
- Utfordringsdokument
- Arealdelen 2016 – 2028
- Julsundet / Jendem i Fræna
- Borgerundersøking

Medverknadsprosessane har vore breie i planarbeidet. Hovudtrekka er gjort greie for, og prosessane har hatt utløparar til det  meste av det administrative og politiske arbeidet i tida for planarbeidet. Statistikkgrunnlaget er i hovudsak konsentrert om befolkningstal og pendling då dette er vurdert å vere det mest relevante for planarbeidet.
Satsingsområda i planen er komne fram etter ein lang utveljingsprosess, og er desse:

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen

- Fornying, forenkling og forbetring
- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvalting
- Klima og miljø

Etter ein kort omtale er satsingsområda brotne ned i mål «Slik vil vi ha det» og gjennomføringsstrategiar «Slik gjer vi det». I det årlege arbeidet med handlingsdelen til kommuneplanen, handlingsprogrammet, vil det bli plukka tema frå satsingsområda sine mål og strategiar for seinare konkretisering i årsbudsjettet og økonomiplanen.

Handlingsdelen til kommuneplanen er i Aukra kommune ikkje eit eige plandokument, men samlinga av måla, «Slik vil vi ha det» og gjennomføringsstrategiane «Slik gjer vi det» i samfunnsdelen.

# 3 BAKGRUNN

## 3.1 LOVGRUNNLAGET. KOMMUNEPLAN OG KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

**Følgjande er sagt om kommuneplanen i plan- og bygningslova, § 11-1:**
«Kommunen skal ha en samlet kommuneplan som omfatter samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg fra statlige og regionale myndigheter til grunn.»

**Kommuneplanen sin samfunnsdel, del av § 11-2 og § 11-3:**
«Kommuneplanens samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategier for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Den bør inneholde en beskrivelse og vurdering av alternative strategier for utviklingen i kommunen.

Kommuneplanens samfunnsdel skal være grunnlag for sektorenes planer og virksomhet i kommunen. Den skal gi retningslinjer for hvordan kommunens egne mål og strategier skal gjennomføres i kommunal virksomhet og ved medvirkning fra andre offentlige organer og private.»

«Kommuneplanens samfunnsdel skal legges til grunn for kommunens egen virksomhet og for statens og regionale myndigheters virksomhet i kommunen.»

Det er eit viktig prinsipp for samfunnsdelen at han ikkje skal vere meir omfattande enn naudsynt og legge vekt på kommunale tilpassingar.

## 3.2 OM KONKRETISERING AV KOMMUNEPLANEN, HANDLINGSDEL OG AREALDEL

**Handlingsdel, del av § 11-1 og §11-3:**
«Kommuneplanen skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende år eller mer, og revideres årlig.»
«Kommuneplanens handlingsdel gir grunnlag for kommunens prioritering av ressurser, planleggings- og samarbeidsoppgaver og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.»

Mål og strategiar i kommuneplanen sin samfunnsdel skal nyttast som grunnlag for handlingsdelen.[1] Handlingsdelen er fireårig, og har såleis ein kortare planperiode enn samfunnsdelen. Tilhøve som samfunnsdelen ikkje «såg», kan handlingsdelen ta opp i seg. Eit døme kan vere uventa utgifter til ein ressurskrevjande brukar. Handlingsdelen til kommuneplanen i plan- og bygningslova er no samordna med reglane om økonomiplan og årsbudsjett i kommunelova § 44. I Aukra kommune sitt plansystem er ikkje

[1] Veileder, Kommuneplanprosessen, Miljøverndepartementet, 2012

handlingsdelen eit eige plandokument, men samlinga av måla og strategiane i samfunnsdelen.  Vi ser det som tenleg at handlingsdelen blir innleiinga i økonomiplan- og årsbudsjettdokumentet. *Handlingsdelen* blir på denne måten, broten ned i det årlege *handlingsprogrammet* der satsingane for det einskilde året kjem fram.  Satsingane samhandlar med økonomiplanen, og økonomiplanen konkretiserer dei årlege gjeremåla gjennom investerings- og driftsbudsjett. Eittårs- og fireårssyklusane kan illustrerast slik:




*Handlingsdelen si rolle i kommuneplanen*

**Arealdelen, del av § 11-5:**
«Kommunen skal ha en arealplan for hele kommunen (kommuneplanens arealdel) som viser sammenhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.»

Arealdelen til kommuneplanen får føringar frå samfunnsdelen, til dømes utbyggingsmønster. Arealdelen skal vere det kartmessige biletet av prioriteringane og satsingane i samfunnsdelen.

## 3.3 Forventningar og utfordringar til kommuneplanarbeidet - nasjonale, regionale og lokale føringar

I planprogrammet for samfunnsdelen er det vist til sentrale føringar og forventningar som gir rammene for planarbeidet :

- Lover og forskrifter
- Stortingsmeldingar, rikspolitiske og statlege planretningslinjer
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging
- Regional planstrategi for Møre og Romsdal fylkeskommune 2016 - 2020
- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017 – 2020
- Kommunal planstrategi for Aukra kommune 2017 – 2019
- Kommunedelplanar og fagplanar

Plan- og bygningslova (PBL) § 1.1 slår fast at planlegging skal bidra til samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver.

Dersom vi starter internasjonalt, har Norge slutta seg til FN sine 17 berekraftmål (Paris-avtalen 2015). Måla er forankra i ein felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kamp mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.  Berekraft er definert som:

*«Utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov.»*

Nasjonale forventningar til planarbeid blir utarbeidd av regjeringa kvart 4. år, PBL § 6-1. Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging vart vedteken ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015. Hovudtema er:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstadsområde

**Gjennomgåande perspektiv**
Dei gjennomgåande perspektiva er nasjonalt prioriterte samfunnsomsyn som statlege etatar, fylkeskommunar og kommunar skal vurdere og inkludere i all planlegging og seinare ved gjennomføring av tiltak. Perspektiva kan vere forankra i konkret lovverk, men også i regjeringa sine politiske

prioriteringar. Møre og Romsdal fylkeskommune har i sin fylkesplan for 2017 – 2020 vidareført tidlegare gjennomgåande perspektiv: *Klima og miljø, barn og unge, og likestilling og inkludering*. Fylkeskommunen sine gjennomgåande perspektiv vil i nokon grad bli ført vidare, tilpassa tilhøva lokalt i Aukra kommune, gjennom tema i dei ulike satsingsområda. Døme på gjennomgåande perspektiv kan vere:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Klima og miljø
- Likestilling og integrering
- Samfunnstryggleik

**Kommunereform**
Aukra kommune har gjennom kommunestyrevedtak vald å stå aleine. Rundt oss vil tre nye større kommunar oppstå: Nye Molde kommune (Molde, Nesset, Midsund), Nye Ålesund kommune (Sandøy, Haram, Skodje, Ørskog og Ålesund) og Hustadvika kommune (Fræna og Eide). Desse nydanningane vil gi utfordringar for Aukra kommune der interkommunale samarbeid og samarbeidsavtalar kjem til reforhandling. I nabokommunen Sandøy søkte ein del av innbyggjarane (med heimel i inndelingslova) fylkesmannen om overføring til Aukra. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har vedteke (juni 2018) at øyane Orten og Lyngværet med tilhøyrande sjøareal skal overførast til Aukra. Denne utvidinga blir innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel og neste revisjon av arealdelen.

**Samferdselstiltak**
Ny europaveg, E39 Møreaksen, har kome langt i planlegginga. Prosjektet er på plass i nasjonal transportplan. Fastlandsamband for Gossen, Kjerringsundsambandet, heng saman med Møreaksen og blir planlagt parallelt. Aukra kommune skal forskottere store delar av byggekostnadane for Kjerringsundsambandet gjennom eigedomsskatte-inntektene frå Nyhamna prosessanlegg. Denne satsinga er ei vidareføring frå førre samfunnsdel. Dersom tiltaket kjem til gjennomføring, er kommunen førebudd gjennom økonomiske avsetjingar. Dei langsiktige økonomiske konsekvensane av ei slik satsing vil bli ein viktig del av samfunnsplanlegginga i kommunen.

**Utfordringsdokument**
Ein viktig del av det innleiande arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel har vore å tenke gjennom kva utfordringar Aukra – samfunnet står overfor dei næraste åra. Gjennom ein brei medverknadsprosess under leiing av formannskapet, har ulike utfordringar vorte samla i eit utfordringsdokument[2]. Desse ligg til grunn for satsingsområda, mål og strategiar omtala seinare i dette dokumentet.

**Arealdelen 2016 – 2028**
Arealdelen til kommuneplanen i Aukra vart sist revidert gjennom vedtak i februar 2017. Tidlegare samfunnsdel 2011 – 2020 hadde svake føringar til arealavklaringar. Siste revisjon av arealdelen gjorde likevel nokre prinsipielle samfunnsmessige avklaringar som kan vidareutviklast i denne revisjonen av samfunnsdelen: Tettstadutvikling på Gossen og på Julsundet, bustadbygging (spreidd og konsentrert) i høve til samla transport og arealplanlegging og strandsoneforvalting.

**Julsundet / Jendem i Fræna**
I høve til nabokommunane står det tette fellesskapet mellom Julsundet og Jendem i Fræna i ei særstilling. Dette kjem til uttrykk i dagleg omgang mellom innbyggjarane i høve skulegang, fritidsaktivitetar, treffpunkt på butikken, lag og foreiningar og personlege venskap. Seinast i 2016, låg ein felles nærbutikk på Jendem. Denne er no flytta til Hollingbygg (2017) ved vegkrysset til ferjekaia. Ungdomsskuleelevane i Søre Fræna går på Julsundet skule (avtale fram til 2025). Det er eit felles idrettslag i området: Ekko / Aureosen. Lag og foreiningar samarbeider over kommunegrensa. Den sterk auken i

[2] Kommunal sak/arkiv, Ephorte 2017/352-52

bustadbygginga både i Julsundet og på Jendem vil om få år gi kommunane ei kapasitetsutfordring i høve barnehageplassar og skuleplassar. Aukra kommune tek i bruk nyrenoverte lokale på Julsundet skule i august 2018, Fræna kommune har gjort vedtak om utbygging av Jendem barneskule med ferdigstilling i 2020. Aukra har om lag halvparten av drikkevassforsyninga frå Tverrlivatnet i Fræna og resten frå vassverkssamarbeidet Eide/Fræna/Aukra for vassforsyning til Nyhamna prosessanlegg og deler av Gossen.

**Borgarundersøking**
Hausten 2017 vart det gjennomført ei borgarundersøking i kommunen for å få tilbakemelding frå innbyggjarane og brukarane av kommunale tenester. Aukra fekk gode resultater i borgerundersøkinga:

Borgarskåren på 80 er god, og syner at innbyggarane er godt nøgde med Aukra som ein plass å bu og leve i. Aukra har også eit godt omdømme (75), og ein er godt nøgd med tenestene (68). Resultata på både *Omdøme* og den overordna *Borgerskåren* ligg godt over gjennomsnittet for Norge.

Når det gjeld tilfredsheit med kommunale tenester, får Aukra ein skåre på 71. Snitt for Norge er 68.

Som organisasjon fungerer Aukra kommune bra ifølge innbyggarane, som gir en skåre på 64. Snitt for Norge er 59.

**Parallelle planar**
Saman med oppstartmeldinga for samfunnsdelen (april 2017) vart det meldt oppstart for tre fagplanar i samsvar med kommunen sin planstrategi (2017 – 2019): Omsorgsplan, barne- og ungdomsplan og klima- og miljøplan. Desse parallelle planprosessane reknar vi med skal ha gjensidig positiv innverknad på kvarandre. Fagplanane vil vere meir detaljerte enn samfunnsdelen.

## 3.4 Prosess og medverknad

Arbeid med revisjon av samfunnsdelen starta med melding om oppstart og framlegg til planprogram i formannskapet i april 2017. Med bakgrunn i vedteken planstrategi vart det samstundes med samfunnsdelen meldt oppstart av fleire fagplanar (Omsorgsplan, Barne- og ungdomsplan og energi-, klima- og miljøplan). Ideen bak dette var at dei ulike planarbeida ville verke utviklande og forsterkande på kvarandre. Formannskapet har vore styringsgruppe for prosjektet. Rådmannen si leiargruppe har fungert som prosjektgruppe. Parallelt med høyringa av oppstart og planprogram, starta eit arbeid med å identifisere viktige utfordringstema for samfunnet og tema knytt til den kommunale tenesteproduksjonen. Innspel vart levert frå politiske organ (dialogmøte med kommunestyret, ungdomsråd, eldreråd og rådet for likestilling av funksjonshemma), Aukra næringsforum og rådmannen si leiargruppe. Utfordringar for samfunnet og kommunen som tenesteorganisasjon vart samla i eit utfordringsdokument og godkjent som plangrunnlag av formannskapet i august 2017. Utfordringsdokumentet har så fungert som nytt diskusjonsgrunnlag, i tidlegare nemnde organ, som grunnlag for konkretisering av satsingsområde (målsetjingar) og gjennomføringsstrategiar. Vi har brukt nemningane «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det» for å konkretisere dei meir abstrakte omgrepa: Målsetjingar og strategiar. Partigruppene i kommunestyret og einingsleiarane sine nettverksgrupper leverte kvar sine innspel til satsingsområde i januar 2018. I februar vart utfordringane og forventningar til samfunnsdelen til kommuneplanen drøfta med statlege og fylkeskommunale etatar i regi av Aukra kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.  Vidare konkretisering skjedde i nytt dialogmøte med kommunestyret i mars 2018. Informasjon om arbeidet har vore tilgjengeleg på kommunen sine heimesider og facebookside. To

folkemøte vart arrangert, eitt på Gossen og eitt på Julsundet i mai 2018.

# 4 UTVIKLINGSTREKK

## 4.1 OM AUKRA KOMMUNE

Deldokument 1 til kommuneplanen – Utfordringsdokumentet – omtalar dei mest sentrale utviklingstrekka framover. Oppdatering følgjer her:

**Aktuell statistikk**

| | **2010** | **2011** | **2012** | **2013** | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| **Folkemengda 1.1** | 3196 | 3249 | 3289 | 3339 | 3377 | 3466 | 3518 | 3547 | 3557 |
| **Levandefødte** | 34 | 25 | 40 | 37 | 33 | 37 | 27 | 33 | 31 |
| **Døde** | 14 | 18 | 31 | 33 | 24 | 33 | 25 | 27 | 27 |
| **Fødselsoverskot** | 20 | 7 | 9 | 4 | 6 | 4 | 2 | 6 | 4 |
| **Innflyttingar** | 155 | 182 | 190 | 190 | 192 | 236 | 195 | 194 | 199 |
| **Utflyttingar** | 123 | 149 | 150 | 154 | 106 | 151 | 145 | 171 | 193 |
| **Nettoinnflytting** | 32 | 33 | 40 | 36 | 86 | 85 | 50 | 23 | 6 |
| **Folketilvekst** | 53 | 40 | 50 | 38 | 96 | 89 | 52 | 29 | 10 |
| **Årlig vekst i %** | *1,7* | *1,2* | *1,5* | *1,1* | *2,8* | *2,6* | *1,5* | *0,8* | *0,3* |
| **Kor av:** | | | | | | | | | |
| **Innvandring** | 50 | 53 | 47 | 41 | 51 | 59 | 51 | 27 | 21 |
| **Utvandring** | 9 | 17 | 10 | 21 | 10 | 18 | 20 | 16 | 30 |

Frå 2017 ser ein eit «trendbrot» der veksten i folketalet vert mindre/liten. Ein stor del av forklaringa kan truleg vere ein nasjonal trend der tidlegare arbeidsinnvandrar flyttar tilbake til heimlandet, samtidig med mindre arbeidsinnvandring frå dei same landa. Fødselsoverskotet (fødde og døde) er derimot stabilt.




## Folketalsutvikling/framskriving

I tider med store flyktningstraumar og samtidig økonomiske nedgangstider, med mellom anna arbeidsløyse og tendensar til tilbakeflytting til heimland frå tidlegare arbeidsinnvandrar, er det knytt uvisse til korleis folketalet vil utvikle seg framover. Med utgangspunkt i SSB si framskriving av «lav innvandring» kan ein sjå følgjande utviklingstrekk, sjå figur under:

- Ei jamn, men svakare enn tidlegare forventa, befolkningsutvikling i prognoseperioden
- Folketalsutviklinga på Gossen er stabil eller i stagnasjon
- Folketalsutviklinga i Julsundet har jamn auke
- Aldersgruppa 80 år og eldre vil oppleve ein markant og stor vekst frå ca. år 2025.
- Tal på yngre eldre (67-79 år ) vil få ein kraftig vekst fram mot ca. år 2025
- Det er venta ein svak vekst i den yngste aldersgruppa (0-5 år), og då særleg frå ca. år 2020
- Ungdomsskolealdersgruppa er venta å vekse noko fram mot 2020, kor då veksten vil flate ut
- Tal på barn i grunnskulealder vil svinge litt i prognoseperioden

Tal på personar i yrkesaktiv alder (20–66 år) vil auke i perioden. Ein mogeleg konsekvens av dette:

- Trong for fleire arbeidsplassar for å kunne sysselsetje lokalt
- Auke i lokalt pleie- og omsorgsbehov




| Folkemengd, grunnkrins pr 1.1 | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **2013** | **2014** | **2015** | **2016** | **2017** | **2018** |
| **Julsundet** | 819 | 840 | 875 | 895 | 918 | 984 |
| **auke** | 21 | 21 | 35 | 20 | 23 | 66 |
| **i %** | 2,6 | 2,5 | 4 | 2,2 | 2,5 | 6,7 |
| **Gossen** | 2510 | 2533 | 2588 | 2617 | 2618 | 2566 |
| **auke** | 31 | 23 | 55 | 29 | 1 | -52 |
| **i %** | 1,2 | 0,9 | 2,1 | 1,1 | 0 | -2,0 |
| **Uoppgitt krins** | 10 | 4 | 3 | 6 | 11 | 7 |
| **Sum Aukra kommune** | 3339 | 3377 | 3466 | 3518 | 3547 | 3557 |
| **auke** | 50 | 38 | 89 | 52 | 29 | 10 |
| **i %** | 1,5 | 1,1 | 2,6 | 1,5 | 0,8 | 0,3 |

## Pendling

Det er store forskjellar på fastlandsdelen og øydelen i høve inn og utpendling.

Pendling frå busette i Aukra pr 2017:

| | Gossen | Fastlandet |
|---|---|---|

| | | |
|---|---|---|
| Molde | 14 % (148) | 66.5% (295) |
| Fræna | 2 % (22) | 7.5% (38) |
| Aukra | 79.5% (835) | 21% (94) |

Arbeidsplass i Aukra

| | Gossen | Fastlandet |
|---|---|---|
| Molde | 13% (139) | 27.6% (29) |
| Fræna | 7% (79) | 28.5% (30) |
| Aukra | 73% (779) | 44 % (46) |

# 5 SATSINGSOMRÅDE, MÅL OG STRATEGIAR

## 5.1 GJENNOMGÅANDE PERSPEKTIV

**Kommunen sine verdiar**

Verdiar seier noko om kven vi er og kva som er viktig for oss. Aukra kommune sine verdiar vart til gjennom ein prosess knytt til førre utgåve av samfunnsdelen (2012). Verdiane er:

Attraktiv, Uredd, Kvalitet, Raus og Arbeidsglede.

Verdiane skal vera synlege i tale og gjerning. Verdiane skal prege og legge grunnlaget for korleis kommunen som samfunn og organisasjon skal arbeide og utvikle seg. Verdiane speglar kommunen sin visjon / slagord (Visjonen er vidareført frå samfunnsdelen 2012):

Aukra – full av energi.

Kommuneplanen sin samfunnsdel inneheld satsingsområde, mål og strategiar for følgjande hovudtema:

- Attraktiv kommune
- Barn og unge
- Velferd og omsorg
- Aukra i regionen
- Fornying, forenkling og forbetring
- Kompetente medarbeidarar, rekruttering
- Berekraftig økonomiforvalting
- Klima og miljø

Satsingsområda er eit resultat av planprosessen og politisk godkjent i samband med høyringa av samfunnsdelen, jamfør fotnote 2. I det følgjande blir satsingsområda omtala etter tur med ei kort utgreiing. Etter utgreiinga blir mål og strategiar konkretiserte gjennom omgrepa: «Slik vil vi ha det» og «Slik gjer vi det».

*Folkehelse* og *samfunnstryggleik* er valde som gjennomgåande perspektiv for denne planperioden. Mål og strategiar blir å finne under dei ulike hovudtema. For samfunnstryggleik og folkehelse er det i tillegg laga spesifikke mål og strategiar.

*Folkehelse*

I tida som har gått sidan førre samfunnsdel til kommuneplanen vart laga, har det skjedd mykje innan fagfelta helse, pleie og omsorg. *Samhandlingsreforma* sin første del vart sett i verk 01.01.2012. Resten av reforma følgde dei tre neste åra[3]. Målet med reforma var å få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod. Reforma har gjeve dei offentlege helse- og omsorgstenestene eit samordningsansvar og ei retningsendring inn mot tidleg innsats og førebygging framfor reparasjon.

*Folkehelse* er eit nasjonalt satsingsområde som spring ut av lov om folkehelsearbeid frå 01.01.2012[4]. Folkehelsearbeidet skal gjennomsyre alt som skjer i samfunnet, direkte eller indirekte, for å oppretthalde, betre og fremje innbyggjarane si helse. Like eins fjerne eller redusere faktorar som fører til sjukdom. Det er i dag eit sterkt fokus på psykisk helse og tiltak for at tilbodet om hjelp og tenester skal bli lett tilgjengeleg. Ein har i lengre tid vore klar over den uheldige samanhengen mellom helseutfordringar og låg sosial status. Folkehelsearbeidet skal bidra til å motverke denne samanhengen. Frivillig innsats gjennom folk sin vilje til å yte ein innsats for gode tiltak og for medmenneske, er ein ressurs som treng kanalisering og tilrettelegging. Folkehelselova pålegg kommunane å utarbeide ei helseoversikt som skal inngå som grunnlag for kommunen sin planstrategi og for kommune-planarbeidet gjennom plan- og bygningslova.

**Slik vil vi ha det:**

*Aktiv innsats for å identifisere folkehelseutfordringar*

---

[3] Regjeringen.no: https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/helse--og-omsorgstjenester-i-kommunene/samhandlingsreformen/id680424/

[4] Regjeringen.no, Folkehelseloven: https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/folkehelse/innsikt/folkehelsearbeid/id673728/

**Slik gjer vi det:**

- Årleg gjennomgang av kommunen sin folkehelseprofil og utfordringsbiletet som følgjer av denne.

*Samfunnstryggleik*
Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for innbyggjarane sin tryggleik. Dette er nedfelt i Sivilbeskyttelseslova og Forskrift om kommunal beredskapsplikt, jamfør forskrifta § 3: «*utarbeide langsiktige mål, strategier, prioriteringer og plan for oppfølging av samfunnssikkerhets- og beredskapsarbeidet.*» Ein vesentleg del av samfunnstryggleiksarbeidet er å identifisere, vurdere, handtere og overvake risikoar på alle samfunnsområde og på tvers av samfunnsområde[5]. Dette arbeidet er ein kontinuerleg prosess, og spenner frå riksnivå til kommunalt nivå. På grunnlag av kunnskap om trugsmål og risikoar (ROS) må det vurderast kva slag tiltak som er mest effektive og kva slag effekt dei vil kunne ha. Aukra kommune gjennomførte i 2014 ein grundig gjennomgang av risikoar og trugsmål i kommunen. Funna ligg til grunn for beredskapsarbeidet.

Aukra er eit øysamfunn og vertskap for eit stort petroleumsanlegg. Av den grunn er samfunnet særleg avhengig av at alle former for infrastruktur fungerer. Det er difor viktig at kommunen tenker tryggleik i alle oppgåver og gjeremål.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra skal vere ein sikker kommune.*

**Slik gjer vi det:**

- Aukra kommune skal til ei kvar tid ha gode system og rutinar for beredskap.
- Årlege revisjonar av krise og beredskapsplanverk.
- Årlege øvingar av kriseberedskap.
- I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å forebygge uhell, ulykker og naturbaserte uønskte hendingar.
- Sikre system for alternativ transport ved krisesituasjonar.

[5] Meld. St. 10 (2016-2017), kap. 13.1.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal ha ein kompetent beredskapsorganisasjon med samhandlingsevne med både private, frivillige og offentlege aktørar.*

**Slik gjer vi det:**

- Arbeide kontinuerleg med å avdekke og følgje opp risikoområde
- Utarbeide heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) ein gong i kvar valperiode.
- Aukra kommune skal ha gode rutinar for informasjon og varsling i forkant av hendingar og kriser

## 5.2 Attraktiv kommune

Aukra er ein øykommune med ein øydel, Gossen, og ein fastlandsdel, Julsundet. Særmerket for Aukra er at kommunesenteret og størstedelen av busetnaden (to tredeler) finst på øya. Ferjesambandet Hollingsholm – Aukra bind dei to delane av kommunen saman. Fastlandsdelen, Julsundet, ligg nært Molde by, og området har hatt ei sterk bustadetablering dei seinare åra. Veksten er rekna å halde fram. Innbyggjarane her nyttar seg av tilboda i byen meir enn i kommunesenteret på Falkhytten. Dei fleste arbeidstakarar som bur i Julsundet, har arbeidsplass i Molde (2017): 66%. Av arbeidstakarar busette på Gossen, pendlar 34% til arbeidsplassar utanfor kommunen. Både øy- og fastlandsdel har korte avstandar mellom interne ytterpunkt.

Attraktiviteten til ein stad kan seiast å vere staden sin evne til å trekke til seg personar eller miljø som er viktig for utviklinga av staden. Attraktiviteten er eit resultat av ulike faktorar, mellom anna senterstruktur, gode offentlege tenester, kultur og fritidstilbod, arbeidsmarknad og handels- og sørvistilbod. Det er ønskeleg å kunne legge til rette for eit variert butilbod i form av bustadtyper og bumiljø.

Aukra kommune har ein del tilflytting frå utlandet. Det må vere fokus på god integrering av alle tilflyttarar slik at dei skal trivast i kommunen og føle at dei høyrer heime i lokalsamfunnet.

Fastlandssamband for Gossen

I samfunnsutviklinga møter Gossen ei utfordring med busetjing og folketalsutvikling. Statistikken for dei seinare åra viser ein stabil trend, med ei midlertidig auke rundt utbygginga av gassmottaksanlegget på Nyhamna, men som no viser ein tendens til nedgang. Politisk har det lenge vore ønske om å etablere eit fastlandssamband for å møte utfordringane med etablering og rekruttering. Med planane for fjordkryssinga av Romsdalsfjorden for E39 (Møreaksen), med tilknytt prosjekt, Kjerringsundet, mellom Oterøya og Gossen, er det realistisk å rekne at vegprosjektet kan realiserast. Aukra kommune set av store deler av eigedomsskatteinntektene frå gassmottaksanlegget på Nyhamna til finansiering av Kjerringsundet. Planlegging av drift og samhald av kommunen sin øydel og fastlandsdel etter eit fastlandssamband er etablert, vil vere ei utfordring, men er ikkje eit tema i denne planen. Dei økonomiske utfordringane er derimot tatt opp i kapittel 3.8 Berekraftig økonomiforvalting.

Senterstruktur

Mykje av attraktiviteten og bu – lyst knyter seg til «rett retning» i høve barnehage, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Rett retning blir eit uttrykk for å få den daglege logistikken til å fungere. Bumiljøa bør elles kunne ta omsyn til behova i livsløpet, skape kontakt mellom generasjonar og dermed legge til rette for at så mange som mogeleg kan bu heime så lenge som mogeleg.

I gjeldande arealdel til kommuneplanen (2016 – 2028) er sentrumsfunksjon på Gossen og Julsundet drøfta. Drøftinga er avgrensa til eitt senter begge stader.

Falkhytten

I planomtalen til arealdelen er følgjande sagt om kommunesenteret, Falkhytten: «*Falkhytten er kommunesenteret, kommunen sitt midtpunkt for administrative tenester og andre viktige funksjonar for kommunen sine innbyggjarar. Tettstaden treng ei tydeleggjering av si rolle i den vidare utviklinga av sentrumsområdet. Dette gjeld både avgrensing av vegsystemet rundt sentrumsområdet, arkitektoniske føringar for nye bygg og kvalitetsnivået på uteromma.*»[6] Mykje har skjedd på dei få åra sidan arealdelen vart utarbeidd. Funksjonane i sentrum for Falkhytten i dag er: Kommunehus, barne- og ungdomsskule (2013), helsesenter, nytt pleie- og omsorgssenter (2018), frivilligsentral, bibliotek, park, nytt kulturhus med badebasseng er under planlegging. Barnehagen ligg 1,8 km frå sentrum. Private sørvistiltak er blant anna: Matvarebutikkar, klede, blomster, frisør, hotell, byggevare, byggfag, entreprenør, bensinstasjon. Sentrumsfunksjonane byrjar no å bli mange nok og i kort nok innbyrdes avstand, til at kjensla av å vere på ein stad er etablert. Pågåande regulering for kulturhus og basseng tek i vare dei siste måla i arealdelen: mjuke trafikantar, biltrafikken og parkering blir regulert, ein trafikkterminal (buss) ved kulturhuset skal etablerast. Uterom i form av park, leikeareal og festplass legg til rette for møteplassar. Bygga i sentrum får fleirfunksjonsformål: bustad, kontor, forretning. Det er funne ei løysing på å etablere gang - kontakt over fylkesveg 220 mellom sentrum vest og sentrum aust. Det stå att å utvide gangkontakten fram til friområda austover mot Buktin. Førebels er det nok ledige tomter i sentrum til einebustader og konsentrert busetnad. I innspelsfasen til samfunnsdelen vart det frå fleire hald etterlyst møteplassar i sentrum, til dømes kafétilbod.

Julsundet

Julsundet er landområdet frå grensa mot Fræna kommune i nord til Molde kommune i sør (Eidskrem). Landskapet er ope mot Jendembukta i nord, men smalnar til ei stripe mellom fjord og høge fjell sørover mot Eidskrem. Midt i området går fylkesveg 662 (til Hollingsholm ferjekai) og fylkesveg 215 (til Fræna) i ei lengd på omlag 4,5 km. Over fleire år har folketilveksten i Julsundet vore stor, 60 % større enn på Gossen. Med aukande innbyggjartal blir det større forventning til tenestetilbod i nærområdet. Planomtalen til arealdelen problematiserer det utflytande utbyggingsmønsteret i området, og den negative innverknaden fylkesvegen har på ulike

[6] Kommuneplan for Aukra, arealdelen 2016 – 2028, Planomtale, s. 21

utbyggingstiltak. Frå planomtalen i kommuneplanen sin arealdel: «*Området treng å få avklart eit meir definert sentrumsområde der det kan etablerast framtidige varierte tenestetilbod.*»[7] Drøftinga i planomtalen tek for seg tre område: 1. Skuleområdet, 2. Vegkrysset til ferjekaia og 3. Jendem (Fræna kommune). Den sterke veksten i bustadetablering på Torhaugmyra i Aukra og på Jendem i Fræna flytter tyngdepunktet i Julsundet nordover. Konklusjonen i arealdelen var at område 2, Vegkrysset til ferjekaia, ville vere det beste punktet for lokalisering av sentrumsfunksjonar. Landskapet er ope her, og det er lettare for reisande å oppdage eit sentrum. I Hollingbygg er det plass til andre sørvisfunksjonar i tillegg til daglegvarer. Arealdelen legg opp til etablering av offentlege sørvisfunksjonar i området, og det er sett av tomt til kapell og gravplass.

I område 1 er nyleg Julsundet skule (1. – 10. trinn) renovert med fellesareal som kan nyttast til fleirbrukshus. Bergetippen barnehage ligg tett inntil skulen. I Mevold bustadfelt sør for skulen blir det i 2018 opna eit desentralisert senter for heimetenesta.

Trafikksituasjonen knytt til fylkesveg 662 er utfordrande og legg band på utnytting av fleire populære område for busetjing. Politisk er det spenning mellom val av område for utvikling av sentrumsfunksjonar i Julsundet. Drøftinga om sentrumslokalisering i arealdelen konkluderer med: *«Område 1 og 2 er viktige «tyngdepunkt» i Julsundet i dag og i framtida. Uavhengig av kva område som blir valt å leggje vekt på som framtidig sentralt område i kommuneplanarbeidet, må områda knytast betre saman visuelt og med lette gangliner for brukarane.»*[8]

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal ha ei positiv utvikling av folketalet, lik gjennomsnittet i landet.*

**Slik gjer vi det:**

- Skape attraktive bumiljø.
- Levere gode kommunale tenester.
- Legge til rette for aktiv og stimulerande fritid.

**Slik vil vi ha det:**
*Vidareutvikle infrastruktur.*

**Slik gjer vi det:**

- Trygge skulevegar gjennom tiltak i trafikktryggingsplanen.
- Arbeide for eit betre kollektivtilbod.
- Sikre pasienttransport i nødsituasjon, beredskapsferje / ambulansebåt.
- Sikre klima- og miljøtilpassa VA-anlegg.
- Halde fram arbeidet med å gi Gossen fastlandssamband.
- Samarbeid om bruksendring / brukstilpassing av FV 662 i Julsundet med tanke på utvikling av fleire bustadareal.
- Tilrettelegging for betre breibanddekning.

**Slik vil vi ha det:**
*Sentrumsutvikling på Gossen og i Julsundet / bumiljø*

**Slik gjer vi det:**

- Etablering av utemiljø i sentrum av Falkhytten med logiske ganglinjer, uterom og møteplassar på dei mjuke trafikkantane sine premiss.
- Identitetsbygging og utvikle tiltak for å knyte ulike deler av Jusundet saman.
- Etablere eit variert bustadtilbod i heile kommunen gjennom planarbeid.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra-samfunnet skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad.*

**Slik gjer vi det:**

- Tilrettelegging av næringsareal.
- Legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og havbruk og næringar knytt til desse.

[7] Kommuneplan for Aukra, arealdelen 2016 – 2028, Planomtale, punkt 4.7.1, s. 24
[8] Kommuneplan for Aukra, arealdelen 2016 – 2028, Planomtale, punkt 4.7.1, s. 25

- Satse målretta på innovasjon og gründerverksemd.
- Utvikling av turistnæring.

**Slik vil vi ha det:**
*Alle skal ha høve til deltaking i ei variert og aktiv fritid.*

**Slik gjer vi det:**

- Ivareta og legge til rette for eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid.
- Ha gode rammevilkår for det frivillige arbeidet.
- Halde fram med og vidareutvikle frivilligsentralen.
- Saman med næringslivet utvikle felles plan for marknadsføring og aktivitetar gjennom året.
- Legge til rette for varierte turaktivitetar.

**Føringar for arbeid med arealdelen**

- Sikre nødvendige areal til bustadføremål og næringsformål.
- Sikre utbygging av infrastruktur (gang- og sykkelvegar, barnehage- og skuletilbod, vassforsynings- og avløpsanlegg) gjennom arealdelen og overordna utbyggingsvedtak.
- Sikre god og berekraftig forvaltning av sjøareal og areal til havbruksnæring.
- Sikre eit godt vegnett for både innbyggjarar og næringsliv, under her realisere veg og bruer over Kjerringsundet.
- Inkludere nye land- og sjøområde, tildelt Aukra gjennom kommunereforma, i neste rullering av arealdelen.

## 5.3 BARN OG UNGE

Barn og unge sin trivsel og utvikling er viktig for individet sjølv, for samfunnet og for framtidig rekruttering og busetjing.
«*Barn og unge er meir sårbare enn vaksne og treng at samfunnet tar eit ekstra ansvar. Dei har særskilte behov for varetaking, tryggleik og deltaking.*»[9] Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal gjennomførte i samarbeid med kommunane i fylket i 2015 ei felles undersøking om barn og unge sine oppvekstvilkår. FN sin barnekonvensjon låg til grunn for undersøkinga. Resultatet av undersøkinga vart summert opp i rapporten «BarneByks». Rapporten viser til 10 punkt som kommunane bør følgje opp: *Samhandling, medverknad, fysisk planlegging, bygningar og leikemiljø, inkludering, helsetilbod, barn som pårørande, krenkande åtferd, foreldrerettleiing og frivillig arbeid.*

Demokrati og medverknad er ein berebjelke i samfunnet. Alle tenesteområde skal arbeide med å fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratiet som styreform. Som MOT-kommune skal vi utvikle og forsterke ei felles verdiplattform der vi arbeider for å skape robuste barn og unge. Vi skal ivareta kulturelt mangfald og inkludere alle barn og unge i fellesskapet.

Alt arbeidet for barn og unge, i barnehagar, skule og fritids- og kulturlivet skal vere: Førebyggjande, helsefremjande og utjamnande i høve sosiale skilnader[10]. Vi må styrke dei heilskaplege oppvekstvilkåra ved hjelp av samhandling og samarbeid på tvers av sektorar, avdelingar og fag.

Med det barnetalet kommunen har i dag er det ikkje venta kapasitetsproblem for barnehagane eller skulane**.** *Kommunen må likevel vere budd på endring, særleg i Julsundet. Her vil ny bustadbygging i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og private reguleringsplanar kunne føre til kapasitetsutfordringar.*

Utviklinga i samfunnet gjer at eit aukande tal barn og unge ikkje bur i nærleiken av storfamilien. Barnehagane merkar ein aukande etterspørsel etter råd og rettleiing frå foreldre rundt det å vere

---

[9] Rapport: «BarneByks», s. 47. Møre og Romsdal fylkeskommune / Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2016
[10] Samhandlingsreforma, lov om folkehelse

foreldre og oppdragarar. Det er avgjerande for barn og unge å vere gode i kommunikasjon og språk. I Aukra – skulen er det over 20 morsmål.

Frivillige organisasjonar spelar ei avgjerande rolle for barn og unge sine fritidsaktivitetar. Å delta gir venner, fellesskap og mange positive opplevingar. Dette har stor betydning for ein god oppvekst. Kommune og frivilligheita må derfor samarbeide for å nå måla i Fritidserklæringa: At alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal få høve til å delta jamleg i éin organisert fritidsaktivitet. Kulturskolen vil derfor vere eit viktig lokalt ressurssenter og ein samarbeidande aktør i grunnopplæringa og kulturlivet i Aukra.

Unge i Aukra er stort sett nøgde og har eit positivt syn på tilværet. Eitt felt der «Ungdata» undersøkinga viser ei urovekkande auke er i høve til psykisk helse. Frå 2014 til 2017 er auken 6% for dei som melder om problem. Heile 15% av ungdomane melder om depressive symptom og 23% om einsemd.[11] Tidleg innsats og gode rollemodellar er eit viktige verkemiddel for å lære meistring.

**Slik vil vi ha det:**
*Medverknad frå barn og unge.*

**Slik gjer vi det:**

- Alle barn og unge skal verte høyrde i saker som gjeld dei. Elevråda kan vere ein kanal.
- Alle barn og unge skal få erfaring med og skolering i demokratiske prosessar.
- Alle barn og unge skal få erfare gleda av ansvaret for å medverke i eige liv og aktiv deltaking i demokratiske prosessar.
- Eit aktivt ungdomsråd

**Slik vil vi ha det:**
*Eit godt fysisk oppvekstmiljø.*

**Slik gjer vi det:**

- Legge til rette for attraktive, tilgjengelege, trygge og inkluderande møteplassar (anlegg, offentlege arenaer og nærmiljø) for organisert og uorganisert aktivitetar.
- Arenaer for variert fysisk aktivitet.
- Kommunen gir gode rammevilkår for allsidige aktivitetar.

**Slik vil vi ha det:**
*Eit godt psykososialt oppvekstmiljø.*

**Slik gjer vi det:**

- Gjennom MOT-avtalen «Kommunen som samfunnsbygger» skal vi arbeide for å skape robust ungdom og inkludering av alle.
- Barn og unge skal bli møtt av nok og godt kvalifiserte tilsette.
- Alle tilsette som møter barn og unge har god relasjonskompetanse.
- Barn og unge skal få hjelp til å meistre liva sine – hjelp til å bere si eiga bagasje.
- Møteplassar kor ungdom møter fast tilsette vaksenpersonar.

**Slik vil vi ha det:**
*Utjamne sosiale skilnader*

**Slik gjer vi det:**

- Alle barn og unge har like høve til deltaking på dei ulike arenaer.
- Tidleg innsats og tilpassa opplæring slik at alle elevar fullfører grunnskolen .
- Tilbod til barn og unge i sommarferien.
- Forsmak på arbeidslivet. Kommunen og næringslivet samarbeider om sommararbeid til alle 10. klassingar.

**Slik vil vi ha det:**
*Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit viktig kriterium for å lukkast.*

**Slik gjer vi det:**

- Lågterskeltilbod for foreldrerettleiing.
- Foreldrekursrekke – frå graviditet til 10. klasse (samhandling mellom jordmor,

[11] UngData

helsesøster, barnehage, skole, kultur, frivillig arbeid).

- Tilgjengelege lågterskeltilbod (helse, PPT, psykolog, BUP).
- Samordning av alle tenester slik at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

**Føringar for arbeid med arealdelen**

- Legge til rette for møteplassar.

## 5.4 VELFERD OG omsorg

Kommunen kan vente seg store utfordringar mellom anna knytt til auken i tal eldre. Ifølge prognose for folketalet vil aldersgruppa 80 år og eldre oppleve ein markant og stor vekst frå ca. år 2025. Det same gjeld yngre eldre (67-79 år). Dette er ikkje berekraftig med dagens drift og organisering, verken økonomisk eller i høve til tilgang på kvalifisert personell. Organiseringa av og innhaldet i pleietilbodet må endrast. Det vert viktig å få til ein god overgang mellom sjukehus og pleie og omsorgstenesta. Alle trinn i omsorgstrappa må nyttast, slik at langtidsplassar vert nytta av dei med størst trong.

Ny velferdsteknologi skal støtte under dette og gi meir tid til dei mest pleietrengande. Førebygging er eit viktig stikkord her. Med bygginga av nytt omsorgssenter på Falkhytten er det søkt å møte framtida, der ein mellom anna utvidar tilbodet til dagsenter/aktivitetar og til bygging av omsorgsbustader med heildøgnsopphald.

Etterkvart som det vert fleire eldre og fleire sjuke eldre må trongen til ulike tilbod vurderast som for eksempel utvida dagtilbod, andre buformer med heildøgns bemanning, og talet på sjukeheimsplassar. Det er viktig å organisere gode avlastningsplassar, og korttids-/ rehabiliteringsplassar.

Kommunehelsetenesta og pleie og omsorgstenesta står framfor store utfordringar.Det blir fleire eldre og personar med kompliserte og multifaktorielle sjukdomar som krev tett oppfølging og avansert behandling. Utviklinga går i retning av at stadig fleire av desse må få delar av behandlinga i den kommunale helsetenesta. Dette må kommunen vere rusta for. Legevakttenesta blir sentralisert, noko som kan føre til færre sjukebesøk og det blir auka reiseavstand til det nye sjukehuset på Hjelset. Presset på avansert omsorg for mellom anna demente og kronisk sjuke aukar. Kravet til kompetanse og erfaring er stort, kombinert med utfordringar i å rekruttere kvalifisert og stabilt personell

Omfang av personar som har demenssjukdom aukar i samfunnet. Det er viktig at personar som har demenssjukdom og deira pårørande opplever å ha et godt liv, også med demenssjukdom.

Frivillige, pårørande, organisasjonar og einskildpersonar er ein ressurs i eldreomsorga og folkehelsearbeidet. Aukra kommune ønskjer å vere ein aktiv medspelar for eit godt samarbeid mellom det offentlege og dei frivillige.

Auken i tal eldre vil krevje helsefagleg kompetanse i samspel med velferdsteknologi til å utføre pleie- og omsorgsoppgåver.

Reforma, Leve hele livet[12], skal hjelpe eldre til å meistre livet lenger, vere trygge for å får god hjelp når dei treng dette, at pårørande kan bidra utan å slite seg ut og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Kommunar som tek i bruk desse løysingane, vil få del i statlege støtteordningar.

**Slik vil vi ha det:**
*Ansvar for eige liv og helse.*

**Slik gjer vi det:**

- Bygging av turstiar og tilrettelegging av naturområde.
- Tur- og aktivitetstilbod på dagtid organisert av kommune og dei frivillige.
- Utvida tilbod på dagsenter- og dagaktivitetar
- Gradvis innføring av ny teknologi i institusjon og hjå heimebuande

[12] Meld. St. 15 (2017–2018)

**Slik vil vi ha det:**
*Fokus på rekruttering til pleie- og omsorgstenester.*

**Slik gjer vi det:**

- Utarbeiding av langsiktige kompetanseplanar for å møte stadig sterkare krav til spesialisering.
- Godt fagleg miljø.
- Rekruttering, omstilling og utviklingsfond.
- Konkurransedyktig løn

**Slik vil vi ha det:**
*Kvalitativt gode tenester*

**Slik gjer vi det:**

- Kulturendring i pleie og omsorg: endre frå pleie/stell til rehabilitering og eigenmeistring der dette er det rette.
- Betre sambruk av økonomi, personalressursar, aktivitetstilbod og lokaler.
- Aktiv bruk av velferdsteknologi i alle ledd i omsorgstrappa.
- Alternative butilbod.
- Avlastning og dagtilbod.
- Utarbeide omsorgsplan bygd på kvalitetsreformen, «Leve hele livet».

**Føringar for arbeid med arealdelen**

- Tverrfagleg samarbeid om plassering av turstiar og friområde.

## 5.5 AUKRA I REGIONEN

Aukra er ein del av bu- og arbeidsmarknadsregionen Molde (Molde, Vestnes, Nesset, Midsund, Aukra, Fræna, Eide, Gjemnes)[13]. Definisjonen på ein bu- og arbeidsmarknadsregion er ei samling av kommunar der pendlinga mot eit sentrum med mange arbeidsplassar er stor, og avstandane elles er små, slik at samlinga utgjer ein heilskap.

Gassmottaksanlegget på Nyhamna på Gossen, Nyhamna prosessanlegg, er ein viktig regional kompetansearbeidsplass. Det blir arbeidd aktivt med å skape lokale ringverknader / nyetableringar i tilknyting til anlegget.

Øya Gossen utgjer størstedelen av landarealet i Aukra kommune. Kommunen ønsker å knyte seg til fastlandet gjennom «Kjerringsundsambandet» som er ein tilleggstrase til ny E39 gjennom fylket, «Møreaksen» (frå Tangen på Gossen til Sundsbøen på Oterøya).

Gjennom reiselivssatsinga «Øyriket i Romsdal» har kommunen saman med nabo – øykommunar lagt til rette for natur- og kulturopplevingar. Denne satsinga voner ein kan ha positive verknader både for lokal kultur og identitetsbygging og for ny næringsetablering.

GassROR IKS er eit interkommunalt utviklingsselskap for Romsdalskommunane med grunnlag i skatteinntekter frå Nyhamna prosessanlegg. Aukra kommune er den største bidragsytaren til utviklingsfondet der 10 % av inntektene frå eigedomsskatten på verk og bruk frå Nyhamna prosessanlegg blir tilført fellesskapet Utviklingsfondet har vore ein svært viktig faktor i mange store regionale investeringsløft gjennom åra (t.d. utviding av Molde flyplass og Haukebøtunnelen). For Aukra kommune og regionen er det viktig at dette samarbeidet held fram.

I samband med kommunereforma valde Aukra kommune å stå aleine, jamfør kapittel 2.3. Aukra har god økonomi, men vil måtte sjå utover eigne grenser for å dekke opp kompetanse og tenester som det ut frå erfaring er vanskeleg å rekruttere. Aukra vil satse på eit godt omdømme og eit godt samarbeid med dei nye kommunane som etablerer seg i regionen.

Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ i Sandøy kommune vart det søkt om overføring til Aukra kommune for øyane Ona, Sandøy, Orten, Gåsøya, Lyngværet og Flatflesa. Kommunal- og

[13] Artikkel: Sysselsetting, arbeidsløyse og folketalsutvikling, Møre og Romsdal fylkeskommune, heimeside, publisert 23.05.17.

moderniseringsdepartementet avgjorde 02.07.18 at Orten, Lyngværet og Flatflesa skulle overførast til Aukra kommune. Dette vedtaket medfører at Aukra kommune må førebu mottak og intern organisering for utvidinga.

Aukra kommune er i dag med i 44 interkommunale samarbeid, dei fleste saman med dei næraste nabokommunane. Samarbeida er tufta på felles nytte av samhandling om tema og oppgåveløysing som den einskilde kommunen ikkje lett løyser på eiga hand. Nye Molde kommune, Nye Ålesund kommune og Hustadvika kommune blir danna pr 01.01.2020, og framhald av samarbeidsavtalar skal reforhandlast. Aukra kommune vil framover ha nytte av gode samarbeidsrelasjonar til nabokommunane.

**Slik vil vi ha det:**
*Kommunen sine «nye» innbyggjarar frå Orten skal føle seg velkomne.*

**Slik gjer vi det:**

- Sikre gode og likeverdige tenester.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal medverke til å realisere fastlandssambandet «Kjerringsundet».*

**Slik gjer vi det:**

- Sikre naudsynt økonomi gjennom årleg avsetting til fond
- Sikre god framdrift i planlegging

**Slik vil vi ha det:**
*Sikre framhald av interkommunale samarbeid som Aukra kommune er med i.*

**Slik gjer vi det:**

- Starte reforhandling av samarbeidsavtalar i god tid før 01.01.2020.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal medverke til regionale ringverknadar av etableringa på Nyhamna*

**Slik gjer vi det:**

- Årleg tilskot på 10 % av skatteinntektene til GassROR IKS blir vidareført

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra skal styrkast som attraktivt reise- og friluftsområde*

**Slik gjer vi det:**

- Realisere Masterplan for reiseliv 2030
- Aktiv tilrettelegging gjennom planarbeid

**Føringar for arbeid med arealdelen**

- 

## 5.6 Fornying, forenkling og forbetring

Kommuneorganisasjonen må heile tida vere på utkikk etter forbetringar i oppgåveløysinga si. Framover blir det svært viktig å kunne kommunisere med innbyggjarane – næringsliv og einskildpersonar – i digitale løysingar. Det må vere løysingar som er så gode at dei opplevast som ei forenkling og at dei vert tatte i bruk.

Dei fleste menneske er i dag avhengige av å kunne bruke digital teknologi for å kunne delta i samfunnslivet og i arbeidslivet. Kvardagen for innbyggjarane og arbeidsdagen for dei tilsette vil endre seg. Tilsette treng både grunnleggjande digitale kunnskapar og spesialisert kompetanse for å fungere i jobbane sine. IKT og digitalisering i arbeidslivet vil mellom anna føre til omfattande endringar i arbeidsformer og måtar å organisere tenestene på.

Regjeringa har vedteke ein overordna politikk på området digitalisering gjennom å **fornye, forenkle og forbetre** offentleg sektor. Dette handlar mellom anna om å forenkle og effektivisere oppgåveløysing ved bruk av digitale hjelpemidlar. Nasjonal målsetnad er også at innbyggjarane skal velje digital dialog med kommunen som sitt førsteval.

Innbyggjarane har ulike føresetnader for å nyttiggjere seg offentlege tenester. I fleire tilfelle vil personleg frammøte og individuell oppfølging forsett vere nødvendig, som t.d. undervising, helsetenester og omsorg for eldre. Bruk av ny

teknologi kan likevel hjelpe oss til å utføre slike oppgåver meir effektivt og samtidig gi betre løysingar for brukaren.

Å digitalisere arbeidsprosessar på områder i den kommunale tenesteutviklinga, samt at innbyggjarane og næringslivet skal velje digital dialog med kommunen, vert eit satsingsområde framover. Like digitale arbeidsprosessar, på tvers av kommunegrenser, er under utvikling i Romsdalsregionen. Dette vil gjere det lettare for kommunar å hjelpe kvarandre i pressa arbeidssituasjonar.

Om kommunen skal lukkast med å digitalisere kommunale tenester og lokalsamfunnet, må omsynet til personvern møtast. Innbyggjarane må vere trygge på at informasjonen som dei sender til kommunen, vert forvalta på ein trygg og forsvarleg måte etter gjeldande norsk rett. Digitale løysingar i helse-, velferds- og omsorgsteneste blir eit anna viktig område i dei komande åra. Ein godt fungerande velferdsteknologi med dei rette hjelpemidla på plass til dei som har behov, er heilt naudsynt for at det offentlege skal kunne løyse oppgåvene sine, når delen i befolkninga med hjelpebehov vert høgare.

Globalisering, digitalisering og individualisering endrar måten folk deltek på og engasjerer seg. Endringsprosessane kan til dømes illustrerast med:

- Digitalisering og framvekst av sosiale medier
- Framvekst av nye lokale organiseringsformer
- Framvekst av eit fleirkulturelt, transnasjonalt sivilsamfunn

*Medborgarskap* som omgrep blir brukt når innbyggjarane deltek aktivt i samfunnsutviklinga, engasjerer seg og bidreg til å finne løysingar på samfunnsutfordringar.
*Samskaping* kan definerast som prosessar der fleire offentlege og private partar inngår i eit likeverdig samarbeid om å skape verdiar og velferd på nye måtar. Samskaping inneber å snu tankegangen i offentleg sektor frå å løyse problema for innbyggjarane til å skape dei beste løysingane saman med dei. Folk flest er faktisk ein del av løysinga. Gjennom satsing på medborgarskap og samskaping kan kommunen invitere næringslivet, frivilligheten og innbyggjarane inn på kommunen sine formelle arenaer. Dette utfordrar vante roller og måtar å løyse oppgåvene på.

**Slik vil vi ha det:**
*Brukarorienterte, digitale løysingar til innbyggjarar, næringsliv og tilsette.*
**Slik gjer vi det**

- Kommunen skal tilby effektive digitale løysingar som set innbyggjarar og tilsette i stand til å løyse oppgåvene sine og som gir alle brukarane eit digitalt førsteval.
- Digitale løysingar skal gje ein heilskapleg brukaroppleving, følgje krava om universell utforming og ha eit klart og godt språk.
- Kommunen skal legge til rette for god digital infrastruktur for alle innbyggjarane.
- Personvern og informasjonssikkerheit skal takast i vare på alle områder.
- Kommunen skal legge til rette for deltaking i digital oppgåveløysing på tvers av kommunegrenser

**Slik vil vi ha det:**
*Tilstrekkeleg digital kompetanse blant tilsette og innbyggjarar.*
**Slik gjer vi det:**

- Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å forstå samanhengen mellom tenesteutvikling og digitalisering.
- Tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å kunne nyttiggjere dei digitale løysingane som kommunen tek i bruk.
- Kommunen skal hjelpe innbyggjarane til å finne fram til og bruke digitale tenester som kommunen pålegg innbyggjarane å bruke
- Fokus på bruk av velferdsteknologi.

**Slik vil vi ha det:**
*Nye former for samfunnsengasjement, samskaping.*
**Slik gjer vi det:**

- Tidleg definering og engasjering av parter som har med saka å gjere.

## 5.7 Kompetente medarbeidarar, rekruttering

Kompetanse er dei samla kunnskapane, ferdigheitene, haldningane og evnene ein tek i bruk når dei kommunale tenestene skal utførast.

Aukra kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte og høgt utdanna søkarar.

Som i andre kommunar er det tidvis store utfordringar med å rekruttere og behalde kvalifisert arbeidskraft som t.d. lærarar, barnehagelærarar, ingeniørar og fagarbeidarar. Ein liten kommune utan fastlandssamband og mangel på bustads- og kollektivtilbod vil ha større utfordringar enn byar og større tettstadar.

53 % av dei tilsette i Aukra kommune arbeider deltid. Arbeidstidsordningane er ein vesentleg årsak til deltidsbruken og det er nødvendig å komme fram til ordningar som gir større stillingsbrøkar og dermed attraktive arbeidsplassar.

Ein offensiv for fagutdanning gjennom meir og betre utnytting av lærlingordninga og studentpraksis vil vere ein styrke når ein vil trekke til seg kompetent arbeidskraft. Fagkompetanse har stort fokus, men like viktig er å vere med i utviklinga innan digitalisering som skal gje betre tenester og meir effektiv ressursbruk.

Informasjonstryggleik og personvern (GDPR) skal bli teke i vare på alle område.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune vil vere ein attraktiv arbeidsgjevar for godt kvalifiserte søkarar og medarbeidarar.*

**Slik gjer vi det:**

- Analyserer kompetansebehov og utarbeider kompetanseplanar med årlege revideringar.
- Oppsøker aktivt utdanningsarenaer og jobbmesser.
- Tek i bruk digitale løysingar etter kvart som dei blir gjort tilgjengeleg.
- Medarbeidarane i Aukra kommune har god og rett kompetanse og er positive omdømebyggarar.
- Ein offensiv for fagutdanning gjennom meir og betre utnytting av lærlingordninga og studentpraksis.
- Reduksjon av ufrivillig deltidsarbeid.
- Leiinga har definert klare mål for arbeidet og er tilgjengeleg for dei tilsette.
- Legge til rette for og stå fram som attraktiv læreplass for unge under utdanning.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune legg til rette for internopplæring, etter- og vidareutdanning.*

**Slik gjer vi det:**

- Aktiv bruk av utdanningsfond og fond til etter- og vidareutdanning.
- Aktiv i faglege nettverk på tvers av kommunegrenser

**Føringar for arbeid med arealdelen**

- 

## 5.8 Berekraftig økonomiforvalting

Med grunnlag i politisk vedtak om utskriving av eigedomsskatt på verk og bruk (eigedomsskattelova) har Aukra kommune frå 2004 til i dag hatt ei særs god økonomisk utvikling. I same periode har kommunen etablert eit driftsnivå som er godt over samanliknbare kommunar. Politisk og administrativ leiing har fokus på veksten, og har arbeidd for å redusere kommunen sitt utgiftsnivå.

Gjennom det regionale utviklingsselskapet GassROR IKS bidreg Aukra kommune årleg med 10% av den maksimalt innfordringsbare

eigedomskatt knytt til gassbehandlingsanlegget på Nyhamna. Etter overføring i 2017 er det samla bidraget frå Aukra på kr 160.580.000,-. Dette ligg som ein del av kommunen si auke i driftsutgifter.

Aukra kommune har dei siste 10 åra investert for 1,3 milliardar kroner og har planlagt nye investeringar for 500 millionar kroner dei neste fire åra.

Aukra kommunestyre vedtok i 2015 (sak 143/15) å sette av 90 mill. kroner dei kommande 20 åra for å kunne realisere prosjektet Kjerringsundet for å sikre fastlandsløysing. Seinare er avsetjinga vedteke auka til 124 mill. kroner pr år.

For å kunne sette i verk vedtak om årleg avsetning var det naudsynt å redusere kommunen sitt investeringsnivå og årlege driftsutgifter. Politisk vart det difor lagt inn ei forventing om ein reduksjon med 8% av einingane sine rammer innan 2019, fastsett til 21 mill. kroner og at investeringstakten vart strekt ut i tid.

Aukra kommune har i si drift gjort seg svært avhengig av dei årlege inntektene frå eigedomsskatt. Det skapte derfor uro då Finansdepartementet i brev av 18. juni 2015 la fram høyringsnotat med forslag om endring i reglane om eigedomsskatt på arbeidsmaskinar mv. i verk og bruk. Forslag til endringar i høyringsnotatet ville fått store økonomiske- og driftsmessige konsekvensar for Aukra kommune. I det endelege vedtaket vart det gjort unntak for kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglene for petroleum. Dermed fekk endringa likevel relativt liten verknad for kommunen sine eigedomsskatteinntekter.

I kommunelova går det fram at k*ommunen si langsiktige planlegging skal ha mål om ei berekraftig økonomisk utvikling som ikkje står i vegen for at framtidige generasjonar klarer å ivareta sine interesser (generasjonsprinsippet).*

I åra framover er det viktig å ha dette fokuset med i kommunen si økonomiforvalting. Tenestetilbod til kommande generasjonar, vil ut frå det ein i dag er kjent med, måtte løysast med betydeleg lågare inntekter til finansiering. Det er derfor viktig at vi etablerer eit berekraftig utgiftsnivå, og at vi legg grunnlag for at seinare generasjonar kan ta i vare drifts-, vedlikehald og nyinvesteringar av kommunen sine bygg og anlegg.

**Slik vil vi ha det:**

*Kommunen skal ha ein høg økonomisk handlefridom*

**Slik gjer vi det:**

- Kommunen skal ha eit disposisjonsfond lik 8% av kommunen sine årlege brutto driftsinntekter.
- Det skal gjerast ei årleg avsetting til fond for framtidig vedlikehald av kommunale bygg.
- Nedbetalingstid for kommunen si langsiktige gjeld er 15 år.
- Budsjettert årleg auke i frie midlar fordelt til drift, kan ikkje vere større enn budsjettert auke i statleg rammetilskot og skatt på inntekt og formue.
- Det skal gjerast ei årleg avsetting til fastlandsambandet for Gossen med minimum 100 mill. kroner.

## 5.9 Klima og miljø

Norge har gjennom to klimaforlik i Stortinget, i 2008 og 2012, vedtatt mål for klimapolitikken og tiltak for å nå måla[14]. Følgjande overordna mål er sette for klimapolitikken[15]:

- «Norge skal overoppfylle Kyoto-forpliktelsen med 10 prosentpoeng i første forpliktelsesperiode.
- Norge skal fram til 2020 påta seg en forpliktelse om å kutte de globale utslippene av klimagasser tilsvarende 30 prosent av Norges utslipp i 1990.
- Norge skal være karbonnøytralt i 2050.
- Som en del av en global og ambisiøs klimaavtale der også andre industriland

[14] Meld.St. 21 (2011–2012) Norsk Klimapolitikk. St.meld. nr. 24 (2006-2007) Norsk klimapolitikk
[15] Klima og miljødepartementet, Klimaforliket, Artikkel | Sist oppdatert: 28.11.2014

tar på seg store forpliktelser, skal Norge ha et forpliktende mål om karbonnøytralitet senest i 2030. Det innebærer at Norge skal sørge for utslippsreduksjoner tilsvarende norske utslipp i 2030.»

Aukra kommune ønsker å vera ein aktiv medspelar i dette arbeidet og vere ein pådrivar for at innbyggjarar, næringsdrivande og andre skal gjere miljøvenlege val.

Dei seinare åra har kommunen bygd gang- og sykkelvegar med veglys langs fylkes- og kommunevegar. Dette har vore ei bevisst satsing med omsyn til trafikktryggleik, tilrettelegging for forgjengarar og syklande og for å redusere bilbruk. Redusert bilbruk kan også nåast gjennom planlegging av korte avstandar mellom bustadområde og handels-, sørvis- og tenestetilbod. Arbeidet skal halde fram.

Aukra kommune har hatt høve til å fornye mykje bygningsmasse, og fleire nybygg er under planlegging. Energioptimalisering er viktig i planlegginga av nybygg og drift av eldre bygningsmasse. Kommunen har investert i ein energisentral som skal forsyne bygg i sentrum med fjernvarme basert på varmeveksling frå fjellbrønnar. Enkle og energieffektive forbetringar er alt gjennomført i bygg og i høve infrastruktur. Vidare effektivisering blir meir ressurskrevjande.

Sortering av avfall og gjenbruk bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Aukra kommune er med i Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonsselskap, RIR, og er godt nøgd med fagnivået og sørvisen til selskapet. Vedlikehald og vidareutvikling av høve for sorterings- og innsamling er viktig både for privathushald og bedrifter.

Berekraftig naturforvalting handlar om å forvalte naturen på ein slik måte at framtidige generasjonar og naturen sjølv får dekka sine behov. For sikker matforsyning i framtida er det viktig å ta vare på jordbruksareala i dag og ha tanke for kvar utviding kan skje utan for stor skade på naturmangfaldet.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal møte ei usikker klimaframtid med tiltak.*

**Slik gjer vi det:**
- I all fysisk planlegging og tilrettelegging skal kommunen legge vekt på å førebygge uhell, ulykker og uønska naturhendingar.
- Kommunen skal ha gode rutiner for informasjon og varsling.
- Utarbeide klima- og miljøplan.

**Slik vil vi ha det:**
*Utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport.*

**Slik gjer vi det:**
- Nye bustadfelt og utbyggingsområde skal lokaliserast i tilknyting til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Stimulere til at fleire går, syklar og nyttar kollektivtransport til arbeid, barnehage, skule og andre aktivitetar.
- Utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelvegar.
- Vidareutvikle kollektivtilbodet og haldeplassane i kommunen.
- Legge til rette for auka bruk av EL-bilar og andre miljøvennlege transportmiddel.

**Slik vil vi ha det:**
*Energibruken i kommunale bygg skal reduserast med i gjennomsnitt 15 %.*

**Slik gjer vi det:**

- Energioptimalisere og gjennomføre enøktiltak i kommunale bygg.
- Auke bruken av fornybar energi.
- Styrke kompetansen på energioptimalisering og enøktiltak i kommunen.
- Satse på energileiing og energioppfølging.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal arbeide for ei berekraftig*

*naturforvaltning og sikre biologisk mangfald.*

**Slik gjer vi det:**

- Auke kompetansen til tilsette i kommunen, og tilby informasjon og rådgjeving om berekraftig naturforvaltning.
- Stimulere til berekraftig næringsutvikling og miljøtiltak innan jord-, skog- og havbruk.
- Sikre viktige jordbruksareal og naturtypar i kommuneplanen sin arealdel.
- Synleggjere konsekvensar for naturmiljøet i alle plan- og utbyggingssaker.
- Motverke attgroing av kulturlandskapet, og utrydde framande artar i offentlege parkar og anlegg.

**Slik vil vi ha det:**
*Aukra kommune skal arbeide for auka gjenvinning og for at avfall frå hushald og næringsliv skal ikkje auke meir enn snittet for landet.*

**Slik gjer vi det:**

- Satse på haldningsskapande arbeid og god opplæring i alle barnehagar og skular.
- Tilby gode og lett tilgjengelege sorterings- og innsamlingspunkt.
- Gi god informasjon til innbyggarar om renovasjonsordninga i kommunen.
- Vidareutvikle kommunen si renovasjonsteneste for å sikre miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, transport, attvinning og slutthandsaming av avfall.
- Satse på større attvinning frå kommunale verksemder.

**Slik vil vi ha det:**

*Aukra kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og forståing om rett energibruk.*

**Slik gjer vi det:**

- Satse på klimaopplæring i barnehage og skule.
- Endre haldningar gjennom informasjon og rådgjeving.
- Samarbeide med næringslivet og utbyggjarar om å legge til rette for auka produksjon og bruk av fornybar energi.

**Føringar for vidare arbeid med arealdelen:**

- Vurdere areal for massetak og massedeponi.
- Lokalisering av framtidig bustadområde knytt til skular og anna infrastruktur.
- Legge til rette for fortetting i sentrum.
- Sikre gode gang- og sykkelvegløysingar.
- Sikre areal til gode kollektivtrafikkløysingar og eventuelle kollektivknutepunkt på Falkhytten og i Julsundet.
- Vurdere og sikre område som er viktige å oppretthalde/utvikle ut frå eigenverdi (biologisk mangfald, landskap, naturressurs) og som kjelde til friluftsliv.
- Kartlegge behov for sikring av vassdrag.
- Vurdere behov for føresegner knytt til energibruk i bygg.